



**Høgskulen
på Vestlandet**

MASTEROPPGÅVE

Tittel:

«Kva verdigrunnlag er rådande hjå dei som arbeidar i eit Housing First program?».

Title:

«What values are prevailing among those working in a Housing First program?».

Bodil Nesbø

Masterutdanning i Klinisk helse- og omsorgsvitskap

Høgskulen Stord/Haugesund, Høgskulen på Vestlandet,

Avd. Helsefag

Rettleiar: Christine Øye

01.06.2017

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, *jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 10.*

Housing First

«Kva verdigrunnlag er rådande hjå dei som arbeidar i eit Housing First program?»



Bilde nr. 1.

Masterutdanning i Klinisk helse- og omsorgsvitenskap (HELS-OPPG)

Høgskulen på Vestlandet, Stord/Haugesund

Avdeling Helsefag

Kull 2012

Ord: 31963

Masterstudent: Bodil Nesbø

Vegleiar: Christine Øye

Forord

Denne oppgåva har teke mykje lengre tid enn det som var planlagt. Men då eg fyst kom i gong og fekk ideen til kva eg skulle skriva om, gjekk det i nokså greit tempo. Ideen til oppgåva kom etter nokre samtalar med Frode Skorpen ved Høgskulen på Vestlandet (Stord), einingsleiar Diana Bergeland og leiar for busosialt team, Anna Bianka Bergh Nitter. Etter mykje att og fram enda det som eit delprosjekt til ei forskning som skal gjerast i kommunen på Housing First programmet.

I prosessen med oppgåveskrivinga har det vore svært mange oppturar og nedturar. Eg har fleire gongar vore på nippe til å kaste inn handkle. Men etter å ha snakka med vegleiar eller andre kring oppgåva, har eg klart å finne motivasjon til å forsetje med arbeidet.

Det har vore ein spennande og lærerik prosess, og eg har hatt mange gode støttespelarar som eg vil takka. Den fyrste er vegleiaren min Christine Øye (Stine), som tolmogig har venta på framdrift av oppgåva. Eg har opplevd å gå inn til ho med stor uvisse og mange usvara spørsmål, men eg har alltid gått ut frå vegleiiinga med ny giv og motivasjon til å fortsetje.

Eg vil og få takke alle dei gode kollegane mine som har støtta og motivert meg til å skriva denne oppgåva. Særleg takk til Ina og Bente som har gitt meg råd og rettleiing og støtte til å halda motet oppe. Ein stor takk går også til dei 6 informantane mine. Utan dei hadde det ikkje vorte noko oppgåve.

Til slutt vil eg takke den tolmogige familien min; Jarle, Linnèa, Chrisander og Jonathan. Dei har i lang, lang tid har gitt meg mogleiken til å arbeide med oppgåva og har tatt mykje av oppgåvene i huset siste tida. Eg set stor pris på alt de har gjort og er veldig glade i dykk!

No ser eg fram til ein nydeleg sommar, med ein ny kvardag kor fokuset er på familie, venner, trening og jobb, og det å kunne setje seg ned med ei god bok. Det ser eg verkeleg fram til!

Stord, 01. juni 2017

Bodil Nesbø

At man, naar det i Sandhed skal lykkes Een
at føre et Menneske hen til et bestemt Sted,
først og fremmest maa passe paa at finde ham

der,

hvor han er,

og begynde der.

Dette er Hemmeligheden i al Hjælpekunst.

Enhver, der ikke kan det,

han er selv i Indbildning

naar han mener at kunne hjælpe en Anden.

For i sannhed at kunne hjælpe en Anden,

maa jeg forstaae mer end han –

men dog vel først og fræmst forstaae

det han forstaaer.

Naar jeg ikke gjør det,

saa hjælper min Mereforstaaelse ham slet ikke.

(Kierkegaard ifølge Aakre & Biong 2012:80-81)

	Høgskulen på Vestlandet, campus Stord 01.juni 2017
Tittel: Kva verdigrunnlag er rådande for dei som arbeidar i eit Housing First Program?	
<p><i>Samandrag</i></p> <p>Bakgrunn: I 2012 vart 12 kommunar med i pilotprosjekt kring implementering av Housing First i Noreg. Husbanken har adoptert ordninga frå New York og «Pathway to Housing». I samband med Høgskulen på Vestlandet, campus Stord, skulle ein utføre ein studie kring to av desse prosjekta. I samband med dette vart eg spurt om eg ville forske på dei tilsette i Housing First programma sitt verdigrunnlag, for å sjå om det var i samsvar med metoden sitt verdigrunnlag.</p> <p>Hensikt: Hensikten med denne studien er å auke medviten rundt kva verdigrunnlag som er rådande hjå tilsette i Housing First program.</p> <p>Metode: Dette er en kvalitativ studie med eit hermeneutisk utgangspunkt. Ein har gjennomført individuelle intervju med 6 menneske som er tilsett i 2 ulike Housing First program på Vestlandet. Det vart brukt semi-strukturerte intervju.</p> <p>Resultat: Studia fann at det var særleg fire verdiar som vart rådande hjå dei som arbeidar i Housing First program. Det er verdiane respekt, toleranse, likeverd og verdigheit.</p> <p>Oppsummering/konklusjon: Det er verdiane respekt, toleranse, likeverd og verdigheit som er rådande hjå dei som arbeidar i eit Housing First program. Dette er i samsvar med dei verdiane som er sentrale i Housing First metoden.</p> <p>Nøkkelord: Verdier, ethos, housing first, values</p>	

	Høgskulen på Vestlandet, campus Stord 01 of june 2017
Title: What values are prevailing among those working in a Housing First program?	
<p><i>Abstract</i></p> <p>Background: In 2012 12 municipalities joined the pilot program of implementation of Housing First in Norway. Husbankens adopted the method from New York and «Pathway to Housing.» Stord Kommune, together with the Høgskulen på Vestlandet, campus Stord, was to perform a study about two of these projects. In this connection. As a part of this study, I was asked if I could explore the values of the employees, to see if they were consistent with the values of the methods.</p> <p>Purpose: The purpose of this study is to raise awareness about what values that are prevalent among employees in Housing First program.</p> <p>Methods: This is a qualitative study with a hermenutic starting point. It has carried individual interviews with six people who are working in 2 different Housing First program on the west coast of Norway. It is used semi-structured” interviews.</p> <p>Result: The study are discovering that it was in particular four values that prevailed among those who work in the Housing First programs. That’s values of respect, tolerance, equality and dignity.</p> <p>Conclusions: It’s the values of respect, tolerance, equality and dignity that is prevalent among those who work in a Housing First program. This is consistent with the values that are important in the Housing First model.</p> <p>Keywords: Values, ethos, housing first</p>	

Innhald

Forord	iii
Samandrag	v
Abstract	vi
Innhald	vii
Oversikt over bilete, figurar, tabellar og vedlegg	ix
1.0 Innleiing.....	1
1.1 Bakgrunn for prosjektet og temaet sin aktualitet	1
1.2 Presentasjon av problemstilling	2
1.3 Avgrensing.....	2
1.4 Klargjering av omgrep.....	2
1.4.1 Verdier	3
1.4.2 Handling.....	4
1.4.3 Definisjonar.....	5
1.4.4 Synonyme omgrep	5
1.5 Temaet si aktualitet og kliniske forankring	5
1.5.1 Housing First programmet	7
1.6 Oppgåva si oppbygging	12
2.0 Teoretisk bakgrunn	13
2.1 Omsorgsvitenskaplege omgrep	13
2.1.1 Ethos	13
2.1.2 Omsorg.....	14
2.1.3 Verdighet	17
2.2 Presentasjon av relevant forskning	19
3.0 Metode	22
3.1 Vitenskapleg ståstad	22
3.2 Val av metode.....	25
3.2.1 Fenomenologisk-hermeneutisk metode	25
3.3 Før-forståing	27
3.3.1 Mi før-forståing kring tema	28
3.4 Metodisk framgangsmåte og gjennomføring.....	29
3.5 Semi-strukturert intervju.....	30
3.5.1 Utval.....	32
3.5.2 Førebuing og gjennomføring av intervju	32

3.6 Analyse	33
3.6.1 Transkribering	35
3.7 Etske omsyn	35
3.8 Forskingskvalitet	37
4.0 Funn	39
4.1 Å etablere ein relasjon	41
4.2 Housing First tilsette sitt verdigrunnlag (ethos)	42
4.2.1 Respekt	42
4.2.1.1 Å lytte	43
4.2.1.2 Å vise tolmod	44
4.2.2 Toleranse	44
4.2.2.1 Å ikkje dømme	45
4.2.3 Likeverd	45
4.2.3.1 Å involvere	46
4.2.3.2 Å gje tilbod om val	46
4.2.3.3 Å medverke	47
4.2.4 Verdighet	48
4.2.4.1 Å ha interesse for andre menneske	48
4.2.4.2 Å gje omsorg/sørgje for andre	49
5.0 Drøfting	51
5.1 Omsorgsvitenskap og verdigrunnlaget	51
5.2 Housing First sitt verdigrunnlag	56
5.3 Utdringar i Housing First	61
5.4 Verdigrunnlaget i handlingsrommet	67
5.5 Metoderefleksjon	75
6.0 Avslutning	78
Referanseliste	79
Vedlegg	86
Informasjonsskriv	86
Samtykkeerklæring	87
Intervjuguide	88
Godkjenning frå NSD	89
Analysetrådar	92

Oversikt over bilete, figurar, tabellar og vedlegg

Bilete

- Bilete nr. 1: Housing First. (framsida)
Henta frå: http://www.thinkupstream.net/journey_home
- Bilete nr. 2: Busetjing via Housing First. s. 7
Henta frå:
http://www.michelelancione.eu/wp-content/uploads/downloads/2017/03/Housing-First_Lancione.pdf
- Bilete nr. 3: Ulike former for omsorg. Henta frå: Kari Martinsen (2003:74) s. 16
- Bilete nr. 4: Omgrepsmessigmodell for verdigheit. s. 18
Henta frå: Eriksson & Lindström (2003:126)
- Bilete nr. 5: Hermeneutisk spiral. Henta frå: Olsson & Sørensen (2008:107) s. 23
- Bilete nr. 6: Induktiv og deduktiv tilnærming. Henta frå: Olsson & Sørensen (2008:38) s. 30

Figurar

- Figur 1: Aadland (1998) sin modell for korleis våre verdiar påverkar våre handlingar s. 4

Tabellar

- Tabell 1: Utdrag for dataanalysetabell s. 40/41

Vedlegg

- Vedlegg 1: Informasjonsskriv s. 86
- Vedlegg 2: Samtykkeerklæring s. 87
- Vedlegg 3: Intervjuguide s. 88
- Vedlegg 4: Godkjenning frå NSD s. 90
- Vedlegg 5: Analysetrådar s. 92

1.0 Innleiing

Denne masteroppgåva i klinisk helse og omsorgsvitskap, er ei undersøking av kva verdigrunnlag som er rådande hjå dei som arbeidar i eit Housing First program.

1.1 Bakgrunn for prosjektet og temaet sin aktualitet

Housing First metoden vart utarbeidd av den frivillige organisasjonen «Pathways to Housing», som vart etablert i New York av psykiateren Sam Tsemberis i 1992. Housing First metoden tek sikte på å hjelpe bustadlause med rusmiddelmissbruk og psykiske lidningar til å etablere seg i eigen bustad. Dei mest sentrale prinsippa i Housing First metoden er: deltakarstyring, sjølvstendige bustadar spreidd i ordinære bumiljø, skilje mellom bustad og tenester, fylgje opp deltakaren så lenge det er behov for det og legge til rette for recovery (Tsemberis, 2010).

Då ein i 2012 hadde 6259 registrerte bustadlause personar i Noreg, kor 1/3 hadde rusavhengnad og 37% hadde psykiske lidningar, hadde ein behov for å utvikle nye verksame metodar for å busetje langvarig bustadlause med rus og psykiske helsevanskar. Husbanken retta søkjelyset mot Housing First metoden og Rambøll fekk i 2012 i oppdrag å utgreie mogleikar og hindringar for implementering i Noreg. Konklusjonen var at det var gode mogleikar for bruk av metoden i Noreg. Husbanken søkte så etter pilot kommunar til Housing First prosjekt og kommunen eg arbeidar for fekk vere med som ein av 12 kommunar. Målet med prosjekta var å gje bustadtilbod til menneske med alvorleg rusmiddelmissbruk og/eller psykiske helsevanskar, som ikkje klarar å nytte seg av det etablerte tilbodet i kommunen. Prosjektperioden var frå 2013-2016 (Husbanken, 2012).

På grunn av ulike utfordringar ved at metoden vart henta frå New York og det at det i Noreg er snakk om mindre vestlandskommunar, vart det inngått ein avtale om forskning på prosjektet via Høgskulen på Vestlandet, campus Stord. Ein ynskja å få kunnskap om korleis deltakarane opplev Housing First metoden og om dei har fått eit betre og meir verdig liv ved hjelp av metoden. I tillegg ynskja ein å få vite korleis dei tilsette opplev arbeidet og kva dei meina er kan fremje verdigheit. Ut frå denne forskinga til Høgskulen på Vestlandet kom ein, i samråd med leiinga, fram til at ein også ynskja å sjå på kva verdigrunnlag dei tilsette i eit Housing First program har.

1.2 Presentasjon av problemstilling

For å finne ut kva dei tilsette meina kan fremje verdigheit, meina eg at det er naudsynt å finne ut kva dei tilsette står for og kva verdiar som ligg til grunn i dei.

Studiet har difor valt problemstillinga:

«Kva verdigrunnlag er rådande hjå dei som arbeidar i eit Housing First program?»

For å kunne få fram verdiane til dei tilsette, ville eg også sjå på kva utfordringa som er knytt til arbeidet med Housing First.

Forskingsspørsmålet er difor:

- Kva utfordringar opplev dei tilsette i Housing First arbeidet?

1.3 Avgrensing

Eg ynskjer å få fram kva verdiar som er rådande hjå dei som arbeidar innanfor eit Housing First program og diskutere dette opp mot klinisk omsorgsteori og omsorgsfilosofi. Eg har teke utgangspunkt i nokre omsorgsvitenskaplege omgrep blant anna ethos og verdigheit, samt sett verdiane i lys av blant anna Kari Martinsen sin omsorgsfilosofi. I tillegg vil eg sjå om verdiane som er rådande står i samsvar med dei verdiane som står sentralt innanfor Housing First metoden. Til slutt ynskjer eg å sjå litt på nokre utfordringar og etiske dilemma ein kan møte på i dette arbeidet, samt korleis dei ulike handlingane, kor verdiane kjem til syne, kan vise seg i handlingsrommet mellom dei tilsette og deltakarane innanfor Housing First programma.

1.4 Klargjering av omgrep

Eg ynskjer å klargjere omgrepa verdiar og handling, då desse er tett knytt saman til oppgåva si problemstilling. I tillegg vil eg samle nokre definisjonar, samt seie litt om kva synonym eg brukar i oppgåva for å få eit meir variert språk.

1.4.1 Verdier

Verdier er noko som er grunnleggande verdifullt for oss menneske. Ein kan seie at verdier er dei stjernene ein styrer livet sitt etter. Det handlar om alt det me ynskjer å ta vare på, arbeide for, eller verne om. Verdiane har tyding for kvar og ein av oss og fortel oss kva som er moralsk rett. Eit eksempel på moralske verdier kan vere: tillit, rettferd, ærlegdom og solidaritet. Verdiane vert også ein vegvisar for handlingar me skal utføre, dei vurderingar me skal gjere og de haldningane me skal innta. Dei styrer vala og slutningane våre, og avgjer kva me syns er rett, galt, godt, vondt, vakkert eller stygt. Verdier opptreer ulikt og kan vere situasjonsbestemte. De kan vere knytt til ein tilstand som lykke og likskap, ei handling som ærlegdom eller rettferd, eller ein relasjon som omsorg, tillit, tryggleik og respekt (Aadland, 1998). Ein skil mellom opne og skjulte verdier. Opne verdier er verdier som er ynskja, medvitne og lette å innsjå og formulere. Det er gjerna dei verdiane me brukar som rettesnor for liva våre, og som me ynskjer skal styre både tankane våre og handlingane våre. Skjulte verdier er verdier som me kjenner til at me har, men som me ikkje ynskjer å vedkjenne oss. Desse verdiane kjem ofte i konflikt med dei opne og uttalte verdiane når ein lyt prioritere i ting som er verdifulle for oss (Aadland, 1998).

Verdier vert definert som ei klar haldning eller oppfatning som me har om korleis noko bør vere på visse område. I følge Thomassen (2006) dreiar verdier seg om kva me verdsett. Det er våre oppfatningar av kva som er godt eller vondt, verdifullt eller uønskt. Verdier vert ofte danna ut frå haldningane våre knytt til politiske, religiøse og filosofiske spørsmål. Det er noko som er viktig for oss.


Verdiane bestemmer kva haldningar me har til ulike ting. Dei endrar seg difor sjeldnare enn haldningane våre. Verdiane våre styrer vårt syn på andre menneske og på oss sjølv, om det er eit medviten menneske syn eller ikkje, kjem ofte til syne i møte med andre.

Ein verdi er alltid ein verdi for nokon. Det er noko vi står i ein relasjon til. Kva verdier ein har varierer frå person til person. Noko som er verdifullt for ein, treng ikkje vere verdifullt for andre. Nokre verdier har likevel ein allmennmenneskeleg karakter, og ein kan, innanfor ulike grupper, ha mange verdier til felles. Dette er ofte tilfelle for ulike yrkesgruppe. Fleire yrkesgrupper har utarbeida yrkesetiske retningslinjer, som seier noko om haldningar og korleis ein skal opptre når ein utøver eit yrke i ulike samarbeidsforhold. Retningslinjene er handlingsregulerande og skal sikre at ein har eit felles verdigrunnlag å arbeide ut i frå (Eide & Skorstad, 2013).

Verdiar spelar ei sentral rolle i etisk refleksjon. Det er verdigrunnlaget som på mange måtar står for det konstante når ein skal reflektere over kva som er rett å gjere i konkrete situasjonar. Verdigrunnlaget vårt vert bakteppe for refleksjonane våre (Lingås, 2013).

Verdiar heng saman med haldningar, men er meir omfattande og grunnleggande for oss.

Modellen nedanfor viser prosessen frå verdiar og til handling. Det vil seie korleis våre verdiar påverkar våre haldningar, og korleis dei viser seg gjennom våre handlingar (Aadland, 1998).



Figur nr 1: Modell for korleis våre verdiar påverkar våre handlingar (Aadland, 1998)

1.4.2 Handling

«Handling» er eit tvitydig omgrep som kan definerast på ulikt vis. I kvardagsspråket har omgrepet ei generell bruk som teiknar utføringa av blant anna ei gjerning eller prosess. Det indikerer at det står ei medviten vilje bak. Ei handling har alltid eit formål. Folk handlar for å oppnå noko dei betraktar som eit gode, ein verdi. Handlingane våre kan vurderast opp mot verdiane våre. Når ein ser på handlingar knytt opp til verdiane våre får ein ei etisk vurdering. Etikk er eit sett av normer og prinsipp som vert brukt til å vegleia menneske og deira handlingar. I etiske vurderingar ser ein på den personen som utfører handlinga og på den situasjonen den vert utført i, i tillegg til sjølve handlinga (Eide & Skorstad, 2013).

Handling er noko som skjer direkte mellom menneske. Det utspelar seg i mellommenneskelege relasjonar, eller i samhandling med andre menneske, men på ein ny måte. Å handla vil seie at ein set noko nytt inn i verda, noko til då usett og ugjort. Handlinga set i rørsle ei kjedereaksjon som bere har eit identifiserbart startpunkt, men ikkje noko bestemt eller føreseieleg endepunkt. Ei handling vert sett ut i livet og påverkar allereie utførte handlingar (Vetlesen, 2011).

1.4.3 Definisjonar

I denne oppgåva er det brukt ulike omgrep som trengst ei avklaring. Dette er det eg legg i dei ulike omgrepa:

- Rop-liding: Rop-liding er personar med kombinert rus og psykisk liding. Ein person med ei ROP-liding, kan ha ein alvorleg eller mindre alvorleg psykisk liding i kombinasjon med ein alvorleg eller mindre alvorleg rusliding (Helsedirektoratet, 2012).

- Etske dilemma: Eit etske dilemma er ein vallsituasjon kor ein opplev at ein må gå på akkord med verdiar og normer ein er moralsk forplikta av. I slike situasjonar finns det gode moralske innvendingar mot eit kvart handlingsalternativ (Eide & Skorstad, 2013).

- Trugslar: Trugslar er verbale angrep eller handlingar som tek sikte på å skade eller skremme ein person (Arbeidstilsynet, 2009).

- Vald: Vald er alle handlingar som har til hensikt å føre til fysisk eller psykisk skade på ein person. Dersom ein opplev utagerande handlingar kor det vert utøvd stort skadeverk på inventar og utstyr, vert også definert som vald (Arbeidstilsynet, 2009).

- Handlingsrommet: Eg har ikkje lukkast i å finne ein definisjon på handlingsrommet i litteraturen. Eg har difor lagt til grunn kva eg meina med omgrepet. Med handlingsrommet meina eg det rommet kor samhandlinga mellom deltakarane og dei tilsette skjer.

1.4.4 Synonyme omgrep

Gjennom heile forskingsoppgåva vekslar eg på å bruke synonymt informantar og dei tilsette når eg omtalar personalet i Housing First programma. I høve til deltakarane i programmet vert dei omtala som både brukarar og deltakarar. Det vert også referert til både rusavhengige, vanskelegstilte og til personar med Rop-liding. Vidare bruka eg både forskning, undersøking og studie i oppgåva. I høve til det materialet som eg fekk inn i intervjuar nyttar eg synonyma datamaterialet og empirien min. Bakgrunnen for at eg nyttar ulike omgrep er for å få til eit meir variert og livleg språk i oppgåva.

1.5 Temaet si aktualitet og kliniske forankring

For å få innspel til korleis sentrale oppgåver i den sosiale bustadpolitikken burde løysast, sette regjeringa i 2010 ned eit offentleg utval. Utvalet konkluderte med at ca. 150 000 personar i

Noreg ikkje får den hjelpa dei treng for å dekkje eit av basisbehova sine – nemleg det å bu godt og trygt. Utvalet sitt arbeid resulterte i tilrådingar om tiltak for å betre situasjonen for vanskelegstilte på bustadmarknaden, og det vart skriva ein NOU-rapport 2011:15: Rom for alle. Å ha ein stad å bu er ei føresetnad for utdanning, arbeid, helse og samfunnsdeltaking. I den sosiale bustadpolitikken er den største utfordringa i dag at langt frå alle bur trygt og godt. For enkelte er ikkje tilgang til bustadar tilstrekkeleg og eit tilbod av tenester vil vere naudsynt for å kunne bu (NOU 2011:15).

Ein anna rapport som tek føre seg den nasjonale strategien for det bustadsosiale arbeidet er «Bolig for velferd (2014–2020)». Denne rapporten stakar ut kursen for det bustadsosiale arbeidet fram mot 2020. Føremålet med rapporten er at kommunen skal kunne ta del i samordna, lokale og nasjonale statlege tiltak og sørgje for betre rammevilkår i arbeidet med å hjelpe vanskelegstilte på bustadmarknaden. Det vart understreka kor viktig det er med eit tverrfagleg og samordna samarbeid (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014). Regjeringa sat seg tre nasjonale mål for det bustadsosiale arbeidet i denne rapporten;

1. Alle skal ha ein god stad å bu
2. Alle som treng tenester, skal få hjelp til å meistre butilhøvet
3. Den offentlege innsatsen skal vere effektiv og heilskapleg.

Housing First vert nemnt som døme på ein tverrfagleg metode for bustad- og oppfylgingstiltak for dei mest vanskelegstilte under mål nummer to (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014).

Regjeringa si ruspolitiske satsing er spegla i opptrappingsplanen for rusfeltet, Prop. 15 S (2016–2020). Denne har fokus på å forbetra og forsterka, tverrsektoriell og samordna innsats ovanfor personar med alvorleg rusavhengnad, samt deira pårørande. Eit av dei fem hovudmåla i planen er at ein legg vekt på at tenestene skal sikre reell brukarinnflyting gjennom fritt behandlingsval, fleire brukarstyrte løysingar og sterkare medverknad ved utforming av tenestetilbodet. Dette er samanfallande med prinsippa i Housing First. Det framkom av planen ein tydeleg tilråding om at regjeringa skal bidra til at fleire kommunar kan oppretta butilbod basert på prinsippa for Housing First (Helse- og omsorgsdepartementet 2016)

Housing First er ein nokså ny metode i Noreg. Det har vore forska mykje på Housing First i USA, Canada og fleire europeiske land. Det finns vitenskaplege bevis på at metoden fungera (Husbanken, 2016). Resultata viser mellom anna at når programmet vert gjennomført på rett

måte og med dei rette oppfylgningstenestene, kan ein vente at ca. 85 prosent eller fleire av deltakarane vil verte busett og kan halde på bustaden (Husbanken, 2013). Noreg har satsa på området og har sidan 2012 hatt pilotkommunar som har arbeida med Housing First prosjekt. I 2016 hadde 18 kommunar starta Housing First program og ein reknar med at over 200 deltakarar er med i Housing First program rundt omkring i Noreg (Husbanken, 2016). Det er stadig fleire som startar opp med Housing First program, då Husbanken fortsett å satsa på området og ein ser at ein slik metode har effekt.

1.5.1 Housing First programmet

Housing First er ein metode for varig busetting av bustadlause med rusmiddelavhengnad og/eller psykiske helsevanskar. Metoden byggjer på prinsippet om at bustad er ein grunnleggande menneskerett og at deltakaren skal ha ei reell medbestemming knytt til val av bustad og kva ein ynskjer av oppfylgning (Husbanken, 2016).

Metodikken kjem opphavleg frå USA, men har spreidd seg til mange land i Europa og andre deler av verda. Den har vorte prøvd ut både i Danmark, Sverige og Finland, med gode resultat. Fyrst i 2012 vart den utprøvd i Noreg. Då starta dei fyrste prosjekta opp i pilotkommunane.

Housing First metoden er ein kunnskapsbasert metode, som vart utvikla av Sam Tsemberis og hans hjelpeorganisasjon «Pathways to Housing» i New York på 1990-talet. Metoden kom som eit motsvar på trappetrinnsmodellen, kor bustadlause måtte gjennom butrening, rehabilitering og/eller behandling før dei i det heile tatt vart vurdert for tildeling av eigen bustad. Housing First startar i andre enden og arbeider etter prinsippet om at bustad er eit grunnleggjande behov som må vere dekkja før ein kan ta fatt på meir komplekse prosessar som behandling og rehabilitering. Metoden tar sikte på fyrst å finna ein god og eigna bustad, for deretter å gje oppfylgning etter deltakaren sitt eige ynskje og behov.



Bilete nr. 2: Busetting via Housing First kontra tradisjonell busetting (Lancione, 2017).

Metoden byggjer på ein evidens om at personar med omfattande tenestebehov kan oppnå bustabilitet med sosial støtte og tett individuell oppfølging. Fleire undersøkingar i USA viser at denne måten å arbeide på har god effekt. 85 prosent av deltakarane som er med i Housing First vert buande i bustadane dei får via prosjektet. I tillegg vert rusmiddelmissbruk og kriminalitet redusert, samtidig som livskvaliteten aukar (Husbanken, 2013).

Metoden har henta inspirasjon frå sentrale utviklingstrekk innan helsefeltet rus og psykisk helse som deinstitutionalisering, normalisering, brukarmedverknad og recovery. Den byggjer delvis på fagideologiske idear knytt til skadereduksjon, rehabilitering og sosial inkludering.

Housing First har som overordna mål å få slutt på bustadløysa og å støtte betringsprosessen for personar med samansette behov. Ein vektlegg å møte deltakaren med varme og respekt, og har fokus på at deltakaren opplev stor grad av påverknad og valfridom.

Individuelle oppfølging er ein føresetnad i Housing First arbeidet. Deltakaren sitt behov for heilskapleg hjelp og oppfølging er særleg sentral i Housing First arbeidet. Sjølv om prinsippet om at bustaden kjem fyrst, betyr ikkje dette at ein skal overstyre alle andre tenester deltakaren har behov for. Det skal tvert i mot vere fokus på å skape heilskaplege tenester rundt den enkelte deltakar, og den individuelle hjelpa er ofte ein føresetnad for at deltakaren klarar å meistre livet i eigen bustad. Ein rettar innsatsen mot å styrke deltakaren sin livssituasjon på ulike livsområde som blant anna bustad, nettverk, helse, rusvanskar, økonomi, utdanning og arbeid.

I følgje Tsemberis (2010) er Housing First bygd opp av ein del hovudprinsipp, som utgjer verdigrunnlaget til metoden. Dei grunnleggjande prinsippa er utforma for å sikre at alle tenestene i programmet kan fremja betringsprosessen (recovery). Verdigrunnlaget er som følgjer:

1. Bustad som menneskerett

Bustad er ein grunnleggjande rett for alle. I Housing First metoden er ikkje bustad eit privilegium som ein må gjere seg fortent til slik som ved andre trappemodellar (som krev behandling/oppfølging før ein kan få ein bustad). Bustaden skal verte tildelt utan vilkår om å kunne meistre butilhøvet sjølvstendig, eller krav om butrening eller rehabilitering. Innan omgrepet «bustad» ligg det ein varig og fullverdig bustad som dekkjer alle naudsynte funksjonar for å bu, som vert leigd ut med standard husleigekontrakt og som oppfyll husleigelova sine hovudbestemmingar om leigetid (Tsemberis, 2010).

2. Respekt, varme og medkjensle for alle deltakarane

Metoden er basert på ei positiv menneskeleg forståing, der varme, medkjensle og respekt ligg til grunn for all kommunikasjon med deltakarane. Desse kvalitetane vert sjeldan dokumenterte, men er i realiteten sjølve kjerna innanfor Housing First (Husbanken, 2016). Tsemberis (2010) vektlegg at deltakarane skal verte møtt med respekt og medkjensle, og på eigne premisser på eigne arenaer. Dette handlar om korleis tenesteytarane møter deltakaren, kva språk dei brukar, kva signal dei sender og om kor vidt dei tar seg tid til å lytte til kva deltakarane eigentleg seier. Housing First metoden byggjer på empowerment-prinsippet (myndiggjering). Ein myndiggjerande praksis inneber ei forståingsramme kor ein tar avgjersler saman med, og ikkje for – deltakaren (Tsemberis, 2010).

3. Integrering og spreidd busetjing

Ein hovudregel i Housing First programmet er at det skal vere maksimalt 20 % vanskelegstilte i eit nærmiljø. Housing First bustadar skal ikkje liggje saman med andre bustadar for vanskelegstilte med rus- og psykiatrivanskar. Housing First programma hjelper deltakarane med å leige bustadar frå det private markedet eller frå det kommunale. Busetjinga tek omsyn til deltakarane sine preferansar, som til dømes kva område dei ynskjer å bu i (Husbanken, 2016). Bustadane skal vere i god stand og ha vanlege møblar og naudsynt utstyr. Det skal leggjast til rette for at deltakaren får mogleik til å innreie bustaden etter eige ynskje og behov (Tsemberis, 2010).

4. Skilje mellom bustad og tenester

Housing First programmet tek sikte på å integrere og inkludere deltakarane i samfunnet. Tenestene som vert gjevne er ikkje plasserte i bustaden eller på staden, men dei føl deltakaren. Dersom ein deltakar vert kasta ut ein bustad, skal han/ho likevel ha tenestene. Housing First programmet sine tenester fylgjer deltakaren og ikkje bustaden (Husbanken, 2016). Housing First skil seg frå andre tradisjonelle bustad program, kor ein ofte må følgje ein trappetrinnsmodell før ein får tildelt bustad. Det vil seie at ein må ha gjennomført behandling før ein eventuelt får tildelt ein eigen bustad. Housing First har fokus på at bustaden skal tildelast først, og den skal også verte tildelt utan at det er ei plikt til å ta imot oppfylging og andre tenester. Deltakaren sin valfridom står også sterkt her. På tross av dette har likevel Housing First programmet ein føresetnad om at dei ansvarlege for programmet skal ha tilgang til bustaden ein gong per veke. Når ein deltakar klarer seg sjølv, skal tenesta gradvis fasast ut til den ikkje lenger er aktuell. Deltakaren kan derimot fortsetje å bu i bustaden med same leigekontrakt. Housing First har vanlegvis avtaler om oppfylging i ein 3-årsperiode, men ein kan forlengje oppfylginga dersom det er behov for det (Tsemberis, 2010).

5. Deltakarstyrte val/valfridom

Det å delta i Housing First skal vere eit val tatt av den enkelte sjølv. Den bustadlause skal i størst mogleg grad kunne velje bydel/buområde, og individuell bustad i eit vanleg bumiljø skal kunne vere eit val. Bustadar i belasta miljø med stor grad av vanskelegstilte er i utgangspunktet ikkje hensiktsmessig innanfor Housing First metoden. Det vil kunne bety at ein del av kommunen sine bustadar ikkje er aktuelle i eit Housing First tiltak. Alternativt kan ein hjelpe den bustadlause å leige privat bustad eller kommunen kan leige inn/framleige ein privat bustad. I kva grad tiltaket oppnår å gje tryggleik for utleigar om at bustaden vert tatt vare på, vil vere avgjerande for tilgangen på den private leigemarknaden.

6. Forpliking til å følgje deltakaren opp så lenge det er behov

I følgje Husbanken (2016) har dei fleste deltakarane, som får hjelp innan Housing First programma, ein bakgrunn prega av langvarig isolasjon og bruka av mange ulike tenesteytarar. Når ein vert teken opp i eit Housing First program skal dei tilsette formidle eit budskap om at dei ynskjer å satse på deltakaren og følgje han/ho opp så lenge han/ho har behov for det. Det er særleg viktig å vise dette i periodar kor deltakaren til dømes er innlagt, fengsla eller har mista bustaden sin på nytt att (Husbanken, 2016).

7. Fokus på betringsprosessen («Recovery»)

Housing First metoden har fokus på deltakaren si helse gjennom å tilby omfattande rehabiliteringstenester, behandling og oppfølging i bustadsituasjonen. Tilbod om ulike helsefremjande aktivitetar, kurstilbod og sosiale aktivitetar, eventuelt arbeidstrening, kan vere aktuelt. Å arbeide med betringsprosessar (recovery) er ein av hjørnesteinane til Housing First metoden.

I følgje Husbanken (2016) er ikkje målet med Housing First berre å få slutt på bustadløyse. Men det skal også støtte betringsprosessen og sikre inkludering for menneske som altfor lenge har stått utanfor samfunnet. Recovery (betringsprosessar som det vert kalla på norsk) er eit omgrep som vert nytta på fleire ulike måtar. Innan Housing First metodikken vert recovery definert som ein prosess som gjer menneske i stand til å leva, jobba, læra og delta fullt ut i samfunnet. Recovery startar med deltakaren sine val og egne avgjersler. Deltakaren sin plan er ikkje bestemt gjennom klinisk vurdering i denne metoden, men vert bestemt på bakgrunn av deltakaren sine egne behandlingsmål. Tilnærminga hjelper deltakaren til å halde seg

motivert og engasjert saman med teamet som jobbar i samarbeid med han eller ho (Tsemberis, 2010).

Målet med recovery er å finna deltakaren sine egne ressursar når det gjeld å finna meiningsfylt aktivitet, det å få jobb, auke det sosiale nettverket, samt løyse økonomiske og bustadmessige behov for å auke livskvaliteten og sjølvkjensla (Helsedirektoratet, 2012).

Innan Housing First vert recovery beskrive som ei haldning som fremjar håp og tru på mogleikar for at den enkelte kan leva eit meiningsfullt og tilfredsstillande liv, utifrå sine føresetnader. Den individuelle betringsprosessen er personleg og unik, men samstundes også avhengig av grunnleggande forhold i livet, som butilhøve, nærmiljø, arbeidsmogleikar og sosiale tilhøve. Recovery-orientert praksis vektlegg denne haldninga og rettar merksemda mot det som er viktig for den enkelte, korleis kriser og problem kan handterast, og kva som aukar mogleikane for å oppleva meistring (Helsedirektoratet, 2012).

Ein grunnleggande haldning i tanken bak recovery, i følgje Tsemberis (2010), er at me alle er ein del av den same menneskeheita. Me har alle dei same rettane, me har ressursar, kompetanse og vekstpotensiale. Det handlar om å jakta på ressursar i seg sjølv, dette kan og skje saman med andre som vener, familie, kollegaer eller fagpersonar. Det handlar om å byggja håp om eit betre liv og å finna fram til omgjevnadar som gjev næring og styrkjer den psykiske helsa og trua på ei meiningsfull framtid.

8. Skadereduksjon

Housing First satsar på skadereduksjon i arbeidet med deltakarane og deira problem knytt til rusmiddelbruk og psykiske helse. I Skadereduksjon legg ein vekt på å redusere negative konsekvensar knytt til skadeleg åtferd, som til dømes rusmiddelbruk. Det omfattar også handtering av potensielle skadelege psykiske symptom som kan føre til innleggingar. Eit slikt utgangspunkt gjer det mogleg å starte prosessen der kor deltakaren er, og ein kan hjelpe dei med å få kontroll over den skadelege åtferda.

Metoden føreset ikkje at ein skal oppnå opphøyr av rusmiddelbruk eller psykiske helsevanskar, men tek sikte på rehabilitering og skadereduksjon. Oppfylgingsarbeidet har også fokus på at deltakaren skal unngå åtferd som kan føre til negative konsekvensar. Dette kan for eksempel gjelde bråk og/eller unnlating av å betale husleige, som kan føre til utkastning. Det er viktig å gjere deltakaren medviten om kva konsekvensar som kan komme av ulike typar oppførsel eller handlemåtar (Tsemberis, 2010). Skadereduksjon har som mål å reduserer farane ved helseskadeleg og risikofylt åtferd. Å arbeide skadereduserande krevst

handlekraft og kreativitet, då det ikkje finst ein strategi for korleis ein skal arbeide med skadereduksjon (Husbanken, 2016).

1.6 Oppgåva si oppbygging

Dette dokumentet skal gje ei utdjupande utgreiing for kva teori og metode som vart brukt i studia. Masteroppgåva er ei kvalitativ studie og den består av seks kapittel:

- Kapittel 1 startar med innleiing. Her skriv eg om bakgrunn for val av tema og problemstilling, definisjon av sentrale omgrep, samt aktualiteten til temaet.
- I kapittel 2 vert den teoretisk bakgrunn presentert. Teori om sentrale omsorgsvitenskaplege omgrep vert presentert, i tillegg til at det vert gjort greie for relevant forskning.
- I kapittel 3 vert metoden presentert. Her skildrar eg kva metode eg har brukt for å kunne gjennomføre denne forskinga, og korleis eg har arbeida gjennom heile prosessen.
- I kapittel 4 er det presentasjon av funn. Her vert resultata frå analysen framstilt i fleire kategoriar som gjev eit bilete av kva verdisyn som er rådande hjå tilsette i Housing First programma.
- Kapittel 5 er diskusjonskapittelet. Her kjem det ei drøfting kor eg ser datamaterialet i samanheng med problemstillinga, det teoretiske rammeverket og avgrensinga gjort i starten av oppgåva.
- I kapittel 6 vert masteroppgåva avslutta med ein avsluttande kommentar om det ein har kome fram til i forskinga.

2.0 Teoretisk bakgrunn

I dette kapittelet vil eg gjere greie for masteroppgåva sitt teoretiske perspektiv. Dette inneber teori, som saman med den kontekstuelle teorien, vil vere som ei plattform for min forskning, og danne utgangspunkt for drøfting av dei funna eg har gjort. Mitt vitenskaplege ståstad spring ut frå eit omsorgsvitenskapleg perspektiv, og eg har valt å presentere teori som står sentralt innanfor omsorgsvitenskapen.

2.1 Omsorgsvitenskaplege omgrep

Eriksson i Gustin & Bergbom (2012) meina at me menneske lever i ei verd bygd opp kring omgrep, ord og språk. Me treng omgrep for å kunne forstå den verda me lev i, for å gje ting meining og for å skape føreseiingar for å gripe inn i og endre røynda. Omgrep synleggjer substansen i og kva som ligg i ordet omsorg. Omgrepsutviklinga har difor stor tyding for utviklinga av ei autonom omsorgsvitenskap og dermed også for sjølve omsorga.

2.1.1 Ethos

Ethos stammer frå gresk og vert rett oversett til skikk, karakter. I dette omgrepet ligg moralhaldning, karakter, personlegdom og kulturelt særpreg. Det har vidare fått tydinga grunnverdi, og med det meina ein at det er mennesket si inste kjerne (Eriksson & Lindström, 2003). Ethos avspeglar den rådande verdirangordninga, og kan tolkast som ein toneart eller ein melodi som opnar oss for det evige og heilage. Ethos inneheld tanken om eit fellesskap og vernar om menneske sin verdigheit.

I følgje Grue (2017) vert ethos, i det daglege, brukt om ein person si moraloppfatning, moralske vilje eller livshaldning. Aristoteles knytt tre eigenskapar til ordet ethos: Areté (moralisk kvalitet), phronesis (sunn fornuft) og eunoia (velvilje). Ein person som innehar desse eigenskapane, vil gjere eit godt inntrykk på menneska rundt seg. Kva ein legg i desse eigenskapane vil naturleg nok variere med kontekst. Sunn fornuft er ikkje gitt uavhengig av kulturell og sosial samanhengar. I møte med menneske har det stor tyding at omsorgsytaren ser det som er, den verkelege røynda. Det universelle i teorikjerna hjelper oss å søke det absolutte og det unike i den enkelte situasjonen (Grue, 2017).

I følgje Arman & Rehnsfeld (2006) viser ethos til det som er mennesket sine inste tankar og kjensler omkring noko. Det vert sett på som vårt indre kompass som styrer våre val. Ethos symboliserar menneska sitt inste rom kor ein står fram med all sin nakenheit. Vår ethos

inneber at me forstår at me aldri kan forstå den andre fullt ut. Ethos vernar om mennesket sin verdigheit (Eriksson & Lindström, 2003).

Ethos er i mange samanhengar tett knytt til ein personlegdomen til ein person, og det viser seg difor i verdigrunnlaget vårt. Med verdigrunnlag meina eg dei verdiane og det verdigrunnlaget som seier noko om det som er viktig for den enkelte person, eller for ein organisasjon eller ein produksjonen ein er ein del av.

Omgrepet ethos viser til moralsk haldning og eit sett å halde seg til i møte med andre menneske. Ethos viser seg og vert reflektert i ein person sin etikk i både teori og praksis. Ethos og etikk er difor tett knytt saman. Ethos og etikk inneber eit sett å forhald seg på, ei haldning som snakkar for seg sjølv og som viser ansvar. Ut frå ethos vert fundamentet for etikken og dei etiske gjerningane forma. I følge Eriksson & Lindström (2003) kan ethos verte oppfatta som refleksjon over det gode liv kor ein kjenner seg heime. Å kjenne seg heime referer til å kjenne tryggleik og styrke, samt vern og kvile. Rammene i heimen gjev mot til å kunne vere den ein innerst inn er. Det er i heimen sitt fellesskap at dei grunnleggjande etiske verdiane og dei grunnleggjande ideala vert forma (Eriksson & Lindström, 2003).

2.1.2 Omsorg

Omsorg handlar om å hjelpe andre, men det handlar også om korleis denne hjelpen vert gjeven. Ordet kjem frå det tyske ordet ”sorgen”, som tyder å sørgje for. Å sørgje for at dei grunnleggjande behova er dekkja. Omgrepet omsorg inneheld mykje. Som til dømes omsorg for andre og/eller omsorg for seg sjølv. Å vise omsorg er det same som å bry seg om nokon og å ta vare på nokon. Når ein viser omsorg overfor ein person, bryr ein seg om korleis vedkommande har det, og ein prøver å gjere det beste for han eller ho. Allereie frå fødselen av er ein avhengig av at noko viser omsorg for ein og tek vare på ein (Martinsen, 2003).

Omsorgsfilosofen Kari Martinsen, som er inspirert av den danske teologen Løgstrup og hans overtyding om at mennesket sin grunnleggjande verdiføresetnad er at me er tilvist til kvarandre for å ta vare på kvarandre, meina blant anna at omsorg er eit relasjonelt omgrep (Martinsen, 2012, Løgstrup, 2010). Kjærleik og omsorg får liv gjennom relasjonar. I desse relasjonane er det Løgstrup sin etiske fordring får sitt innehald. Den etiske fordringa tar utgangspunkt i at me inngår i eit fellesskap og at alle menneske er utlevert til kvarandre; «Vi er hindandens verden og hindandens skæbne» (Løgstrup, 2010:25-26). Den etiske fordringa går ut som ein etisk appell frå den andre om å handle til den andre sitt beste. Løgstrup hevdar at den enkelte ikkje kan ha noko med eit anna menneske å gjere utan at han held noko av den

andre sitt liv i sine hender (Løgstrup, 2010). Fordringa krev av alle menneske at ein er der for kvarandre i sårbare situasjonar.

Omsorg handlar om å knytte band og byggje opp relasjonar til andre menneske. Relasjonar kor likeverdet står i sentrum. Å byggje opp relasjonar vil alltid ha noko med avhengnad å gjere, særleg i situasjonar kor den eine parten er lidande. Omsorga for den andre viser seg i dei menneskelege relasjonane gjennom tillit, open tale, håp og barmhjertigheit. Desse fenomenane vert, av Løgstrup, kalla livsytringar. Løgstrup meina at dette er livsytringar som er gitt oss som menneske, og dei er grunnleggande for at menneskeleg samvær kan bestå og utvikle seg (Martinsen, 2005).

Omsorg er eit omgrep som er vanskeleg å forklare, omsorg er ein verdi. Dette er Kari Martinsen (2003) tydeleg på, men for å vise omsorga sitt mangfald har ho definert omgrepet i tre dimensjonar, nemleg den relasjonelle, den praktiske og den moralske dimensjon. Desse dimensjonane gjev eit heilskapleg bilete av omsorg for vanskelegstilte menneske:

- Den relasjonelle dimensjon:

Den tek utgangspunkt i eit kollektivt basert menneskesyn kor det grunnleggjande er at me er avhengige av kvarandre. Omsorga beskriv forholdet mellom menneska. For å finne ut kva den andre treng er det naudsynt at ein som omsorgsytar engasjerar seg i og viser interesse for den ein skal yte omsorg til. Ein må sette seg inn i den andre sin situasjon. Empati er ein viktig del av dette, og ein fordrar å handle slik at alle får same mogleik til å leve det beste livet ein er i stand til. Her vil livsytringane spele ein stor rolle. Martinsen (2003) meina at livsytringane er det fundamentale i eit kvart møte.

- Den praktiske dimensjon:


Omsorg er meir enn ei grunnhaldning. Det er også ei praktisk handling. Omsorga vert utført i daglegdagse situasjonar som både praktikaren og den hjelpetrengande kjenner til. Den praktiske dimensjonen inneber å lytte til deltakaren si subjektive oppleving og bruke fagleg skjønn deretter. Den barmhjertige samaritan vert her brukt som eit bilete. Den fordrar at ein ikkje skal stå ved sida av, men at ein skal gjere sitt beste for å lindre liding, samt at hjelpa vert gjeven utan føresetnadar. Det vil seie at hjelpa vert gjeven ut frå tilstanden til den hjelpetrengande og ikkje ut frå forventa resultat. Det viser til den generaliserte gjensidigheita kor ein gjev omsorg til andre utan å forvente noko attende. Omsorg handlar om å hjelpe andre, men det handlar også om korleis hjelpa vert gjeven. Det handlar om å kunne ha eit handlingsberedskap. Ein må ha eit ynskje om å handle, samtidig ei evne til å kunne handle.

Det handlar om ei handlingskompetanse der fagkunnskap, ferdigheiter og intuisjon er ein integrert del av den dyktige praktikaren.

- Den moralske dimensjon:

I følge Martinsen (2003) består den moralske dimensjonen om å være i rørsle frå seg sjølv til den andre, og om å handle til den andre sitt beste. Eit kvart møte er eit møte prega av verdiar. Det er alltid ein grunntone i møtet med andre, denne grunntonen viser seg i vår måte å vere på. Det handlar ikkje berre om å vite kva ein skal gjere, men det handlar også om korleis ein møter den andre. Det handlar om livsførsel og korleis me er i relasjonen gjennom det praktiske arbeidet. Den moralske dimensjonen viser seg i den utøvde praktikken og er integrert i hjelpa som vert gjeven. Det handla om å gjere det som er best for den andre. Kva som er moralsk korrekt vil variere, og for å handle korrekt må ein kjenne faget sitt og ein må kjenne den personen ein skal hjelpe. Pasienten si rett til sjølvbestemming, autonomi og integritet er sterke etiske prinsipp i hjelpearbeidet. I følge Martinsen (2003) er den moralske dimensjonen av omsorga overordna dei to andre dimensjonane.

Det er vanleg å skilje mellom naturleg og profesjonell omsorg. I naturleg omsorg tek ein vare på ein annan vanlegvis fordi ein kjenner kvarandre. Ein gjer det ikkje fordi ein må eller fordi ein får betalt for det. Eit døme på naturleg omsorg er når venner hjelper kvarandre i vanskelege situasjonar. Profesjonell omsorg er knytt opp til at ein ytt omsorg overfor personar ein ikkje kjenner frå før. Ein har utdanning i og kompetanse til å gjere det, og ein får betalt. Sjølv om den profesjonelle omsorga er betalt er det viktig at ein har lyst til å gje omsorga og at omsorga er ekte. For å kunne gje ekte omsorg lyt ein har evne til empati. Empati er evna til å kunne setje seg inn i korleis deltakaren opplev sin eigen situasjon (Brønstad, Paulsen & Hårberg, 2010). Denne oppgåva tek utgangspunkt i den profesjonelle omsorga.



Bilete nr. 3: Ulike former for omsorg (Martinsen, 2003:74) .

Innanfor den kliniske omsorgsvitenskapen er det den gode omsorga som vert utforska. I følgje Arman & Rehnsfeldt (2006) representera omsorga si meining det røyndsbilete som omsorgsvitenskapen står for. Det handlar om menneska sine djupaste spørsmål om livet, nemleg dei eksistensielle spørsmåla om innhald i livet, om verda, prioriteringar, menneske sitt forhold til kvarandre og tydinga av helse, kjærleik og lidning.

I omsorgsvitenskapen vert omsorg knytt opp til omgrep som pasient, helse, sjukdom og lidning. I følgje Dahlberg & Segesten (2010) er det overordna målet med omsorg, mennesket si helse, og formålet med all omsorg er å støtte og styrke mennesket sine helse prosessar. I eit omsorgsvitenskapleg perspektiv er helse ein tilstand som rører heile menneske, som ei oppleving av å vere i jamvekt. Med det meina ein både ei kjensle av indre balanse og ei kjensle av jamvekt i relasjonen til sine medmenneske og livet elles. Vidare at helse er oppleving av velvære, av å ha det bra, og av å vere i stand til å gjennomføra sine små og store livsprosjekt. Helse vert påverka av korleis eit menneske kjenner livskraft, livslyst og livsmot. Balanse mellom aktivitet og kvile og opplevinga av meining og samanheng er også viktig. Vidare ser omsorgsvitenskapen på brukaren som ekspert på seg sjølv og omsorga skal ta utgangspunkt i brukaren si røynd/livsverd (Dahlberg & Segesten, 2010).

2.1.3 Verdighet

Verdighet er eit omgrep utan ei eksakt definisjon. Det har sitt utspring i frå ei personleg oppleving og har uendeleg med nyansar i seg.

Innanfor omsorgsvitenskapen er verdighet eit berande omgrep. Omgrepet stammar frå prinsippet om at alle menneske har sitt ibuande, medfødde menneskeverd. Det inneber at alle menneske har ein ibuande absolutt verdighet som alltid er til stades og som ikkje kan krenkjast. Denne umisselege verdien har ein utelukkande i kraft av å vere eit menneske. Verdigheita vår vert styrka når me opplev at våre rettar og fridom vert respektert og når me lev i ein situasjon kor me kan gjere val og handlingar som byggjer opp om sjølvrespekten, integriteten og nestekjærleiken vår.

Ifølgje Gustin & Bergbom (2012) er verdighet eit omgrep med tre dimensjonar:

- Absolutt verdighet:

Dette er ein posisjon fri for vurderingar og rangeringar. Absolutt verdighet er synonymt med embete, kall, (be)fatning og verdi. Dette er ein verdighet som finn seg på eit ontologisk nivå og som difor er uforanderleg. Denne typen verdigheita inneheld menneske sin heilagdom og


menneskeverd, samt fridom, ansvar og plikt. Denne dimensjonen er ukrenkeleg og grenselaus, og den finns alltid ibuande menneske sjølv i situasjonar som er nedverdige.

- Relativ verdigheit:

Den relative verdigheita vert forma av det einskilde menneske og den vert forandra gjennom livet. Den vert påverka av den kulturen og det samfunnet ein lev i. Den relative verdigheita er synonym med omgrepa stoltheit, stilling og rang. Relativ verdigheit inneber ei indre etisk haldning som gjer ein medviten om eigne og andre sin verdigheit. Den indre verdigheita vert omfatta av etikk, moral og normer som den enkelte har gjort til sine eigne. Relativ verdigheit har også ein ytre estetisk dimensjon. Både den indre og ytre dimensjonen vert påverka og forandra gjennom livet.

- Ytre verdigheit:

Ytre verdigheit viser seg gjennom estetisk handling. Ytre verdigheit er synonymt med omgrepa akting, pondus (evne til å gje respekt), fatning og ære. Den ytre foranderlege verdigheita viser seg gjennom tilnæringssett, handlingar og attributta som skal passa inn i ulike situasjonar og samanhengar (Gustin & Bergbom, 2012).



Bilete nr. 4: Omgrepsmessig modell av verdigheit (Eriksson & Lindstöm, 2003:126)

I både teologiske og filosofiske tekstar har verdigheit ein djupare tyding og det vert her knytt til omgrep som ansvar, plikt og fridom. Verdigheit vert også tett knytt saman med vår menneskelegdom og vårt ansvar for den andre. Det er gjennom å sjå i den andre sitt ansikt at ein kan sjå sitt eige ansvar for å vere til for den andre (Gustin & Bergbom, 2012).

Innanfor omsorgsvitenskapleg forskning kring verdigheit deler ein omgrepet inn i to kategoriar. Ein skil mellom human dignity (menneskeverd) og social dignity. Human dignity har sitt

utspring frå den kristne humanistiske tenkinga og ein ser her på verdigheit som noko som er gitt til menneske i kraft av å vere menneske. Verdigheit finns ibuande i kvart enkelt menneske og det er med på å skape ei kjensle av meining og verdi for den enkelte. Ut frå dette synet vert verdigheit eit grunnleggjande etisk ideal, som får tyding for korleis ein utøver omsorg og handlar edelt og respektfullt. I social dignity ein ser på verdigheit innanfor eit kulturelt og sosialt fenomen som vert bestemd av aktuelle normer. Her viser det seg at språk, klesstil, oppførsel, sosial plassering og nettverk er av stor tyding. Dei kulturelle røtene og det etiske tilhøyrer dannar ein viktig grunn for opplevinga av verdigheit i den eigna livsstilen.

Verdigheit kan då verte bygd opp av ulike verdiar og vert då unik for kvar enkelt person. Ved dette synet vert verdigheit relatert til ein person sitt tilhøyrslø, posisjon, makt, ære, sømd og rykte. Dette er kvalitetar som ikkje openbart er knytt til det å vere menneske, men som heller vert bedømd ut frå forholdet til noko eller nokon (Gustin & Bergbom, 2012).

Det er gjennom våre handlingar me kan vise respekt for vår eigen verdigheit og våre medmenneske sin verdigheit. Verdigheit er viktig for oss alle, kvar einaste dag og i alle val og handlingar me gjer. Kjensla av verdigheit er knytt opp til å vere heiderleg, rettskaffen, kjenne seg stolt, vere sjølvstendig og verdifull, å ha kontroll over eigen situasjon, samt å kunne ta ansvar (Gustin & Bergbom, 2012).

Global Dignity (2011) har utvikla fem verdigheitsprinsipp. Desse prinsippa kan vere eit utgangspunkt for refleksjon og samtale kring kva verdigheit tyder for kvar enkelt av oss, samt korleis me kan omsetje denne kunnskapen i konkrete val og handlingar:

1. Alle menneske har rett til å leve eit verdig liv.
2. Eit verdig liv er å kunne bruke sine ressursar som menneske. Ei forutsetning for dette er å ha tilgang til helsetenester, utdanning, inntekt og sikkerheit.
3. Verdigheit er å ha fridom til å ta avgjersler og treffe val som rører eige liv, og oppleve at denne rettigheita vert møtt med respekt.
4. Verdigheit bør vere det styrande prinsipp for alle handlingar.
5. Vår eigen verdigheit er gjensidig avhengig av andre sin verdigheit.

2.2 Presentasjon av relevant forskning

Dei litteratur søka eg har gjort viser til få studiar relatert til Housing First metoden og dei tilsette sitt verdigrunnlag (ethos). Ved søk på ord som Housing First, Hus først, verdisyn, value, verdigrunnlag, core value, ethos, aleine eller i kombinasjonar på søkjemotorar som

Cinahl, Medline, Academic Search Premier og Google Scholar med meir, fekk eg likevel opp fleire artiklar/studiar kring Housing First i utlandet.

I høve Housing First er det gjort ein del forskning kring tema, særleg er det gjort forskning på implementering av metoden andre stadar, samanlikningsforskning på Housing First metoden i forhold til meir tradisjonelle metodar og tenester, kostnadseffekta av Housing First og på deltakarane si samfunnsintegrering og erfaring kring det å motta Housing First tenester (Mental Health Commission of Canada, 2014, Snertingdal, 2014, Stefancic, Henwood, Melton, Shin, Lawrence-Gomez & Tsemberis, 2013, Henwood, Shinn, Tsemberis & Padgett, 2013, Tsemberis, Gulcur & Nakae, 2004, Yanos, Barrow & Tsemberis, 2004).

Forskinga kring implementeringa viser at Housing First effektivt kan verte implementert i byar av ulike storleikar og ved forskjellig etniske og kulturelle samansetningar. Studiane kjem fram til ein kan nytta Housing First metoden, men at ein må nytta ein meir skreddarsydd metode slik at den passa til dei lokale samanhengane (Mental Health Commission of Canada, 2014, Snertingdal, 2014, Stefancic et al, 2013).

Fleire av studiane viste også til at det er samfunnsøkonomisk lønnsamt å etablere personar gjennom Housing First program, samt at desse er meir effektive enn tradisjonelle teneste. Housing First er en god investering. Studiane viser til at der er ei tydelege kostnadsforskyving ved bruk av Housing First og at det er store fordeler for deltakarane ved bruk av denne metoden. Det viste også til at dei tilsette i Housing First program hadde eit større fokus på deltakarane sine verdiar og mindre fokus på systemverdiane enn dei tradisjonelle tenestene. Dei hadde også ei større toleranse for unormal åtferd, som ikkje førte til skade på andre, enn sine kollegaer i tradisjonelle program. Ved hjelp av Housing First får deltakarane eit meir stabilt butilhøve, har eit mindre behov for innleggingar i psykisk helsevern, særleg gjeld dette akutt plassar og hospits. Dei meistrar rusproblema sine betre og dei har færre fengselsdøgn. Dette tyder på at Housing First programma representera ei meir effektiv tildeling av ressursar enn tradisjonelle tenester. Bustadstabilitet, livskvalitet og samfunnsfungeringa var høgare for dei programma som opererte tettast opp mot metoden «Pathways to housing». Resultata frå dei ulike studiane viser mellom anna at når programmet vert gjennomført på rett måte og med dei rette oppfølgingstenestene, kan ein vente at ca 85 prosent eller fleire av deltakarane vil verte busett og kan halde på bustaden (Henwood et. al., 2013, Ly & Latimer, 2015, Mental Health Commission of Canada, 2014, Tsemberis et.al, 2004, Stefancic et. al, 2013).

Studiar som har sett på bustadstabiliteten, livskvaliteten og den sosiale fungeringa til deltakarane i Housing First, fann at denne tilnærminga kan hjelpe menneske med å forbetre mange sider av livet ved at dei får og kan behalde ein fast bustad. Å ha ein stad å bu og den rette støtta, kan føra til andre positive utfall utover dei som følgjer av eksisterande tenester. Deltakarane oppgjev at dei har fått auka livskvalitet, sjølv om dei kanskje framleis merkar symptoma og vanskane som følgjer med rusmiddelbruk. Dei oppgjev å ha fått eit meir stabilt butilhøve, kjenner seg i større grad integrert i samfunnet og opplever ei større grad av tryggleik etter å ha fått eit stabilt butilhøve med oppfylging. I tillegg opplev dei ei større grad av valfridom og dei nyttar seg i mindre grad av andre delar av behandlingssystemet. Det vart også funne forbetring innanfor psykisk helse, rusbruk og vilkårleg inntekt når personane kom vekk frå gata og flytta inn i subsidierte bustader med oppfylging, men resultatata var ikkje så gode som for bustabiliteten (Tsemberis, Moran, Shinn, Asmussen & Shern, 2003, Tsemberis et. al, 2004, Mental Health Commission of Canada, 2014, Stefancic et.al., 2012).

Etter mange søk på dei fleste databasar på Høgskulen på Vestlandet sine nettsider har eg ikkje klart å finna nokon som har sett på verdigrunnlaget til dei tilsette i Housing First programma. Eg har ikkje funne noko som kan tilseie at det er gjort særleg forskning på akkurat dette området. Det eg har funnet er studiar på sjølve Housing First programma og deira effektivitet. Eg har også prøvd å utvide søket til å gjelde verdigrunnlag i liknande yrker, utan særleg hell. Det er gjort studiar på ulike fagretningar som til dømes sjukepleiarar og lærarar sine haldningar og verdigrunnlag. Men eg kan ikkje finne at det er gjort spesifikke undersøkingar knytt til tilsette i Housing First program.

3.0 Metode

I følge Dalland (2012) er metode vårt reiskap dersom me ynskjer å undersøkje noko. Det er mange ulike metodar å velje mellom og ein må velje den som er mest hensiktsmessig ut frå kva ein skal undersøkje.

I dette kapitlet vil eg gjere greie for vitenskapleg ståstad, val av metode og gje ei grunngeving for kvifor eg har teke dei vala eg har teke. Eg vil også forklare framgangsmåten for heile forskingsprosjektet, samt vise til dei etiske omsyna som er teke. Før-forståinga mi vert også presentert i dette kapitlet.

3.1 Vitenskapleg ståstad

Vitenskapelig tenkjemåte er det som gjer forskning til forskning, og som skil forskning frå det motsette; som er synsing, dagleglivet sin tenkjemåte, metafysikk og det «alle» seier (Fuglseth & Skogen, 2006).


Som menneske så har me alle eit behov for orden, samanheng og mening i liva våre. Me treng forklaring på fenomen og på hendingar som skjer med oss og rundt oss. Dersom ein ikkje fekk forklaringar ville livet som menneske bli ganske uføreseieleg og kaotisk. I følge Malterud (2011), skal ein forskingsprosess innehalde ei grunnplattform og ei referanseramme. Desse dannar grunnlaget for vårt vitenskapelige ståstad, og ein har med seg dette gjennom heile prosessen.

I motsetning til eit naturvitenskapelig forskingsdesign som tar sikte på å forklare eit fenomen på ein objektiv faktaorientert måte, tar denne oppgåva sikte på å forstå dei fenomena som ein skal sjå nærare på, gjennom å ta utgangspunkt i den enkelte intervjuobjekt si subjektive forståingshorisont (Thomassen, 2006). Hermeneutisk vitenskapsteori kan ein seie er utgangspunktet for alle humanvitenskapar og det vert dermed særleg interessant i denne samanhengen. Omgrepet hermeneutikk kjem frå det greske ordet «hermeneuein» som tyder å fortolke og å uttrykke. Hermeneutikken, har i seinare tid, utvikla seg frå læra om tekstfortolking til ein allmenn teori om fortolking og forståing, og det er ei samlenemning for studiar av mennesket og menneskeskapte fenomen. Hermeneutikken er forklart ved at all forståing og mening er strukturert av ei ikkje-bevisst forståing, eit sett med fordommar, vår før-forståing. Ein må alltid forhalda seg til sine erfaringar (Thomassen, 2006). Dette vert også viktig når ein skal utføre forskning.

Hermeneutikk handlar om forståing og fortolking. Det handlar om å fortolke mennesket sine handlingar, ein tekst, eit dikt, ei historie eller ei hending i tillegg til å gjere greie for korleis dette kan vere forstått i ei historisk kontekst. Hermeneutisk forståing byggjer på ei forståing av at menneske er ein aktiv deltakar i forståingsprosessen, det er hos personen forståinga skal kome. Dette gjelder også for forskaren. Dette medfører at det ikkje er mogleg å gjere objektive observasjonar, eller finne objektiv kunnskap uavhengig av mennesket. Forståelsen er alltid knytt til den konteksten handlinga er ein del av (Fjelland & Gjengedal, 1995).

Ein går aldri nøytral inn i eit nytt møte, verken med menneske eller ein tekst. Vårt møte vil alltid bære preg av vår eiga før-forståing, ei før-forståing som er eit resultat av eigne erfaringar, kunnskapar og kontekst. Ved å sjå, høyre eller lese noko vil ein danne seg ei meining som gjer at ein stiller nokon undrande spørsmål. Gjennom spørsmålsstillinga vil ein sjå nye samanhengar og kome fram til ei ny før-forståing, som viser noko om delane og heilskapen.

Forståelsen eller kunnskapen vil på den måten vere i ein utviklingsspiral. «Den hermeneutiske spiral» forklarar korleis forståinga utviklar seg gjennom ei stadig rørsle mellom heilskap og del i det materiale ein prøver å tyde.



Bilete nr. 5: Hermeneutiske spiral (Olsson & Sørensen, 2008:107).

En hermeneutiske regel er at ein skal forstå heilskapen ut frå delen og delen ut frå heilskapen. Fortolkinga tar sikte mot ei einskapleg forståing som viser samanhengen mellom delane og den heilskapen dei utgjør (Gadamer, 2003). Det er dette eg har teke utgangspunkt i ved analyse av datamaterialet mitt.

Sidan eg har valt å utføre eit kvalitativt studie, men semi-strukturerte intervju som metode, meina eg at dei hermeneutiske forskingstradisjonane passer godt til oppgåva. Dei tar utgangspunkt i teksttolking, og fokuserer på viktigheita av at dei forskjellige delane berre kan verte forstått når dei vert satt i samanheng med heilskapen. Tradisjonelt sett tenkjer ein på hermeneutikken som retningslinjer for tolking av tekst, men i vid tyding kan ein også overføre det til det som skjer i ein samtale, eller når ein i ettertid skal prøve å forstå kvifor nokon handla som dei gjorde (Fuglseth & Skogen, 2006).

Denne oppgåva har eit omsorgsvitenskapleg ståstad. Klinisk omsorgsvitenskap er ein akademisk disiplin med ei humanvitenskapleg orientering. Målet med omsorgsvitenskapen er å skape ei samanheng mellom teori og klinisk praksis. Teori og praksis vert i denne tradisjonen foreina gjennom den hermeneutiske prosessen. Det handlar om å tolke og forstå opplevinga og fenomen gjennom å gå djupare ned i dei enkelte fenomena. Heilskapen er større enn delane, og delane vert forstått i lys av heilskapen (Eriksson & Lindström, 2003).

Innan omsorgsvitenskapen har ein to ulike retningar. Ein skil mellom systematisk omsorgsvitenskap, som er opptatt av omsorga sine komponentar, og den kliniske omsorgsvitenskapen, som har fokus på korleis pasient og pleiar trer fram i klinikken/empirien. I den systematiske omsorgsvitenskapen driv ein med grunnforskning og med studiar av omsorga si historiske forankring, sine føresetnadar, sentrale motiv og metode. Den er nært knytt til omsorga sitt ethos. I den kliniske omsorgsvitenskapen fokusera ein på korleis omsorgsvitenskapen kan integrerast i dei ulike kliniske konteksten. Den løfter fram korleis omsorgsvitenskapen sitt ethos og teorikjerne (som har vorte utvikla innanfor rammene for den systematiske omsorgsvitenskapen), kjem til uttrykk i kliniske samanhengar/kontekstar (Wiklund, 2011).

Omsorgsvitenskapen har eit heilskapssyn på menneske som ei eining med kropp, sjel og eksistens, og den har sitt overordna mål i å forme idealet for den gode omsorga, samt å vise mogleiken for korleis ein kan bruke denne, uavhengig av profesjon. Den er, i følgje Arman & Rehnsfeldt (2006), profesjonsnøytral.

Omsorgsvitenskapen søker det sanne, det skjønne og det gode, og omhandlar samhandlinga mellom omsorgsgjevar og omsorgsmottakar. I følgje Eriksson & Lindström (2003) er målet for omsorgsvitenskapen er å lindre liding, bevara og verne om liv, samt gjenskapa og bevara helse.

Omsorg er eit berande grunnomgrep i omsorgsvitenskapen. Omsorga er etisk i sin natur og har sitt motiv i nestekjærleiken (caritas). Caritas er kjerna eller essensen i all omsorg og den vert

beskriven som naturleg og menneskeleg (Martinsen, 2003). Caritasmotivet vert sett på som omsorga sitt grunnmotiv. Utgangspunktet, er i følge Wiklund (2011), ein tanke om at det er medmenneskeleg kjærleik, medynk og barmhjertigheit som er det som motivera til omsorg. Caritas er eit uttrykk for kjærleik og omtanke mellom menneske, og den er kjenneteikna av at ein har eit ansvar for sine medmenneske og at ein vil dei vel. Caritasmotivet vert rekna som kjerna i det omsorgsvitenskaplege verdigrunnlaget og det etiske motivet for omsorga (Wiklund, 2011).

3.2 Val av metode

I følge Malterud (2011) vil val av forskingsmetode vere avhengig av spørsmåla ein ynskjer svar på. Hensikta med denne studien er å få kunnskap om kva verdigrunnlag som er rådande hjå dei som arbeider i eit Housing First prosjekt. For å få kunnskap om dette har eg valt å bruke kvalitativ metode. Kvalitative metode eignar seg godt når ein problemstilling ikkje har eit klårt svar eller når ein skal finne svar på nye spørsmål. Målet er forståing meir enn forklaring (Malterud, 2011).

Helse- og omsorgsvitenskap byggjer på ei hermeneutisk livsforståing. Den mest sentrale hermeneutiske teoretikaren i nyare tid er Hans Georg Gadamer. Omgrepet «hermeneutikk» tyder «å tolke eller å fortolke» og stammar frå det greske ordet «hermeneuein» (Thomassen, 2006).

Denne studien har eit hermeneutisk utgangspunkt, men sidan eg nyttar metoden til Lindseth & Nordberg (2004) i analysedelen, og deira metode har eit fenomenologisk-hermeneutiske utgangspunkt, har eg valt å skrive litt om korleis denne metode er.

3.2.1 Fenomenologisk-hermeneutisk metode

Ei fenomenologisk-hermeneutisk tilnærming handlar om at ein som menneske lever i ei historisk, kulturell og sosial samanheng. Ein må forstå menneske i ein relasjon til omverda, menneske sitt samvær med andre, menneske sin omgang med tinga, tidsdimensjonen og ikkje minst menneske som kropp (Martinsen, 2003).

Eit kvalitativt studie ved bruk av fenomenologisk-hermeneutisk metode vart naturleg for meg, då eg ynskja å nytta analysemetoden til Lindseth & Norberg (2004) i denne studien. I mi oppgåve ynskja eg å sjå på dei tilsette i Housing First sitt ethos, og med det prøve å finne deira verdigrunnlag ut frå dei utsegna dei kom med.

Den fenomenologisk-hermeneutisk metode vart grunnlagd av Martin Heidegger og vidareutvikla av Hans-Georg Gadamer og Paul Ricoeur. Den gjev mogleik for auka forståing av eit fenomen. Den skal kunne bidra til auka innsikt i meininga som står fram av fenomena.

Ein god metode for å avdekke meining i levd erfaring på er, i fylgje Lindseth & Nordberg (2004), narrative intervju. Det er ein føresetnad at den som intervjuar legg til rette for at informanten kjenner ser fri til å dele sine erfaringar. På denne måten vert stemma til informanten høyr. Informantane sine narrativ vert til i eit samspel mellom intervjuar og informant, og det vert skriven ned som tekst. Etter at ein har intervjuet, vert intervjuet transkribert. Målet er å trekkje ut meningsberande essensar frå det fenomenet som er i fokus, gjennom å studera dei erfaringane informantane har. Ein set til side dei forventningane ein har om fenomenet frå før, slik at ein kan opne seg opp for fenomenet i sin heilskap. Dette vert kalla «bracketing». Lindseth & Nordberg (2004) meina det ikkje er mogleg å frigjere seg heilt frå sin eigen før-forståing, då me berre er medviten deler av den. Men gjennom kritisk refleksjon kan me auke medvitnet og verte meir open for det som fram står for oss. Den essensielle meininga med eit fenomen vert studert og avslørt i tolkinga av teksten. Vidare vert det ut frå den fyrste lesinga formulert ei naiv forståing. I fylgje Lindseth & Nordberg (2004) inneber tolking av teksten å gå inn i den hermeneutiske sirkel, gjennom tre metodiske steg: Naiv forståing, strukturanalyse og heilskapleg forståing. Den naive analysen inneber å lese teksten fleire gongar for å finne meininga eller essensen i heilskapen. Det er viktig at forskaren, i denne perioden, er open for kva teksten fortel, då det legg grunnlaget for resten av analysen. Strukturanalysen inneber at teksten vert delt inn i meiningseiningar og at det vert gjort ei trinnvis fortetting av teksten, kalla kondenserte meiningseinskapar.

Meiningseinskapane vert så abstrahert til å danne sub-tema, tema og moglege hovudtema. Desse vert samanlikna med den naive forståinga for validering. Dei kondenserte meiningseinskapane skal ha eit klart og tydeleg språk. Det har, i fylgje Lindseth & Nordberg (2004), vorte sjølvstøtt at essensiell meining er noko som for menneske er velkjent gjennom måten å leve på, gjennom handling, fortelling og gjennom refleksjon. For forskingsmål må levd erfaring bli skriven ned som tekst, og det krev alltid fortolking. Det er ikkje fakta som er i fokus, men forståinga av eit fenomen. Når ein brukar eit fenomenologisk språk i utforminga av tema, vert det brukt verb i staden for substantiv (å vise tolmod versus tolmodigheit). Til slutt skal teksten lesast som ein heilskap. Heilskapstolkinga inneber å prøve å forstå teksten ut frå heilskapen. Den naive forståinga og dei ulike tema vert reflektert på i samheng med litteraturen kring ethos og Housing First. Ut frå dette vert ei omfattande og heilskapleg

forståing formulert. Kva som kjem frem av meining i tolkinga og kva som kjem frå forskaren sjølv, kan vere ein utfordring i tolkingsprosessen. Forskaren må difor vere reflektert og kritisk, og vere seg medviten sin eigen før-forståing (Lindseth & Norberg, 2004).

3.3 Før-forståing

Med før-forståing meina Malterud (2011) den ryggsekken me ber med oss inn i forskinga før forskinga starta. Innhaldet i sekken påverkar oss heile vegen, både i måten me samlar inn data på og korleis me les det datamaterialet me får inn. Før-forståinga kan gje næring og styrke, men det kan også hindre oss i å oppdage ting, dersom me ikkje greier å sette det me veit til side (Malterud, 2011). Ryggsekken består av vår daglegdagse veten og erfaringar, samt av dei teoretiske og praktiske kunnskapane ein har utvikla som fagperson. Det dreier seg om at me tek med oss vår subjektive røynd i møte med den objektive røynda.

I følgje Thomassen (2006) har alle ein forventningshorisont, kor ein har ei forventning om kva ein skal sjå etter og kva ein skal finne. Forventningshorisonten er ei referanseramme som ein ikkje er medviten, men som styrer merksemda vår, og som dermed er med på å strukturere det ein ser. I tillegg har me alle forståingshorisont som er felles for dei som er innanfor same kultur og historisk epoke. Forståingshorisonta angjev, i følgje Thomassen (2006), grensa for kva som er synleg frå den ståstaden ein har. Horisonten omgjev alt me kan sjå og erfare, og me kan ikkje stille oss utanfor den. Det vil seie at vi ikkje kan sette den i parentes, slik som fenomenologien ynskjer at ein gjer. Ein vil aldri heilt klare å halde før-forståinga utfor når ein skal utføre ei undersøking. Thomassen (2006) skildrar horisonten som noko som er i stadig endring: «Når eg beveger meg gjennom et landskap, vil horisonten bevege seg saman med meg; nye fenomen dukker opp i horisonten, ukjente deler av landskapet kommer til syne, og frå nye utkikkspunkter ser jeg det landskapet jeg allerede har beveget meg gjennom, i nytt lys» (Thomassen, 2006:87). Det er når ein er i rørsle at kunnskap kan endra og utvikle seg.

Før ein startar ei undersøking er det viktig at ein som forskar reflektera over sin eigen ståstad, samt vurderer kva tyding den kan ha for forskinga. For å koma fram til sin eigen før-forståing, kan det i følgje Malterud (2011:41), vere nyttig å stille seg sjølv spørsmål som til dømes: «Kva er mi erfaring kring tema?», «Kva forventar eg å finne?», «Kva er mi teoretiske referanseramme, modellar og omgrep før prosjektet startar?».

Dersom ein er medviten si før-forståing, kan det være lettare å leggje vekk sine egne meiningar og ein kan tydelegare få frem informantane si røyst. Om ein ikkje synleggjer si eiga

før-forståing når ein søkjer etter fordjupande og/eller ny forståing kan ein risikera «å gå i ring», av årsakssamanhengar som er ukjend for ein sjølv og andre. Auka medvit om eiga før-forståing og fordommar har tyding for ny og truverdig forståing. Medvit kring eige ståstad kan vere ein føresetnad for å vurdere om forskinga er gangbar (Nilsson, 2007).

3.3.1 Mi før-forståing kring tema

Gjennom ulike utdanningar, bl.a. sosionomutdanninga og masterutdanninga i klinisk helse og omsorgsarbeid, samt erfaring frå arbeid i ulike kommunar, har eg opparbeida meg ein del kunnskap og erfaring som er med på å danne mi før-forståing knytt til denne oppgåva. Eg har alltid tankar, erfaringar og meiningar som eg tek med meg inn i det arbeidet eg skal gjere.

Som forskar eg ei før-forståing som vil prege både intervjumalen og spørsmålsstillingane. Denne før-forståinga vil også prege kva informasjon eg legg vekt på når eg skal gå gjennom datamaterialet.

I følge Gilje & Grimen (1995) er det tre komponentar som kan ha tyding for før-forståinga. For det fyrste har meistringa av språket og ulike omgrep tyding. Forskaren ser røynda gjennom dei omgrepa språket hans/hennar stiller til rådighet. Dette tyder at ein kan ha ei anna forståing som gjer at ein ser noko anna enn det informantane gjer, sjølv om ein tek utgangspunkt i same samtale. For det andre er vår før-forståing prega av vår trusoppfatningar og vår førestilling om røynda. Dersom mine verdiar og mi oppfatning av røynda er veldig forskjellig frå den andre sin, vil dette kunne prege korleis eg tolkar den andre. Det er derfor viktig at ein prøver å forstå den andre sitt utgangspunkt uavhengig av sitt eige utgangspunkt. Siste komponent er at vår før-forståing er prega av våre personlege erfaringar. Våre erfaringar bidrar til å bestemme korleis ein tolkar røynda. Alt dette kan påverke resultatet ein får. Det kan påverke resultatet negativt på den måten at før-forståinga kan bli for dominerande. Positivt med før-forståinga kan vere at den kan gje ei lik forståingsramme og verdigrunnlag i samhandlinga med informantane. Dei kan få støtte i det dei snakkar om, samt at dei slepp å forklare alt detaljert, då ein som forskar kan bruke sine eige erfaringar i høve til det informantane snakkar om (Gilje & Grimen, 1995).

Mi før-forståing er preget av min yrkeserfaring som sosionom i eit Housing First program og som masterstudent i klinisk helse og omsorgsvitenskap. Dette vil også kunne prege kva eg ser etter. Eg har studert mine «kollega», noko som har både sine fordeler og ulemper. Nærleiken til informantane kan ha gjeve meg auka innsikt, men kan og ha redusert mi kritiske sans og den naudsynte distansen eg treng som objektiv forskar. For meg har det vore naudsynt å vere

medviten på at eg skulle tre ut av rolla som miljøterapeut i eit Housing First program og gå inn i forskarrolla. Eg har også vore medviten på at kvalitative intervju sjeldan gjev eksakte, eintydige svar.


I og med at eg sjølve arbeidar innanfor eit Housing First program har eg mykje kunnskap om korleis det er å arbeida innanfor området og hadde gjort meg nokre tankar kring temaet eg skulle forske på. Eg hadde ei før-forståing av at dei som arbeidar innanfor slike program hadde visse kvalitetar ved seg og verdiar som kunne samsvara med dei verdiane som er sentrale innanfor Housing First metodikken. Mykje av det eg tenkte vart stadfeste under studia og verdiane som kom fram, var verdiar eg kanskje tenkte ville koma til syne. Dersom andre forskarar undersøker same problemstilling, kan det vere at dei hadde kome fram til motstridande svar. Dette handlar om at fenomena ofte er komplekse og at det er vanskeleg å gje eit heilt sannferdig bilete av røynda.

3.4 Metodisk framgangsmåte og gjennomføring

For å kunne svara på oppgåva sitt forskingsspørsmål er det viktig å velje rett forskingsstrategi. For å få fram deltakarane sitt verdigrunnlag vart eit kvalitativt forskingsdesign med semi-strukturert intervju valt. Individuelle intervju vart valt i staden for fokusgruppeintervju, då eg var redd eg ikkje ville få fram variasjonar i eit fokusgruppeintervju. Ein har ulike tilnærmingar å velje i ved ein studie.

Thomassen (2006) definerer induktive system som eit kunnskapsideal som tek utgangspunkt i observasjonar av det ein kan sjå og registrere i røynda omkring oss. Ein formulerer så ein teori ut frå ei rekke slike observasjonar. Induktiv tilnærming er derav forskning basert på innsamling av empiri. Ein tek sikte på å systematisere erfaringar for så å danne ein teori. Eit induktiv design, kor ein går frå empiri til teori, er eigna for å få kunnskap på områder kor det finns lite kunnskap frå før. Ein går frå det spesielle til det generelle.

Deduktiv er derimot ein tilnærming til forskinga kor ein har nokre grunnsetningar basert på teori. Frå desse grunnsetningane skal ein kunne slutte seg til eller utleie alle andre påstandar. Å dedusere tyder at ein frå eit sett med premiss sluttar ein seg til ein konklusjon (Thomassen, 2006). I en deduktiv tilnærming går slutningsrekken fra det generelle til det spesielle. Ein brukar kunnskap frå eit allment nivå til å seie noko om det enkeltstående tilfelle. En deduktiv tilnærming er teoristyr.



Bilete nr. 6: Induktiv og deduktiv tilnærming (Olsson & Sørensen, 2008:38).

I mitt studie har eg brukt ein kombinasjon av desse tilnærmingane. Ein slik posisjon mellom induktiv og deduktiv tilnærming, vert kalle ein abduktiv tilnærming (Thagaard, 2013). Ei abduktiv tilnærming er ikkje berre ei ren veksling mellom deduksjon og induksjon. Det inneber at teorien ikkje nødvendigvis er ei forklaring på datamaterialet, men bidrar med mønstre og omgrep til å forstå og belyse datamaterialet. Datamaterialet vil då verte tillempa og omarbeida i lys av desse omgrepa i tolkingsarbeidet. Samtidig som datamaterialet, med sin eigenart, vil bidra med empirisk kunnskap som kan belyse og gje nye perspektiv og meiningsinnhald til mønstra og omgrepa i teorien. Kort sagt er det, i ein abduktiv tilnærming, naudsynt å bruke teori for å kunne forstå data. Ein utviklar teori ved analyse av data, samt at ein nyttar teori for å forstå og tolke empiri (Thagaard, 2013). Ei slik abduktiv tilnærming er utgangspunktet for denne studia.

3.5 Semi-strukturert intervju

I følge Kvale & Brinkmann (2015) utviklar menneska kunnskapane sine i interaksjon med omgjevnadane. Å samtale er en grunnleggande menneskeleg kommunikasjonsmåte. Menneske snakkar med kvarandre – dei interagerar, stiller spørsmål og svarar på spørsmål. Gjennom slik konversasjon lærer me den andre å kjenne. Me lærer om deira erfaringar, kjensler og håp, og om den røynda dei lever i. Forskingsintervju er ein interpersonleg situasjon, kor to personar samtalar om eit tema som opptar begge, men det har ein større grad struktur og hensikt enn det som er vanleg i den daglege interaksjonen mellom menneske. Det kvalitative intervjuet søker å forstå røynda sett ut frå informanten si side. Ein tek

utgangspunkt i det enkelte menneske sine subjektive opplevingar, og ein siktar å oppnå ei forståing av menneske sine erfaringar og opplevingar (Kvale & Brinkmann, 2015). Det fenomenologiske perspektivet har som utgangspunkt at røynda er slik informantene oppfattar den. Det handlar om å forstå og løfte fram sosiale fenomen ut frå informantene sine egne perspektiv, samt å belyse informantene sine eksakte beskriving og få tak i den sentrale meininga. Formålet med det kvalitative forskingsintervjuet er å forstå sider ved informantene sitt daglegliv, ut frå hans eller hennar ståstad (Kvale & Brinkmann, 2015).

Eg valte å gjennomføre kvalitative intervju i forskinga mi, då eg var ute etter å få tak i dei tilsette sitt verdigrunnlag ut frå deira erfaringar og synspunkt. Kvalitative intervju kan utformast med forskjellig grad av struktur. Eg valte å gjennomføre semi-strukturerte intervju, då slike intervju kan gje forskaren større mogleik til å foreta samanlikningar mellom informantane, i motsetjing til opne intervju med en lågare grad av struktur. Semi-strukturerte intervju er verken ein open samtal eller eit lukka spørjeskjemasamtale. Det er vert utført ved at ein har ein intervjuguide som sirklar inn bestemte tema, og som kan innehalde forslag til spørsmål (Kvale & Brinkmann, 2015).

I denne studien vart det utarbeida ein intervjuguide, med forslag til spørsmål, men den vart ikkje følgt slavisk. Sjølv om det semi-strukturerte intervjuet ikkje er heilt ope har ein likevel ein mogleik for ein viss grad av fleksibilitet i intervjuet, slik at data som vert produsert undervegs kan vere styrande for dei spørsmål som etter kvart vert stilt (Thagaard, 2013). Ei slik intervju form gav meg mogleiken til å tilpasse kva spørsmål som skulle stillast i dei ulike intervjuet. Ei anna fordel med semi-strukturerte intervju er at forskaren kan avdekke og undersøkje nye ting undervegs gjennom heile forskingsprosessen, då det er lagt opp til ei viss grad av fleksibilitet (Berg, 2009). Vidare har eg som forskaren ei anna fordel ved at ein kan få ei meir nyanser og djupare kunnskap, enn om ein har ei meir fastsett ramme. Ein har mogleiken til å kome med oppfølgingsspørsmål for å undersøkje utover dei første svara og ein kan motivere informantane til å utdjupe tema på sin eigen måte. Ein vil på denne måten få eit vidare spekter av kvalitative svar (Berg, 2009). Bakdelen med ei slik intervju form er at det nok ligg nokre forventingar til grunn hjå forskaren. Dette kan vere medvitne eller umedvitne forventingar, og det føre til at forskaren på førehand har nokre fastlagte oppfatningar om korleis røynda som informantene beskriv. Dette kan påverke forskaren si forståing av det informantane fortel, kva spørsmål som vert stilt og kva ein legg til grunn for i datamaterialet generelt. Det er viktig at ein er medviten dette, slik at ein ikkje tek for gitt at ein har svara på undersøkinga. Sjølv er eg utdanna sosial arbeidar og har arbeida innanfor Housing First. Dette

har gjort til at eg har vorte nysgjerrig på feltet og til at eg har visse forventingar om problemstillinga mi. Det har vore viktig for meg å vere medviten min eigen før-forståing for å kunne unngå at eg generaliserer og tar for gitt at mine forventingar stemmer.

3.5.1 Utval

Når det gjelder innhenting av informantar til denne studien, vart det avgrensa til tilsette som arbeidar innanfor eit Housing First program på Vestlandet. Eg kontakta tre ulike program i tre kommunar på Vestlandet og fekk positivt svar frå to av dei. Dei seks tilsette som vart intervjuar, er frå to ulike program. Det var berre kvinner som deltok på undersøkinga. Alle informantane i denne oppgåva er anonyme.

I mai 2016 melde eg forskingsprosjektet mitt til Norsk samfunnsfaglig datatjeneste, (heretter kalla NSD) for å forsikra meg om at dei forskningsetiske formalitetane vart ivaretatt. Dei godkjende prosjektet. Godkjenning av prosjektet som vedlegg til oppgåva (Vedlegg nr. 3).

I forkant av intervjuar fekk informantane eit informasjonsskriv, samt dei skreiv under på eit samtykkeskjema. Skjemaet forklarar kva studien går ut på, og dermed også kva dei går med på. Dei vart også informert om at det er mogleg for dei å trekkje deltakinga si dersom dei skulle ynskje det. All informasjon og lydopptak vart sletta etter transkribering, og det er berre dei transkriberte intervjuar som vert brukt i studien. Informasjonsskrivet og samtykkeskjemaet ligg som vedlegg til oppgåva (vedlegg nr.1 og 2).

3.5.2 Førebuing og gjennomføring av intervju

Det vart våren 2016 satt oppe ein tidsplan for intervjuar, og avtale om tid og stad vart inngått. Det var planlagt at intervjuar skulle vare ca. 1 time. I følgje Malterud (2011) bør intervjuar maksimalt vare 45 minuttar. Dette med tanke på å halde fokus både for intervjuar og informant. Det vart lagt inn ein margin på 15 minuttar med tanke på å koma i gong, etablere kontakt og for å kunne avslutte på ein god måte.

Intervjuar vart gjennomført sommaren 2016. Ettersom eg utførte eit semi-strukturert intervju, var det naudsynt med ein intervjuguide kor eg hadde med dei spørsmåla eg ønskja å stilla. Innleiingsvis starta eg med å gjenta informasjonen om bruk av lydopptakar, samt at det berre er underteikna som har tilgang på lydopptaket. Datamaterialet vil verte oppbevart innelåst og slettet når masteroppgåva er levert. Intervjuet fortsette vidare med at informantane kom med ein del bakgrunnsinformasjon, før eg konkret spurde spørsmål som eg meinte kunne

få fram deira verdigrunnlag. Intervjua vart gjennomførte på informantane sin arbeidsplass, då dette vart enklast for dei tilsette. Intervjua varte mellom 30-60 minuttar.

Informantane vart spurt om samtykke til eit eventuelt oppfølgingsintervju dersom det skulle verte behov for avklaring ved transkribering og analyse, men det har ikkje vore naudsynt.

Samtalar mellom menneske inneber informasjonsutveksling og sosial samhandling. I følge Malterud (2011) er det gjennom orda me skapar den røynda me er ein del av. Konteksten kring samtala vil vere ein ramme for kunnskapsutviklinga. Det er særleg viktig at eg som intervjuar forstår kva som føregår mellom informant og intervjuar, og kva tyding dette har for tolking og funn. Eg prøvde å vere medviten det at kroppsspråket mitt, spørsmåla mine og nærværet mitt påverkar det som vert sagt i samtalen. Eg hadde fokus på å skape eit klima prega av tryggleik og tillit. Kor djup samtala ville gå, var avhengig av møterelasjonen mellom informanten og meg som intervjuar. Som Malterud (2011) seier, er det eit mål at intervjuet skal utgjere ei konstruktiv erfaring. Ikkje berre for den som intervjuar, men og for informanten. Målet var at informanten skulle oppleve intervjuet som ei positiv oppleving og få ei god kjensle av å bidra med nyttig kunnskap (Malterud, 2011).

3.6 Analyse

I denne studien ønskja ein å finne ut korleis verdigrunnlaget fram trer ut frå eit fyrstepersonsperspektiv. I eit hermeneutisk perspektiv er det meiningsfortolkinga som er det sentrale og den hermeneutiske sirkel er eit viktig omgrep. Det er viktig å vere medviten på samanhengane dei ulike tekstene inngår i når ein skal skape meining av ein tekst. Delane må verte tolka og forstått ut frå heilskapen og heilskapen må verte fortolka og forstått ut frå delane. Tolkingsprosessen vert dermed ei sirkelrørsle der deler og heilskap vekselvis utfyller kvarandre, og kor vår oppfatning og forståing vert forandra og utvida undervegs (Gilje & Grimen, 1995).

Thagaard (2013) hevdar at fortolking er ein gjennomgåande aktivitet under heile forskingsprosessen. Ho hevdar vidare at forståinga av data vert utvikla heile tida. Ho seier at tolking og analyse er to sider av same sak fordi ein ikkje kan beskrive og kategorisere utan å fortolke. Eg støttar meg til dette, og meiner dette er viktig å vere medviten dette gjennom heile prosessen. Ein kan sei at forskaren påverkar forskinga under heile prosessen med sine fortolkingar (Thagaard, 2013).

Kva analysemetode ein bør velje er avhengig av kva det er ein skal undersøkje. Det er innhaldet og formålet med undersøkinga som bør styre metoden. Analyseprosessen slik eg ser den, begynner under intervjuet og vert ferdigstilla under skrivinga av oppgåva. Den er med andre ord ein kontinuerleg prosess som startar når historiene vert fortalt av informantane. Å analysere er, i følgje Brinkmann & Kvale (2015), å dele opp materialet i mindre deler. Ei utfordring er likevel å halde fatt i heilskapen i denne prosessen.

I ein kvalitativ studie får ein inn store mengder informasjon. Eg nytta om lag ein arbeidsdag til å transkribere intervjuet. Transkripsjonen gjorde eg fortløpande etter kvart intervju. I følgje Malterud (2011) står analysen av kvalitative data av å stille spørsmål til materialet, lese og organisere data i lys av dette, samt gjenfortelje svara på ein systematisk, forståeleg og relevant måte. Arbeidet var tidkrevjande, men etter ein del frustrasjonar kom eg i mål med transkriberinga i september 2016.

Etter transkriberinga sat eg igjen med relativt mykje datamateriale som eg måtte redusere og kategorisere slik at eg kunne handtere det. Kategoriseringa var krevjande i høve til det å finne ein hensiktsmessig strukturering som best mogleg kunne hjelpe meg til å systematisere funna. Eg tok utgangspunkt i analysemetoden til Lindseth & Nordberg (2004). Fyrst leste eg gjennom materialet fleire gongar, for å sjå kva verdiar som eg syns kom fram frå utsegna til informantane. Deretter prøvde eg at danne hovudtema med dei verdiane eg syns var mest framtreddane. I denne prosessen prøvde eg å vere medviten på å ha ei open tilnærming der fokuset mitt var å avdekke kva dei ulike data handla om. Neste steg var å sortere data i underkategoriar. Datamaterialet ble omarbeida fleire gonger før eg var nøgd med kategoriseringa. Nokon data var overlappande i den forstand at same utsegn kunne kaste lys over meir enn ein kategori.

Ei anna utfordring var å rydde i kva sitat eg skulle bruke i teksten. Eg valte å endre på noko av det munnlege språket for å gjere det meir lesarvennleg, samt for å anonymisera det i forhold til dialektar. Eg var samtidig medviten på at meiningsinnhaldet var det same.

Korleis ein vel å kategorisere, analysere og tolke materialet vil kunne variere frå forskar til forskar og det er vanskeleg å vite om ein har klart å lande på den mest hensiktsmessige og truverdige måten. Under omarbeidinga av materialet har eg vore medviten på å skilje mellom det å analysere og det å tolke. Eg prøvde også å vere medviten på at sitata ikkje skulle verte tolka ut av den samanhengen dei vart sagt i. I prosessen har eg støtta meg til Gilje & Grimen

sitt utsagn (1995:162): «Det finnes ikke noe absolutt sikkert fundament som man kan starte en fortolkningsprosess ut fra, eller noen sikker basis som man kan prøve fortolkningen mot».

3.6.1 Transkribering

I følge Kvale & Brinkmann (2015) vert intervjuja betre eigna for analyse når dei er transkribert frå munnleg til skriftleg. «Når intervjuene transkriberes fra muntlig til skriftlig form, blir intervjusamtalene strukturert slik at de er bedre egnet for analyse. Når materialet struktureres i tekstform blir det lettere å få oversikt over det, og struktureringen er i seg selv en begynnelse på analysen» (Kvale & Brinkmann 2015:206). Eg er klar over at ein i ein transkripsjonsprosess kan risikera å miste ein del informasjon i form av kroppsspråk og pausar, noko som ikkje er like lett å gjere skriftleg. «Transkripsjon fra lydopptak til tekst er forbundet med en rekke tekniske og fortolkningsmessige problemstillinger – spesielt angående ordrett talerspråkstil versus skriftspråkstil (...)» (Kvale & Brinkmann 2015:207). Etersom at dette er ein studie, kor ein skal finne fram til tilsette i Housing First programma sitt verdigrunnlag, er kroppsspråket av mindre tyding. Eg har difor valt å ikkje legge vekt på kroppsspråk og andre faktar under transkriberinga, men heller fokusert på kva som vart sagt.

3.7 Ethiske omsyn

Ethiske retningslinjer er eit viktig tema innan kvalitativ analyse. Thagaard (2013) viser til forskaren sitt ansvar, og meina at alle metodisk val inneber etiske konsekvensar som ein som forskar må ta stilling til. Eg vil her gå inn på det som er relevant for mi oppgåve. Ethiske retningslinjer for kvalitativ metode kan knytast til tre hovudprinsipp; informert samtykke, konfidensialitet og konsekvensar. Informert samtykke «betyr at forskningsdeltakerne informeres om undersøkelsens overordnede formål og om hovedtrekkene i designen, så vel som mulige risikoer og fordeler med å delta i forskningsprosjektet» (Kvale & Brinkmann, 2009:104). Før intervjuja vart gjennomført fekk informantane tilsendt eit informasjonsskriv som innehaldt hovudpunkta for oppgåva. I tillegg starta eg intervjuja med kort informasjon om prosjektet. Når det gjeld risiko og fordelar brukte eg ikkje mykje tid på å informere om dette, då prosjektet ikkje er av ei sensitiv art og eg syns difor ikkje det hadde særleg relevans. Det er ikkje særleg risiko å delta i studia, så lenge eg held identiteten deira skjult. Den einaste ulempa eg kan finne er at dei måtte ta seg tid til å gjennomføre intervjuet. Dette er tid som dei kunne brukt på deltakarane i Housing First programmet. Ein fordel med å delta kan vere at informantane fekk snakke om noko dei syns er viktig, og eg fekk inntrykk av at dei meina at

problemstillinga mi var interessant. Eg fekk informantane sitt samtykke til å gjere opptak og til å bruke datamaterialet i oppgåva min, med forbehold om at identitetane deira ikkje kom ut. Både Kvale & Brinkmann (2009) og Thagaard (2013) peikar på utfordringar når det gjeld informert samtykke i kvalitativ forskning. Ein utfordring er at prosjektet sitt føremål og planar kan endrast undervegs som følgje av ny kunnskap, dermed blir det vanskeleg å gi all informasjon i starten av prosjektet. Thagaard (2013) legger også vekt på at for detaljert informasjon kan påverke informantane si åtferd. Eg meina at desse utfordringane i liten grad er representert i min studie. Konfidensialitet referera til at ein ikkje skal offentleggjere personlege data som kan avsløre intervjupersonane sin identitet (Kvale & Brinkmann, 2009). I mi oppgåve har eg ikkje nytta namn på informantane. Eg har heller ikkje skrive kva kommune dei arbeidar i. Dette fordi det ikkje er så mange Housing First program i Noreg. Thagaard (2003) peikar på eit par utfordringar knytt til konfidensialitet. Dette er at deltakarane sin anonymitet kan gjere det vanskeleg å oppfylle krava til pålitelegheit i forskinga, og at resultata ikkje kan nyttast og verifiserast direkte av andre forskarar. Det tredje hovudprinsippet innan etiske retningslinjer dreiar seg om konsekvensane av å delta i forskinga. Konsekvensane er knytt til den moglege skaden studia kan påføre dei som deltek og til fordelene dei kan forventast å få ved å delta i studia (Kvale & Brinkmann, 2015). Som eg har nemnt tidlegare kjem ikkje informantane mine til skade ved å delta i undersøking. Det er heller ikkje så mange fordelar ved å delta i undersøkinga mi. Det vert ikkje teke opp særleg sensitive tema i undersøkinga, så informantane har ingenting å tape på å delta.

I følgje Kvale & Brinkmann (2015) er det viktig som forskar å vere medviten på at det oppstår eit asymmetrisk maktforhold mellom forskaren og informanten. Forskaren er den som skal analysere og tolke det informantane har sagt og det er ikkje sikkert at informantane vil like det forskaren konkludera med.

Som forskar kan eg komme opp i etiske dilemma. Kva om forskinga konkluderer med å beskrive ei røynd som informantane ikkje ynskjer å identifisere seg med? Det vert krevja etisk medvit hjå meg som forskar, men eg kan ikkje vere bunden av omsynet til informantane fordi dette vil binde opp forskinga på ein uheldig måte. Eg kan ikkje sjå at mi problemstilling inneberer nokon spesielle etiske dilemma av stor tyding for mine informantar. Alle informantane og kva kommune dei kjem frå er anonymisert i teksten. Eg har vore medviten på å ta vare på den svake part ved å ikkje ta med materiale som har vore sårbart eller pålagt av teieplikta, og som kan identifisere informantane mine eller andre dei har uttalt seg om. Prosjektet er godkjent hjå NSD (sjå vedlegg 4).

3.8 *Forskingskvalitet*

All forskning uansett metode vil ha sine styrker og svakheiter og påvirke undersøkelsen sin kvalitet. Det er difor naudsynt å ha ei gjennomgang av kvaliteten på forskinga med utgangspunkt i reliabilitet (pålitelighet), validitet (gyldighet) og generaliserbarheit (overførbarheit) (Bush, 2013).

Når det gjeld kvalitative studie kan det vere lite hensiktsmessig å snakke om reliabilitet. Reliabilitet seier noko om kor påliteleg data frå undersøkinga er, kva data som vert brukast, på kva måte dei er samla inn og på kva måte dei vert omarbeida (Kvale & Brinkmann, 2015).

I fylgje Lindseth & Nordberg (2004) er hensikta med fenomenologisk-hermeneutisk metode å avdekke ei essensiell meining i verda. Målet er auka forståing av eit fenomen, gjennom tolking av meininga som framkjem av fenomenet. Spørsmåla om validitet og reliabilitet er annleis enn ved kvantitativ forskning. I kvalitativ forskning vert spørsmålet i kva grad forskaren er konsekvent og merksam gjennom hele forskingsprosessen. Dette studie er forsøkt gjennomført så konsekvent som mogleg. Datainnsamlingsteknikken i denne oppgåva er delvis ustrukturert i og med at eit kvalitative intervju har ein open form som kan gi rom for ulike innfallsvinklar. Det er informantane som i stor grad styrer retninga og innhaldet på datamaterialet. Intervjua har blitt gjennomført, transkribert og analysert, i høve til valt metode og teori. Det må også takast omsyn til at eg som forskar har hatt innverknad på det som skjedde under intervjua både som observatør og som behandlar av datamaterialet. Min eigen bakgrunn og før-forståing har blitt med inn i intervjua og i omarbeidinga av data og kan dermed ha påverka denne prosessen.

Validitet viser som regel til om ein metode kan brukast til å undersøkje det den seier at den skal undersøkje (Kvale & Brinkmann, 2015). Validiteten fortel om det er samheng mellom fenomenet som vert undersøkt og dei data som er samla inn. Det er vanskeleg å måle kvalitative data og derfor vert det lagt meir vekt på om observasjonane mine reflektera dei fenomena eg ynskjer å vite noko om. Det er, også her, krevjande å måle validiteten. For det fyrste fordi eg ikkje har nokon garanti for at informantane har gitt meg eit reelt bilde av sine verdiar og sin praksis. De er påverka av konteksten intervjuet finn stad i. De kan også vere påverka av meg og det dei trur er mine forventningar. For det andre er eg, som forskar, prega av min før-forståing og røyndsoppfatning, og det er vanskeleg å måle i kva grad eg har klart å vere objektiv under tolkinga av data. Ein måte å løyse dette på er å gje att det informantane

har sagt i form av sitat, slik at min tolking kan verte vurdert opp mot det som faktisk er uttalt av informantane.

Generaliserbarheita er knytt til om våre funn kan verte overført til andre situasjonar og om funna kan verte delt med andre (Bush, 2013). Malterud (2011) meina at i forhold til kvalitative studier er «Aha» effekten ein viktig indikator for overførbarheita. Dersom studia har bidratt til at ein annan forstår litt meir av sitt eget, ut frå det som er gjort, har ein nådd fram med ny kunnskap. I denne studien sit ein igjen med ein kunnskap om kva verdigrunnlag som er rådande hjå dei som arbeidar i to ulike Housing First program. Det er nærliggjande å tru at verdiane også kan vise seg hjå andre tilsette i andre Housing First program.

4.0 Funn

I dette kapittelet vil eg presentera datamaterialet frå intervjuja gjennom ei kategoriske framstilling. Kategoriane har vakse ut av empirien og synleggjer informantane si røynd. Dei er utarbeidde for å gje ei rik og djuptgåande forståing av problemstillinga:

«Kva verdigrunnlag er rådande hjå dei som arbeidar i eit Housing First program?»

Funna som er gjort er sett opp som verdiar, med underkategoriar knytt opp til korleis verdiane viser seg i handlingsrommet. Det som kom til syne i datamaterialet, har eg utarbeidd i ulike kategoriar. Kategoriane er utarbeida etter mi tolking av det informantane har sagt, og datamaterialet har gitt meg ein kategori som er overordna og ligg til grunn for kor verdiane vert synlege og i kva handlingar dei kom til syne i. Det som er overordna er:

«Å etablere ein relasjon»

Hovudkategoriane i høve kva verdiar som kom til syne er:

«Respekt»

«Toleranse»

«Likeverd»

«Verdigheit».

Underkategoriane er knytt til kva handlinga dei ulike verdiane viser seg i handlingsrommet mellom dei tilsette og deltakarane.

Under kategorien «Respekt» har eg to underkategoriar knytt til handling: «Å Lytte» og «Å vere tolmodig».

Under kategorien «Toleranse» er underkategorien «Å ikkje dømme».

I kategorien «Likeverd» er det 3 underkategoriar: «Å Involvere», «Å medverke» og «Å gje tilbod om val».

Den siste kategorien, som er kalla «Verdigheit», inneheld underkategoriane: «Å vere interessert i andre menneske» og «Å gje omsorg/sørgje for andre».

I forhold til måten ein ser på data på, så kunne andre ha kome fram til andre verdiar. Men dette er det som datamaterialet gav meg med min bakgrunn.

Sitata frå intervjuja har eg valt å sette i kursiv med hermeteikn. Eg har med veten valt å ikkje kode sitata i høve til kven av informantane som sa kva. Det er meiningsinnhaldet eg har vore ute etter å kaste lys over, uavhengig av kven som har uttalt seg.

Det har i arbeidet med teksten vore utfordrande å sortere ut kva som er hovudtema og kva som er undertema, fordi mykje heng saman. Nokon av sitata har også vore vanskeleg å kategorisere, då fleire undertema kan sorterast under fleire hovudtema. Eg har i desse situasjonane teke eit val i høve til kva verdi eg har lagt størst vekt på opp mot meiningsinnhaldet.

Det var ingen forhold i materiala som tyda store forskjellar mellom dei ulike yrkesgruppene som vart intervjua. Dette vil difor ikkje verte belyst i studien.

I tabellen under viser eg eit utdrag frå korleis eg har sett opp analysen. Resten av analystabellen ligg som vedlegg nr.5.

Verdiar	Handling(sub-tema)	Meiningseining
Respekt	- Å lytte	<ul style="list-style-type: none"> - Det er viktig at ein ikkje gjere ting for dei, men gjere ting med dei... - Me må møte deltakarane der dei er... - Me må gå ved sida av og gje støtte, ikkje gå framfor å dra.. - Kvart menneske er unikt. Det er viktig at me ser den me skal hjelp og at hjelpa er tilpassa den enkelte... - Ein må gjere det beste av situasjonen og gje hjelpa ut i frå kvar vedkomande er i livet.. - Det er heile tida viktig at me jobbar ut frå deltakaren sine ynskjer og behov. - Det er viktig at me spør deltakaren; Kva er det DU treng for å få til dette? Kva kan hjelpe akkurat DEG?

	<p>- Å vise tolmod</p>	<p>- Det er viktig at me viser at me står i det.. at me ikkje gjev opp..</p> <p>- Me må ofte ta det steg for steg.. Ting kan ta tid..</p> <p>- Det er viktig å vise at me er der, sjølv om ting kanskje ikkje går så bra..</p> <p>- Me er ei teneste som ikkje gjev opp.. Me står i ting og er der for dei..</p> <p>- Det å vise at me er tilgjengelege og at me står i ting over tid meina eg er viktig...</p>
--	------------------------	---

Tabell nr 1: Utdrag frå analysetabell

4.1 Å etablere ein relasjon

Menneske er sosiale individ og er avhengig av å ha kontakt med andre menneske. I dagleglivet inngår ein i mange ulike relasjonar, både som enkeltindivid og som medlemmer i større grupper og samfunn.

Å etablere ein relasjon, synte seg for meg til å vere ein overordna kategori, kor dei ulike verdiane kjem til syne. Å byggje relasjonar er å skape tryggleik og gode rammer i ein kvar situasjon. Det er essensielt at ein tar seg tid til å byggje gode relasjonar og at ein brukar relasjonen i arbeidet med Housing First. Fleire av informantane snakka om viktigheita av å etablere gode relasjonar når ein skal hjelpe andre menneske. Dei snakka om at dersom ein får nye relasjonar må ein bruke tid på å verte kjent, slik at ein kan få til ein god relasjon. Dette kan ofte ta lang tid, men det er då ekstra viktig å vise at ein har god tid. Ein av informantane sa: «*Det er kjempe viktig at ein brukar tid på å få gode relasjonar. For når du får ein god relasjon kan ein oppnå så utruleg mykje saman.*» Ei anna stadfestar dette: «*Når ein har djupe relasjonar kan det føre til endringar på andre plan..*».

Ein av dei tilsette seier: «*Me må bruka den tilknytninga dei får til oss på ein god måte..*». Dette meina eg referer til kjemien mellom den tilsette og deltakaren. Det er forskjellige menneske som arbeider i Housing First program og det er forskjellige typar menneske som er deltakarar

av tenestene. Mange får ulik kontakt og ein må nytte den kontakten ein får på ein god måte. På denne måten kan ein skape tryggleik for deltakarane av Housing First tenestene. Ein tilsett seier at ein innanfor Housing First må bruke god tid på å skape gode relasjonar. Ho seier også at ho har fått tilbakemelding frå mange av deltakarane at dei tilsette i Housing First programmet har blitt ein tryggleik i livet deira. Dette meina ho er på grunn av den gode relasjonen deltakarane har til dei tilsette. Samtidig lyt ein passe på at deltakarane ikkje vert for knytt til enkelte av dei tilsette. Housing First programma består ofte av små team og dermed sårbare i forhold til sjukdom og fråvær. Det er då naudsynt at deltakaren har ein grunnleggande tillit til alle som arbeidar i programmet, slik at andre kan ta over dersom nokon er vekke. Dette vert stadfesta av utsegnen: *«Det er naudsynt med ein tillit mellom alle dei tilsette og deltakarane. Dei må ha ein tillit til at det er ein konsistens i det me held på med og at me gjer ting på nokolunde same måten.»*

Dersom ein har gode relasjonar i botn kan ein få til eit betre samarbeid. Eit utsegn som seier noko om dette er: *«Det er viktig å skape gode relasjonar og vise at me er tilgjengelege, slik at me kan skape ein betre kvardag i saman med dei»*. Det å ha fokus på å skape gode, trygge og tillitsfulle relasjonar er med på vise respekt, toleranse, likeverd og verdigheit for kvar enkelt deltakar i programmet, og det er i etableringa av ein relasjon at alle verdiane kjem til syne.

4.2 Housing First tilsette sitt verdigrunnlag (ethos)

Det var fire verdiar som kom til syne i datamaterialet mitt. Det var verdiane respekt, toleranse, likeverd og verdigheit. Verdiane viste seg via handlingar som dei tilsette nyttar i Housing First arbeidet. Eg vil her kome med sitat som viser til dei ulike verdiane og handlingane som verdiane synte seg i. Sitata er sett i kursiv og hermeteikn.

4.2.1 Respekt

Den fyrste verdien, som materialiserte seg i høve til kva dei tilsette fortalte i intervjuet, er respekt. Det vart snakka om både å vise respekt for kollegaer og deltakarar av tenestene til Housing First programma. Respekt gjev uttrykk for ei haldning overfor andre som viser anerkjenning og ære.

Alle informantane snakka om respekt og at ein må vise ei respektfull haldning overfor dei ein er rundt. Eit sitat som seier noko om dette er: *«Noko av det viktigaste me gjere er å jobba med respekt for den andre. Det å ta på alvor kva dei ynskjer hjelp til og å ikkje bli fanga av det*

andre seie om vedkommande..». Eit anna sitat som seier noko om respekt er dette: *«Det er viktig at me tonar ned maktaspektet ved å vere hjelpar, slik at me kan vere meir på nivå med dei. Det er viktig at me respektera det dei bestem seg for, sjølv om me kanskje ikkje er einige i det..».* Det å vise respekt viser seg i måten ein møte andre på. Dei handlingane som kan knytte seg til det å vise respekt overfor andre, er det å lytte og å vere tolmodig.

4.2.1.1 Å lytte

I møtet mellom to menneske føre går det mykje både på innsida og utsida av kvar person. Noko vert sagt høgt. Mykje vert usagt eller vert berre indirekte ytra.

I alle intervjuja snakka informantane om at det er naudsynt å lytte til den dei skal vere der for. Slik kan ein individuelt tilpasse hjelpa ein skal gje og ein slepp mistydingar. Dette kjem til uttrykk i materialet gjennom utsegn som dette: *«Kvart menneske er unikt. Det er viktig at me ser den me skal hjelpa og at hjelpa er tilpassa den enkelte..».* Ein annan tilsett sa det på denne måten: *«Ein må gjere det beste av situasjonen og gje hjelpa ut i frå kvar vedkommande er i livet..».* Ved å lytte til deira behov kan ein gje deltakarane eit verdig liv der dei er, og ein kan gje best mogleg individuelt tilpassa hjelp.

Dei tilsette snakka også ein del om dette med å lytte til ynskjer, behov og mål. Dei er opptatt av at dei ikkje skal gå framfor deltakaren og dra. Det kan føre til motstand hjå deltakaren. Ein informant sa: *«Me må gå ved sida av og gje støtte, ikkje gå framfor å dra..».* For å kunne gå på sida av og gje støtte, er det viktig at det er deltakaren sitt mål som er styrande for den hjelpa som vert gitt. Går ein framfor å drar har ein ikkje lytta godt nok til kva deltakaren ynskjer eller har som mål, og ein kan enda opp med at deltakaren vert misnøgd med hjelpa han får. Ein av dei tilsette sa: *«Det er viktig at ein ikkje gjere ting for dei, men gjere ting med dei..».* Utsegnet viser til dette med at dersom me vert for ivrige til å hjelpe, kan det vere at ein ikkje klart å fange opp kva den enkelte eigentleg ynskjer av hjelp. Og dermed kan ein enda opp med å hjelpe ut frå kva ein sjølv syns er best for den hjelpetrengande. Dette kan føra til at deltakaren ikkje kjenner at han får den hjelpa han treng eller har behov for, samt han kan kjenne seg møtt på ein respektlaus måte. Dette gjeld særleg når ein skal inn i deltakaren sin heim. Ein informant seier det då er viktig å finne ein balanse i forhold til kva ein som hjelpar ser burde ha vorte gjort og kva deltakaren ynskjer å gjere. Det viser også til at ein må møte deltakaren der han/ho er. Det nyttar til dømes ikkje å starte med hjelp i heimen, dersom deltakaren er opptatt av økonomi. Dersom det er mykje støy rundt ein deltakar, lyt ein ordne opp i dette før ein startar oppatt med det eigentlege målet.

Alle informantane var einige i at det er svært viktig å lytte til deltakarane sine ynskjer, mål og behov. På den måten kan ein gje best mogleg tilpassa tenester til akkurat den deltakaren ein skal hjelpe, samt ein møter deltakaren på ein respektfullmøte.

4.2.1.2 Å vise tolmod

Dei tilsette i programma seier noko om at det er naudsynt at ein i arbeid med rusavhengige har god tolmod. Det er ikkje alltid at ein får gjort det ein hadde tenkt eller at ein oppnår det ein hadde plan på saman med deltakaren. Ein tilsett seier: «*Det er viktig at me viser at me står i det.. At me ikkje gjev opp.. Sjølv om me ikkje alltid får til det me skal..*». Dette er også nyttig i høve til når ting ikkje går så bra. Ei anna seier det på denne måten: «*Det er viktig å vise at me er der, sjølv om ting kanskje ikkje går så bra..*». Ein lyt vise at ein står i relasjonen sjølv om ein ikkje alltid får til det ein hadde sett for seg i utgangspunktet og sjølv om deltakaren til tider kan prøva å utfordre ein. Ofte opplever dei også at andre ting, enn det ein hadde planlagt, kjem i vegen. Fleire nemner då at det er viktig å ta seg tid til å jobba med det som kjem opp, før ein kan fortsette med ein hadde planlagt. Dersom ein ikkje gjer det kan ein risikere at ein ikkje når målet deltakaren har satt seg.

Ei av dei tilsette fortel at Housing First programma er ei teneste som ikkje gjev opp deltakarane. Sjølv om ein kanskje ikkje kjem i posisjon til dei over tid. Ho seier at det er viktig for dei å stå i ting over tid for å vise deltakaren at ein er der for dei og at ein ikkje gjev dei opp så lett. Mange av deltakarane har brukt opp mange tenester slik som DPS, NAV, lege og familie. Men dei tilsette i Housing First programma er opptatt av å vise at dei er til stades for deltakarane og at dei ikkje gjev dei opp, sjølv om ein kanskje ikkje får til det ein skal med ein gong. Utsegnen, «*Me er ei teneste som ikkje gjev opp.. Me står i ting og er der for dei..*», stadfestar dette.

Ved å vise tolmod viser dei tilsette respekt for deltakaren og dei gjev dei tillit til at dei kan nå dei måla dei set seg.

4.2.2 Toleranse

Den neste verdien eg fann i materialet er toleranse. Toleranse handlar mykje om korleis ein behandlar menneska rundt seg. Dei tilsette verdien toleranse kjem til syne ved at dei tilsette ikkje dømmer den dei skal hjelpe.

4.2.2.1 Å ikkje dømme

Alle informantane la vekt på tydinga av å vere ikkje dømmande i møte med deltakarane. Dei er opptatt av at ein ikkje skal heva seg over deltakarane, men at ein sidestillar seg med dei. Ein tilsett seier at ein av grunnane til at ein får så god relasjon til dei er at har ei ikkje-dømmande tilnærming i møte med den dei skal hjelpe. Ho seier: *«Dei ser at me ikkje hevar oss over dei.. Dei ser at me er på deira linje. Me tar ikkje slutningar over hovudet deira. Dei er oss likeverdige..»*. To av dei andre tilsette seier det same, men på ein anna måte: *«Dei veit at me ikkje dømmer dei..»* og *« Me godtar dei for dei dei er..»*.

Det er viktig for fleire av dei tilsette å ikkje dømme deltakarane, då deltakarane ofte vert dømt og stigmatisert elles i samfunnet. Dei tilsette ynskjer å gje deltakarane eit verdig liv der dei er i dag. Og ikkje der dei bør være i høve til samfunnsstandarden. Ein tilsett seier: *«Det er viktig for meg å møte deltakarane der dei er.. i den situasjonen dei er i»*. Dette heng saman med at ho ynskjer å gje deltakaren eit verdig liv der han/ho er i dag og på dei premissa han/ho har, ut frå den situasjonen vedkommande er i. Fleire av dei tilsette ynskja å formidle at dei respektera at deltakaren lever andre liv enn dei sjølv og at dei gjev hjelpa ut frå deltakarane sine premiss. Ein formidlar det på denne måten: *« Vår hovudjobb er å sjå dei der dei er og å prøve å vere ein støtte spelar for dei der dei er..»*.

Alle dei tilsette er opptatt av å vise at dei støttar deltakarane sine val, sjølv om dei ikkje alltid er einige i vala dei gjer. Dette utsegnet meina eg seier noko om dette: *«Me må vise at me står i ting og gje dei den same rausheita og respekten i høve dei vala dei tar. Sjølv om me kanskje er ueinige i vala»*. Fleire snakkar om at dette til tider kan vere vanskeleg, då ein i mange situasjonar har så lyst å hjelpe dei på rett spor. Då er det særleg avgjerande at ein ikkje tek over ansvaret for livet deira. Det kan ofte føre til uynskte konflikhtar. Fleire av informantane snakka om at det er viktig at det er deltakarane som har ansvaret for sitt liv og at dei viser at dei er til stades for å støtte dei i deira prosessar. Ved å vise respekt for deira val og ved å vise at dei ikkje er dømmande viser dei tilsette toleranse overfor deltakarane.

4.2.3 Likeverd

Den tredje verdien eg fann rådande hjå dei tilsette i Housing First programma er verdien likeverd. Likeverd inneber ein tanke om at alle menneske har like stor verdi og er like verdifulle, på tross av menneskeleg mangfald og variasjon i blant anna eigenskapar. Dei tilsette i Housing First programma er opptatt av å få fram at alle menneske er like mykje verd, heilt uavhengig av kva ein evnar å prestere eller om ein har diagnosar eller avvik. Fleire av

dei tilsette meina at samfunnet elles ikkje alltid viser personar med Rop-lidingar likeverd. Difor er det særleg viktig for dei tilsette å etterstreve dette. Dei handlingane dei tilsette referera til som viser til verdien likeverd er å involvere, å gje dei tilbod om val og å medverke.

4.2.3.1 Å involvere

Alle informantane er opptekne av å anerkjenne deltakarane si sjølvråderett og deira eigen oppleving av situasjonar. Dette kjem fram i utsegn som dette: *«Det er kjempe viktig at deltakaren er med på lag. Viss ikkje kjem ein ingen veg..»*. I tillegg til å handle om involvering, handlar dette også om å spele på lag med deltakarane, slik at ein arbeidar saman mot same mål. Det er lite formålstenleg å til dømes arbeide mot mål som deltakaren sjølv ikkje har utarbeida. Deltakaren kan då oppleve hjelpelausheit i staden for meistring. Eit anna utsegn som seier noko om detter er: *«Det handlar jo ikkje om kva me vil, men om kva dei ynskjer...»*. Det er nyttig at deltakaren er med å påverke omgjevnadane gjennom eigne val og ressursar. Dette vil kunne påverke sjølvbilete til deltakaren på ein positiv måte og styrke deltakaren sin motivasjon. For å kunne fremje sjølvbilete og bidra til at deltakarane tek ansvar for eige liv, meina fleire av dei tilsette at ein må ta deltakarane på alvor og å lytte til kva dei meina dei har behov for. Ei av dei tilsette seier noko om det: *«Me er opptatt av deltakarane og at dei skal delta. Det er viktig å ta dei med.. Det er tross alt deira liv.. Dei har ansvar for sitt eige liv og si eiga helse..»*.

Under intervjuva vart det fleire gongar nemnt at dei rusavhengige ikkje vert så godt tatt vare på i samfunnet. Dei har ofte brukt opp systemet rundt seg ved stadige avbrotne behandlingar, ikkje møtt til avtalar og liknande. Fleire av dei tilsette er klar på at ein må sjå dei ressursane deltakarane har, på tross av rusniåvet. Det å arbeide med ressursar og mogleikar er noko som opptar dei tilsette. Eit utsegn som stadfestar dette er: *«Alle har noko dei kan ta tak i og jobbe utifrå...»*.

Meistrar ein å få deltakaren til å involvere seg i sine eigne prosessar kan det verke positivt for hans/hennar betringsprosessar, og det kan soleis ha ein terapeutisk effekt.

4.2.3.2 Å gje tilbod om val

Fleire av dei tilsette syns det er vanskeleg å gje den valfridommen som krevst av Housing First på grunn av rammene ein har i regi av kommunen. Det er ikkje alltid like lett å få til reelle val i høve til bustaden, då det ikkje alltid er lett å få tak i mange nok bustadar. Men dei tilsette er opptatt av å gje tilbod om val der dei har høve til det. Ein av dei tilsette seier: *«Me spør dei kva dei ynskjer hjelp til, heller enn å komma med tilbod..»*. Dette er ei endring i høve

til korleis ein har arbeida tidlegare. Då har ein kome med ei teneste og sagt at dette er det me kan tilby deg. Dei tilsette har no snudd dette og spør deltakarane kva dei ynskjer av hjelp. På denne måten kan ein få ei meir personleg teneste tilpassa den enkelte deltakar og deltakaren får meir brukarstyring.

Dei tilsette ynskjer å vise til deltakarane at dei er der, men at det er opp til den enkelt deltakar kva dei ynskjer å få hjelp til og kor ofte dei treng hjelp. På denne måten er deltakarane med å styre kva tenester som vert gitt. Nokre utsegn som stadfestar dette er: *«Viktig å vise at me er der, men at det er opp til dei..»* og *«Det er viktig å halde høgt at det er brukaren som skal ta vala og ikkje me. Men me må vise dei at me støttar dei uansett kva val dei tar..»*.

Ei anna tilsett snakkar om at det kan vere vanskeleg for nokre av deltakarane å ta val. Det kan vere utfordrande for dei å plutselig verte høyrte på det dei seier. Mange har opplevd å ikkje verte tatt på alvor av systemet tidlegare. Den tilsette meina då at ein må å tilretteleggje godt, slik at deltakaren kan verte betre rusta til å ta eit val.. Ho seier: *«Mange av våre meistra ikkje livet, difor må me hjelp dei med å tilretteleggje..»* .

Det vert av fleire tilsette snakka om at dersom deltakarane ikkje vert tenkje med i val prosessar som gjeld deira liv, kan det føre til konflikter mellom tilsette og deltakar. Om ein har teke val for dei og det ikkje vert eit godt resultat får ein ofte skylda for at det vart som det vart. Eit sitat som stadfestar at ein må etterstreve å vere samarbeidspartnar og ikkje ekspert er; *«Me skal vere samarbeidspartnarane deira, og ikkje ein som lovar at slik og slik skal det bli..»*.

Ved å gje tilbod om val, får ein deltakaren med på lag og ein får ei meir tilpassa teneste til den enkelte deltakar. Ein vert ein samarbeidspartnar, som viser at deltakaren sine meiningar er like mykje verd som dei tilsette sin. Dette kan vere med på å gje deltakaren ei kjensle av likeverd.

4.2.3.3 Å medverke

Medverknad inneberer at deltakaren vert sett på som ein likeverdige partner i diskusjonar og avgjerder som angår hans/hennar problem. Det å få deltakarane til å medverke til sine eigne prosessar meina samlege av dei tilsette er svært viktig i Housing First arbeidet. Nokre av sitata som seier noko om dette er; *«Me må vere bevisste at me skal vere deira samarbeidspartnar og at me skal jobbe saman med dei..»* og *«Det er viktig å ivareta den andre og deira ynskjer og behov..»*.

Ved å medverke til sin eigen betringsprosess er det større sjanse for at deltakaren lykkast med å nå sine mål. Dette er også i tråd med recovery-tankegangen, kor den tilsette skal stille sin

faglege kompetanse og kunnskap til rådvelde for deltakaren. Samtidig skal ein verdsette deltakaren som ekspert på seg sjølv, i kraft av hans/hennar eigen erfaringar. Dei tilsette og deltakarane vert likeverdige partnerar med deltakarane sine mål i sentrum. Eit utsegn som stadfestar at dei tilsette har dette i tankane er; «*Det er viktig at me ikkje går inn i relasjonen som ekspert. Det er dei sjølve som er ekspert på eiga liv. Men eg deler gjerne av kunnskapen min om dei vil ha den og har brukt for den..*». Eit anna utsegn som også seier noko om dette er; «*Me er med på å hjelpe til med gode prosessar.. Men det er viktig at det er på brukaren sine premiss..*» .

Ein må heile vegen ha ein dialog med deltakarane om kva dei ynskjer å oppnå. Dersom ein får til dette, får ein til ein mykje betre dialog med deltakaren. Ein av dei tilsette seier det på denne måten; «*Me må heile tida spørje oss kva det er dei ynskjer og har behov for. Då får me ein heilt anna dialog..*». Dette speglar at dersom ein får til å tilpasse hjelpa til det deltakaren ynskjer og har behov for, har ein ei betre føresetnad for å få til ein betre relasjon og dialog med deltakaren. Deltakaren kjenner seg betre tatt vare på og han får ei kjensle av å ta ansvar for eiga liv.

Det å få vere skipper på eigen skute, er heilt sentralt i ein betringsprosess. At ein opplev å verte sett, respektert og lytta til, er med på å skape ei kjensle av likeverd hjå deltakaren.

4.2.4 Verdighet

Den siste verdien eg fann i datamaterialet var verdien verdighet. Verdighet er eit omfattande omgrep, og ein grunnleggjande verdi i seg sjølv. For å kunne leia eit menneskeliv treng ein verdighet. Det er viktig å kunne identifiser seg med andre menneske sitt liv og visa empati. Ei handling er berre verdig dersom ein kjenner seg verdig når andre behandlar ein på same måte som ein sjølv gjere. Det vil seie at ein skal verdsette andre slik at dei verdsett deg.

Verdighet viser seg hjå dei tilsette via kategoriane «å ha interesse for andre menneske» og «å gje omsorg/sørgje for andre».

4.2.4.1 Å ha interesse for andre menneske

Dei tilsette viser alle ei genuin interesse for andre menneske. Dei fleste har sidan dei var små visst at dei skulle arbeide med andre menneske og hjelpe dei som treng det til å klare seg sjølve. Då me snakka om bakgrunnen for val av yrke kjem det fram utsegn som kan stadfeste dette: «*Eg har alltid visst at eg skulle jobbe med menneske..*», «*Eg skulle vere der for andre..*» og «*Eg har alltid hatt ein interesse for å arbeide med menneske..*».

Dette stadfestar mine tankar kring dette med at omsorgspersonar har ei genuin interesse for andre menneske. Fleire av dei brenne for å arbeide med menneske som er stigmatiserte og ser på seg som heldige som får verte kjend med personane bak problema eller rusavhengnaden. Ei av dei tilsette har prøvd å arbeide ulike stader men kjem stadig tilbake til rusfeltet og kjenner at det er her ho høyrer heime. Det gjev ho energi å kunne vere til stades for andre. Ho sa blant anna: *«Eg kjem stadig tilbake til at det er i dette feltet eg høyrer heime.. Når eg snakkar om menneske med ROP-lidingar vert eg ekstra engasjert..»*.

Deltakarane i Housing First programmet er, som nemnt tidlegare, ei gruppe som ofte har slitt ut hjelpeapparatet. Dei vert ofte gitt opp av hjelpeapparatet, då dei har fått og brent mange mogleikar. Fleire av informantane snakkar om at det er ekstra viktig å ta fatt i det som er råd å arbeida med. Alle har noko dei kan ta tak i og arbeide med på tross av sine utfordringar. At dei tilsette er opptatt av dette vert stadfesta i sitata; *«Eg hadde eit ynskje om å jobba med menneska sine mogleikar.»* og *«Å arbeide med brukarstyring og val, det å sjå ressursar, passa godt til mine haldninga.. Sjølv om ein kan ha store utfordringar så kan en ta ansvar for eige liv..»*.

Verdigheit viser seg og vert skapa i møta mellom menneske. Derfor er det ein gjer viktig. Å vise ei genuin interesse for den ein skal hjelpe, er med på å skape ei kjensle av verdigheit hjå den andre.

4.2.4.2 Å gje omsorg/sørgje for andre

Dei tilsette er interessert i andre menneske og har eit ynskje om å vere til stades for dei som treng litt ekstra hjelp til å takle kvardagen. Ein av dei tilsette seier det på denne måten: *«Me som jobbar innanfor slike yrker er hjelpe menneske.. Me har eit genuint ynskje om å vere der for andre..»*. Med dette meina ho at ein dei som vel slike yrker har eit sterkt ynskje om å kunne hjelpe menneske som treng det. Eit anna utsegn som stadfestar dette er: *« Det ligg integrert i oss hjelpearar at me ynskjer å hjelpa andre..»*.

Andre tilsette seier noko om kor engasjerte dei er i arbeidet sitt og det feltet dei har valt å arbeide innanfor. Dei trur det er fordi dei har eit så stort ynskje om å kunne hjelpe dei som er deltakarar av tenestene innanfor dette feltet. Ei seier at: *«Eg vert svært engasjer når det vert snakka om rus/psykisk helse»*. Ho kjenner at ho brenn for dette feltet og denne brukargruppa. Dei tilsette ynskjer å vere tilgjengelege for deltakarane i prosjektet og har eit stort ynskje om å hjelpe dei til å få ein betre kvardag på tross av dei utfordringane dei har. Ei av dei tilsette seier

det på denne måten: *«Eg ynskjer å vere tilgjengeleg og skape en betre kvardag for dei me er der for..».*

Ved å sørge for deltakarane og å gje dei omsorg er dei tilsette i Housing First programma med på å vise og gje deltakarane verdigheit.

5.0 Drøfting

Masteroppgåva mi tek utgangspunkt i dei tilsette i Housing First sitt verdigrunnlag (ethos). Eg har valt problemstillinga: «**Kva verdigrunnlag er rådande hjå dei som arbeidar i eit Housing First program?**»

I dette kapittelet vil eg løfte problemstillinga i studia opp mot dei funna og den teoretiske plattformen eg har presentert i tidlegare kapittel. Eg vil på bakgrunn av funn frå datainnsamlinga og saman med ulike teoretiske perspektiv prøve å belyse kva verdigrunnlag som er rådande hjå dei tilsette innanfor eit Housing First program. Eg vil også sjå verdigrunnlaget til dei tilsette opp i mot dei verdiane og prinsippa som står sentralt innanfor Housing First metoden. Vidare vil eg sjå på kva utfordringar og etiske dilemma dei tilsette kan treffe på i dette arbeidet og korleis dei ulike handlingane, kor verdiane kjem til syne, kan vise seg i handlingsrommet mellom dei tilsette og deltakarane innanfor Housing First programma.

Gjennom analysen av datamaterialet kom eg fram til fire verdiar som er rådande hjå dei som arbeidar i innanfor eit Housing First program. Verdiane som kom til syne er respekt, toleranse, likeverd og verdigheit. Sitata som vert presentert i dette kapittelet, er henta frå empirien og er set i kursiv.

5.1 Omsorgsvitskap og verdigrunnlaget

Omsorgsvitskapen søker det sanne, det skjønne og det gode, og omhandlar samhandlinga mellom omsorgsgjevar og omsorgsmottakar (Eriksson & Lindström, 2003). I dette avsnittet ynskjer eg å knyte dei ulike verdiane som kom til syne i datamaterialet mitt opp mot omsorgsvitskapen.

Det å etablere ein relasjon viste seg i mitt datamateriale til å vere det utgangspunktet kor alle verdiane kom til syne. Det er i denne delen av arbeidet dei tilsette legg grunnlaget for det vidare arbeidet med deltakarane, og at eit omsorgsarbeidet kan utvikle seg. Ein god relasjon mellom deltakar og hjelpar er ein naudsynt føresetnad for både utredning, behandling og oppfylgning (Helsedirektoratet, 2012). Omgrepet relasjon kjem frå det latinske ordet *relatio*. Det karakteriserer eigentleg det at ein gjenstand står i høve til noko anna (Eide & Eide 2008). I helse og omsorg samanheng vert omgrepet relasjon nytta i høve til forhold, kontakt og samband mellom menneske. Når menneske er saman oppstår det relasjonar. Når to aktørar vert knytt til kvarandre gjennom gjentatt interaksjon, vert det ein sosial relasjon. Det er

vanskeleg å finne ein klar definisjon på kva det inneber å ha ein relasjon. Eg har valt å bruke Schiefloes (2006) tilnærming til omgrepet. Han seier at dersom ein skal kunne snakke om ein sosial relasjon, må koplinga mellom to aktørar vere relativt varig. Dei må ha eit medvite forhold til kvarandre, og typisk er at partane utøver ein eller annan form for innflyting overfor kvarandre. Ein sosial relasjon føreset ei rimeleg grad av einsemd om relasjonen sitt innhald og forventningar, regler og plikter. Innanfor omsorgsvitenskapen er Kari Martinsen (2003, 2012) ein sentral filosof, som knytt relasjonar til omsorg. Ho meina at all omsorg er relasjonelt. Ho er inspirert av den danske teologen Løgstrup og hans overtyding om at mennesket sitt grunnleggande verdiføresetnad, er at me er tilvist til kvarandre for å ta vare på kvarandre (Martinsen, 2012, Løgstrup, 2010). Det handla om relasjonen mellom to menneske. Relasjonen byggjer på fellesskap, solidaritet og gjensidigheit utan at det føreligg forventningar om ei gjenyting. Menneska føreheld seg alltid til andre i ein eller annan form. Me er delar av eit større og mindre fellesskap. Fellesskapa forpliktar oss og gjev oss ulike rettar. Det er ikkje likegyldig korleis me stiller oss til det heile. Avhengnaden til andre gjer oss frie, men den gjev også avgrensingar. Den menneskelege avhengnaden fordrar omsorg, som er eit grunnleggande fenomen. Me er skapt til å ta vare på kvarandre. I møtet mellom menneske oppstår den etiske fordringa (Løgstrup 2010). Den krev av oss at me er der for kvarandre i sårbare situasjonar. Den etiske utfordringa er å søke å sjå, høyre, forstå og stadfeste den andre (Martinsen, 2010). Eit menneske kan i løpet av livet gå i gjennom vanskelege periodar med sjukdom, liding og funksjonssvikt. Det er spesielt i slike situasjonar menneske er avhengige av kvarandre. Omsorg dreier seg om det me gjer, korleis me gjer det og korleis me føreheld oss i situasjonen, og den vert vist gjennom tillit, open tale, håp og barmhjertigheit (Martinsen, 2003). Dette vert også kalla dei suverene livsytringane (Løgstrup, 2010). Tillit er fundamentalt i vår tilknytning til kvarandre, som er ein del av menneskets sitt grunnleggande verdiføresetnad for å ta vare på kvarandre. Med dette vert det poengtert det at omsorg er relasjonelt og at tillit er fundamentalt i omsorga. Omsorgsarbeid inneber blant anna å ta vare på dei menneska som ikkje kan ta vare på seg sjølv. Dette finn eg støtte i hjå Martinsen (2003). For å klara å skapa ein god relasjon, bør anerkjenning, empati og veremåte vera til stades (Røkenes & Hanssen, 2012). Dette kan knytast opp til dei verdiane som synte seg i arbeidet med å etablere ein relasjon. Dei verdiane som kom til syne i arbeidet med å etablere ein relasjon innanfor Housing First programma var verdiane respekt, toleranse, likeverd og verdigheit. Desse verdiane er også verdiar som ligg til grunn og er tett knytt opp til omsorgsvitenskapen. Omsorgsvitenskapen tek for seg korleis omsorga er eller bør vere (Gustin & Bergbom, 2012).

Den fyrste verdien som trådde fram for meg i datamaterialet var verdien respekt. Respekt er ein verdi som utfordrar oss til å sjå om att på våre eigne og andre sine erfaringar. Ordet respekt kjem frå latin og tyder «å sjå om igjen, sjå på ny» (Dahl & Sandnes, 2011). Det handlar om ein haldning som blant anna kjem til uttrykk ovanfor andre menneske. Å behandle andre menneske med respekt er å vise dei akting ut frå deira menneskeverd. Når ein viser respekt, møter ein eit anna menneske med same akting som ein sjølv ynskjer å bli møtt med. Ordet respekt gjev ei forventning til korleis ein ynskjer å verte møtt av andre, korleis ein sjølv vil vere overfor andre, og korleis ein ynsker at alle skal oppføre seg. Respekt gjev uttrykk for ei haldning overfor andre som viser anerkjenning og ære (Dahl & Sandnes, 2011). Det å vise akting (respekt) er også eit omgrep som Martinsen (2003) nyttar seg av. Ho knyt det til ordet omsorg og meina at det å vise omsorg er å vise respekt (akting) for livet. Å vise respekt er ein grunnleggjande verdi ein set høgt i omsorgsarbeidet. Studien min fann at dette er ein verdi dei tilsette i Housing First programma er svært oppatt av, og har behov for å gje uttrykk for. Eit utsegn som understrekjer dette er: «*Noko av det viktigaste me gjere er å jobba med respekt for den andre. Det å ta på alvor kva dei ynskjer hjelp til og å ikkje bli fanga av det andre seie om vedkommande*». At det å vise respekt er grunnleggjande innanfor omsorgsyirket, finn eg også støtte for i Gustin & Bergbom (2012). Dei meina at omsorgsutøvarar har ei grunnleggjande omtanke for menneske og ei djup respekt for andre og at dei har eit sterkt ynskje om å lindra liding og prøver å få den som lir til å sjå at det er ei meining med livet på tross av den lidinga ein opplev. Det handlar blant anna om å vise respekt for menneske som eit unikt menneske (Gustin & Bergbom, 2012).

Den andre verdien er fann i datamaterialet mitt var verdien toleranse. Ordet toleranse skriv seg frå eit latinsk verb som tyder «å tole, ha evne til å halde ut» (Dahl & Sandnes, 2011). Eit krav om å tole, vert kun meiningsfylt dersom det ein skal tole, er forskjellig frå det ein sjølv meina er rett. Toleranse vert kravd av den som har eit anna syn eller meining. Toleranse er blant anna å viser følsamheit overfor ein person med meiningar som går på tvers av eigne meiningar. Det handlar også om anerkjenning og respekt for andre sine rettar, evna til aksept og forståing av mangfaldet i høve kulturar, samt likestilling mellom alle menneske, uansett kjønn, religion, nasjonalitet, alder og sosial klasse (Dahl & Sandnes, 2011). Fleire av informantane snakka om toleranse og at det har stor tyding innanfor Housing First arbeidet. Ein av dei tilsette seier det på denne måten: «*Me godtar dei for dei dei er.. Dei veit at me ikkje dømmer dei...*». Dette handla om at ein må møte alle deltakarane med respekt og empati uavhengig av kva diagnose, historie, bakgrunn eller problem dei har. Deltakarane i Housing

First programma er personar med rusvanskar, ofte i ei kombinasjon med psykiske helsevanskar (Rop-liding) (Husbanken, 2016). Dei har gjerne vore i gjennom mange vanskelege livssituasjonar og møtt på mange problem i liva sine. I følgje Martinsen (2003) må ein forsøke å forstå den andre sin situasjon og ein må sørgje for å vedkjenne den andre som person. På den måten kan en akseptere den andre sine ressursar og avgrensingar, og ein grip ikkje inn i og umyndiggjer den andre (Martinsen, 2003). Det handlar om å vise toleranse for deltakaren, for den han er både med sine ressursar, avgrensingar og eventuelle problem.

Likeverd kom til syne som den tredje verdien i empirien min. Likeverd er eit diffust omgrep som er vanskeleg å gje noko eintydig definisjon av. Det byggjer på grunnleggjande menneskeverd og rettar. Menneske er verdifullt i seg sjølv, og mennesket sitt likeverd inneber at alle og ein kvar, uavhengig av ytre og indre kjenneteikn, skal verte rekna som ukrenkeleg. Å bli møtt med respekt og likeverd er ein føresetnad for at deltakaren skal kjenne seg trygg nok til å kunne formidle sin situasjon, sine kjensler, tankar og behov (Jenssen & Tronvoll, 2012). Alle menneske har behov for å verte sett, møtt, forstått og respektert som likeverdige. Ein kvar av oss har eit ibuande menneskeverd, og verdien likeverd handlar om å slå ring rundt integriteten til kvar enkelt menneske. Gustin & Bergbom (2012) har formulert tre grunnleggjande kjenneteikn som beskriv respekten for ein person sin integritet:

- 1.) Ein må vere lydhøyr for menneska sine ulikskapar. Dette inneber at ein skal i størst mogleg grad leggja deltakaren sine vurderingar og mål til grunn når ein skal planlegge og gjennomføre omsorga.
- 2.) Ein må vere lydhøyr for mennesket sin sårbarheit. Dette inneber at den enkelte menneske si oppleving av sjukdom og deira privatliv alltid må takast med i vurderinga.
- 3.) Respekt for deltakaren som person. Dette inneber at deltakaren alltid skal møtast ut i frå eit fleirdimensjonellt menneskesyn. Deltakaren si oppleving av helse, liding og konsekvensane av dette i livssituasjonen skal alltid takast med i vurderinga og deltakaren skal, så langt som råd, vere delaktig i planlegginga av omsorga og behandling (Gustin & Bergbom, 2012).

Verdien om likeverd er meint å beskytte mot diskriminering og forskjellsbehandling på eit usakleg grunnlag i ein kvar samanheng i situasjonar her og no (Lingås, 2013). På den eine sida handlar verdien likeverd om at den enkelte skal verte respektert som likeverdige, uavhengig av kva utfordringar ein lever med. Ein skal sjå ressursane i kvart enkelt menneske og prioritere desse, uavhengig om det finns avgrensingar. Samtidig som det handlar om ressursar og prioritering av desse, er likeverd også nært knytt til rettferd. Det inneber at alle

menneske stiller likt, har lik rett på samfunnet sine godar, fortener respekt og skal bli tatt på alvor. Eit verdig liv handlar om at alle er likestilte, får respekt for sitt likeverd og får sikra sin demokratiske rett til deltaking og medverknad i samfunnet (Lingås, 2013). Verdien om likeverd heng tett saman med verdiane respekt og akting. I følgje Martinsen (2003) viser ein akting for livet ved å møte ein deltakar som eit likeverdig menneske, det vil seie med respekt og anerkjening. Når ein er likeverdige deler ein noko som er felles for alle menneske, samtidig som det er noko heilt unikt og spesielt for det enkelte menneske. Dette handlar om at ein må møte menneske ut frå sin eigen forståing, men at det berre er den som har lidinga som kan seie noko om korleis ein opplev det. For å kunne møte ein deltakar med likeverd, er det naudsynt å vere open (Martinsen, 2003). Ein må vere open og mottakeleg og spontant retta mot deltakaren, for å kunne ta i mot dei inntrykka som deltakaren sender oss. Ein av informantane mine seier det på denne måten: «*Me møter dei der dei er... i den situasjonen dei er..*». Den tilsette si evne til innleving og til å sette seg inn i den andre sin situasjon har, i følgje Martinsen (2003), tyding for korleis ein lar seg bevege og sanse den andre. For at deltakaren skal få rom til å tre fram med sitt, lyt den tilsette i Housing First programmet vere både medmenneskeleg og fagleg til stades. Dette finn eg støtte for hjå Martinsen (2003).

Den siste verdien som trådde fram i empirien min var verdigheit. Omgrepet verdigheit står sentralt i den kliniske omsorgsvitenskapen, og er eit bærande prinsipp i det å vise omsorg for andre. Det handlar om at alle har ein ibuande verdigheit ein lyt ta vare på og respekter. «Människan är grunden helig. Människans värdighet innebär att inneha det mänskliga ämbetet, att tjäna i kärlek, att finnas till för andra» (Eriksson & Lindström, 2003:123). For å kunne ta vare på verdigheita til deltakarane i Housing First programma, meina eg på bakgrunn av min erfaring, at det er grunnleggjande at dei tilsette har naudsynt kunnskap om verdigheita sine ulike dimensjonar. Dette finn eg støtte for i Gustin & Bergbom (2012). På den eine sida har ein verdigheita som er gitt til mennesket i kraft av det å vere eit menneske. Denne absolutte verdigheita finns alltid og kan ikkje krenkjast. På den andre sida har du den relative verdigheita. Denne verdigheita kan krenkjast, men den kan også gjenopprettast. Det å oppleve sjukdom eller lidning, kor grunnleggjande verdiar vert truga, er utfordrande. Ein skal då etterstreve å møte lidingane med kjærleg omsorg for å gje ei oppleving av at verdigheita vert tatt vare på (Gustin & Bergbom, 2012). I tillegg til den absolutte og relative verdigheita vår, har me den ytre verdigheita. Denne verdigheita er også foranderleg og viser seg gjennom tilnæringssett, handlingar og attributtar som skal passa inn i ulike situasjonar og samanhengar. Den ytre verdigheita vår vert styrka når me opplev at våre rettar og fridom vert

respektert og når me lev i ein situasjon kor me kan gjere val og handlingar som byggjer opp om sjølvrespekten, integriteten og nestekjærleiken vår (Gustin & Bergbom, 2012). Det er gjennom våre handlingar me kan vise respekt for vår eigen verdigheit og våre medmenneske sin verdigheit. Verdigheit er viktig for oss alle, kvar einaste dag og i alle val og handlingar me gjer. Kjensla av verdigheit er knytt opp til å vere heiderleg, rettskaffen, kjenne seg stolt, vere sjølvstendig og verdifull, å ha kontroll over eigen situasjon, samt å kunne ta ansvar (Gustin & Bergbom, 2012). Ved å ha kjennskap til dei ulike dimensjonane av verdigheit, kan den tilsette betre ivareta deltakarane si verdigheit, samtidig som ein også kan ivareta si eiga verdigheit. Opplevinga av verdigheit er av stor tyding for at me som menneske skal kunne kjenne velvære (Eriksson & Lindstøm, 2003).

I følge Martinsen (2003) har alle menneske lik verdigheit i kraft av å vere skapt og at livet er skjenka oss som ei gåve. Deltakar og tilsette står likt, i fellesskap med alle andre menneske. Fellesskapet vert kjenneteikna av innbyrdes makt og avhengnad. Når ein står i ein hjelperelasjon er denne maktbalansen forskyve. I følge dei tilsette er viktig å vere klar over dette, og ein må nytta denne asymmetriske posisjonen til å hjelpe deltakaren på ein så profesjonelle og god måte som mogleg. Ein av informantane sa det på denne måten: «*Det er viktig at me ikkje går inn i relasjonen som ekspert. Det er dei sjølve som er ekspert på eiga liv. Men eg deler gjerne av kunnskapen min om dei vil ha den og har brukt for den...*». Dersom ein meistrar å ivareta den andre, på tross av den asymmetriske posisjonen, meistrar ein å bevare deltakaren si kjensle av verdigheit. Dette finn eg støtte for hjå Martinsen (2003). Dette heng saman med omsorgsmoral. Martinsen (2003) hevda at omsorgsmoral har å gjere med korleis ein som yrkesutøvar lærer å bruke makt. Når ein har makt må denne makta brukast moralsk ansvarleg ut frå solidaritet med den hjelpetrengande. Ein må kunne identifisere seg med den andre og tenkje seg at rolla kunne vore bytta om. Det forpliktar ein til å handle på ein slik måte at den hjelpetrengande sin posisjon kan endra seg, slik at han/ho får ein reell mogleik til å leve det beste livet han/ho er i stand til (Martinsen, 2003).

Avslutningsvis meina eg at verdiane respekt, toleranse, likeverd og verdigheit står strekt innanfor omsorgsvitenskapen og at dette er naudsynte verdiar å ha med seg når ein skal yte god bistand og omsorg til deltakarar innanfor Housing First programma.

5.2 Housing First sitt verdigrunnlag

Housing First har, som nemnt i innleiinga, eit overordna verdigrunnlag. Dette verdigrunnlaget vert sett på som hjørnesteinar i alt arbeidet som føregår innanfor denne metoden. I følge

grunnleggjaren av metoden Tsemberis (2010) består verdigrunnlaget av følgjande grunnleggjande prinsipp:

- Bustad som menneskerett
- Varme, medkjensle og respekt for alle deltakarar
- Spreidd busetjing
- Skilje mellom bustad og tenester
- Deltakarstyrte val
- Forplikting til å følgje opp deltakarane så lenge dei har behov
- Tenestefilosofi: fokus på betringsprosessen
- Skadereduksjon

Prinsippa om varme, medkjensle og respekt for alle deltakarar, deltakarstyrte val, Tenestefilosofi: fokus på betringsprosessen og skadereduksjon er dei prinsippa som er i tråd med det eg fann i datamaterialet mitt. I dette avsnittet ynskjer eg å diskutere korleis funna mine kan samsvarar med desse prinsippa som er ein del av Housing First metodikken sitt verdigrunnlag.

Ein av dei grunnleggjande verdiane innanfor Housing First er respekt. Dette finn eg støtte for hjå Tsemberis (2010). Han meina at verdien respekt er essensiell for å kunne danna ein sunn, positiv og framtidretta relasjon med deltakarane. Det å bli møtt med respekt er ein av nøklane til helse og suksess for deltakarane i Housing First programmet. Verdien er her knytt opp til kommunikasjon og korleis ein skal nytte dette i Housing First arbeidet. Respekt, medkjensle og varme er komponentar som ligg til grunn for all kommunikasjon med deltakarane, og vert sett på som kjerna i Housing First programmet (Husbanken, 2016). Desse elementa må vere til stades heil frå starten av. Dersom ein får til dette skapar ein eit sunt, positivt og framsynt miljø som verkar både for deltakaren og den tilsette. Ein annan som hevdar dette er Tsemberis (2010). Han hevdar at det er avgjerande å etablere gjensidige og tillitsfulle relasjonar, kor deltakarane vert behandla med respekt og som verdifulle individ.

I min studie knytte verdien respekt seg opp til handlingane å lytte og å vere tolmodig. Dette er også handlingar som står sentralt innanfor Housing First. Det er vesentleg å lytte til deltakaren sine behov og ynskjer, samt vere tolmodig i høve til at prosessane kan ta tid. Fleire av informantane sa noko om dette, og ei av dei sa det på denne måten; «*Det er heile tida viktig at me jobbar ut frå brukaren sine ynskjer og behov..*». Dette er knytt opp til det å lytte. Innan Housing First metodikken er det naudsynt å lytte til deltakarane og deira behov (Tsemberis,

2010). Det er deltakarane som skal bestemme kva for tenester dei vil ha og kva for mål ein skal arbeidet ut i frå. Dette kan også knytast opp til verdien likeverd. I følgje Lingås (2013) kan likeverd berre skapast om alle som er involverte i ein sak tek ansvar. Informantane snakka alle om at det er viktig å involvere deltakarane i dei avgjerdene som gjeld dei sjølve. På den måten, meina dei, at ein får til eit betre samarbeid og at ein har større sjanse for å nå dei måla som deltakarane set seg. Sitat som; «*Det er kjempe viktig at brukaren er med på lag. Viss ikkje kjem ein ingen veg..*» og «*Det er viktig å ta dei med.. Dei har ansvar for sitt eige liv og si eiga helse..*», stadfestar at dei tilsette i Housing First programma er opptatt av involvering. I følgje Tsemberis (2010) er ein av suksessfaktorane til organisasjon «Pathway to Housing» at ein tek utgangspunkt i deltakarane sine ynskjer og behov, i staden for at hjelpeapparatet er dei som veit best kva deltakarane treng. Det er rimeleg å seie at dette er eit av dei viktigaste prinsipp i Housing First. Deltakarane veit sjølv best kva dei treng og har behov for. Dei har størst kunnskap om sitt eige liv og veit best kva dei treng for å kunne meistre livet sitt. Dersom deltakarane vert lytta til og meiningane deira vert respekterte, har ein større sjanse for å lykkast (Tsemberis, 2010). Dette stadfestar at det er naudsynt å møta deltakaren der han er i livet, og at ein ikkje byrja endra vedkommande til det ein meiner er det betre.

Eit anna grunnleggjande prinsipp innanfor Housing First metoden, er deltakarstyrte val og valfridom. Dei fleste deltakarane er i stand til å utøve reelle val om korleis dei vil leve sine liv og kva slags støtte dei ynskjer å motta. I følgje Tsemberis (2010) er valfridom noko ein må etterstreve i Housing First. Dette er også noko dei tilsette ynskjer å ha i fokus på når dei arbeidet etter Housing First metoden. Derimot er det ikkje alltid like enkelt å få til reell valfridom. Dette gjeld særleg når ein skal skaffe bustadar i små kommunar. I små kommunar kan det vere vanskeleg å få tak i private bustadar og ein lyt bruke dei kommunale bustadane. Desse er det ofte ikkje mange av og det er sjeldan bustadane er ledige. Dei tilsette kan då ikkje gje den valfridomen med at dei får velje nabolag og bustad, men dei gjev prøver likevel å gje valfridom ved å gje deltakarane val der det høver seg, som til dømes ved møblering av bustaden. På den eine sida gjev dei tilsette deltakarane så reelle val som mogleg, medan dei, på den andre sida, ofte kjenner på ein frustrasjon kring dette med valfridom, då dei ikkje alltid meistarar å gje deltakarane reelle val slik som metoden tilseier. Eg knyt deltakarstyrte val og valfridom opp mot funna mine knytt til verdien likeverd og handlingane om å medverke, å gje tilbod om val og å involvere. Medverknad er eit omgrep som står sentralt innan likeverd. Der er også eit berande omgrep i Housing First metoden. Høybråten Sigstad (2004) hevdar at er det tre sentrale omgrep som dannar teoretisk utgangspunkt for å forstå kva moglege paradoks

som ligg i omgrepet medverknad. Eit av dei omgrepa er livsverd. Omgrepet livsverd er sentralt innanfor omsorgsvitskapen og det oppstod i den fenomenologiske tradisjonen med utgangspunkt i Husserl sin filosofi. Det siktar mot å gjera greie for den før-forståinga ein alltid ber med seg. Livsverda er den kulturelle bakgrunnen ein forstår den daglege verda ut frå, den delen av vår forståingsstruktur ein tar for gitt og som vanlegvis ikkje vert problematisert. Livsverd omgrepet vert definert som ei heilskapleg verd kor kropp, tanke og kjensle er involvert i alle menneskelege aktivitetar. Omgrepet er eit subjektivt omgrep som skal vise korleis kvar enkelt person oppfattar verda ikring seg. Det tilsvara den enkelte sin grunnleggande røynd og dannar utgangspunkt for ein felles oppfatning og forståing av bestemte forhold i kvardagen (Høybråten Sigstad, 2004). Kort sagt er livsverda definert til den konkrete verda som kvar av oss lev i. Denne verda kan utviklast og endrast, og den er nesten aldri ein gitt eller konstant faktor. Dette finn eg støtte i hjå Lingås (2013). Samtidig er det ikkje alt ein kan endre slik som ein sjølv ynskjer. Det er då viktig å akseptere dei gitte forutsetningane som ikkje lar seg forandre (Lingås, 2013). Innanfor Housing First kan ein knyte livsverdsomgrepet til medverknad og at ein som deltakar skal vere med å styre dei prosessane som skjer ikring ein. For å få kjennskap til deltakaren sine behov og ynskjer må ein få tak på deltakaren si livsverd. Det er gjennom kommunikasjon, samhandling og deltaking at ein kan få tilgang til deltakaren si livsverd, og det er difor viktig å lytte til og skape ein dialog med deltakarane (Høybråten Sigstad, 2004). Ei av dei tilsette seier: «*Me må heile tida spørje oss kva det er dei ynskjer og har behov for. Då får me ein heilt anna dialog.*». Dette sitatet støtta opp at ein lyt ha ein tett dialog med deltakarane, slik at deltakarane får medverke til dei tenestene dei ynskjer å ha frå Housing First programmet. Dersom ein meistarar å få kjennskap til deltakaren si livsverd og det han er oppteken av, vil ein betre klare å tilpasse tenestene til hans/hennes behov og ynskjer, jamfør deltakarstyring. Medverknad kan, i følgje Lingås (2013), føregå på ulike nivå. Det svakaste nivået er at dei tilsette skal ha eit brukarperspektiv og vere audmjuke for deltakarane sitt behov. Det sterkaste nivået er full medverknad i form av brukarstyring. Housing First etterstreva full medverknad i form av brukarstyring. I brukarstyring ligg det at deltakaren tar uavhengige avgjerder og utviklar sine eigne kontaktar, samt har full kontroll over planlegging og implementering av aktivitetar. Dette står sentralt innanfor Housing First metodikken (Tsemberis, 2010). I følgje dei tilsette har det skjedd ei endring i måten å tenkje på. Fleire av dei tilsette snakkar om denne endringa, som har gått frå det at ein har tilbydd ei teneste til å spørje deltakarane om kva dei ynskjer av tenester for å mestre å bu. Dette finn eg støtte for i utsegnen: «*Me spør dei kva dei ynskjer hjelp til, heller enn å komma med tilbod.*». Eg finn samtidig støtte for dette hjå Tsemberis (2010). Denne

endringa kan også knytast til prinsippet om bustad som menneskerett. Alle har rett til å ha ein stad å bu, og det skal ikkje knytast opp til at ein må gjere seg fortent til å få ei bustad (Tsemberis, 2004). Tsemberis (2010) meina at medverknad er ein av dei viktigaste suksess kriteria i Housing First programma. Dei tilsette må akseptere deltakarane sine meiningar og tolmodig prøve å fjerne hinder som kan stå i vegen for at deltakaren kan nå målet sitt. Samtidig må dei tilby jamleg oppfylging, så lenge deltakaren har behov for det (Tsemberis, 2010). Det sentrale spørsmålet på kvart stadiet i prosessen er «Korleis kan eg hjelpa deg?». Eit utsegn som stadfestar dette er: «*Me er med på å hjelpe til med gode prosessar.. Men det er viktig at det er på brukaren sine premiss..*». Ved å etterstreve medverknad og involvering kan ein få til gode prosessar for deltakaren. På den eine sida er dette svært sentralt innanfor Housing First metodikken. På motsett side har ein eit krav om jamlege heimebesøk og tilsyn i heimen. Dette er eit krav for å sikre bustaden og huseigar. Ein kan som deltakar ikkje velje vekk dette kravet. Her får ein eit motstridande krav, som ein lyt ta omsyn til, vere medviten og må løyse til beste for alle partar (Tsemberis, 2010).

Dette med å halde fokus på at ein arbeidar ut frå det som deltakaren er opptatt av, er også knytt til recovery (betringsprosessen). Recovery er også eit grunnleggjande prinsipp innanfor Housing First programma. Det startar med deltakaren sine val og egne avgjersler. Innan recovery tankegangen er relasjonen også vesentleg. I recoveryorienterte tenester skal fagfolk arbeide side om side med deltakaren. Relasjonen mellom dei er gjensidig, og det er deltakaren som har den endelege slutningstakaren (Slade, 2015). Ein god relasjon mellom deltakar og tilsett er ein naudsynt føresetnad for korleis oppfylginga vert. Overfor menneske med alvorleg psykiske lidning og ruslidning vert tydinga av langvarige relasjonar framheva som særleg viktig av Helsedirektoratet (2012). Recovery tanken har fokus på at deltakaren sin plan ikkje skal vere bestemt gjennom klinisk vurderingar, men den skal vere bestemt på bakgrunn av deltakaren sine egne behandlingsmål. Dette finn eg støtte for hjå Tsemberis (2010). Han hevdar at dei tilsette skal hjelpe og samarbeide med deltakaren til å halde seg motivert og engasjert på vegen for å nå sine mål. Informantane var også opptatt av å tilpasse hjelpa og å gje hjelp der kor deltakaren er. Eit sitat som stadfestar dette er «*Me må møte brukarane der dei er...*». Dette samsvarar også med skadereduksjonsprinsippet innanfor Housing First metodikken. I følgje Husbanken (2016) legg ein vekt på å redusere dei negative konsekvensane av skadeleg åtferd, som til dømes rusmiddelbruk, samt handtere ting som dukkar opp og kan stå i vegen for den vidare betringsprosessen. Det er knytt opp til å starte hjelpa der deltakaren er «der og då» (Tsemberis, 2010). Dersom ein deltakar har ei akutt

økonomisk krise, lyt ein starte med å handtere den fyrst, før ein eventuelt går vidare med det som var målet, til dømes rusbehandling. Ein må ta omsyn til det deltakaren er opptatt av akkurat «her og no». Dersom ein får til dette kan det føra til at ein får ei større kontroll med den skadelege åtferda, som til dømes rusmiddelbruket. Dette betyr at dersom ein meistrar å gje hjelp til det som opptar deltakaren mest, kan det får positive følgjer for anna skadeleg åtferd (Tsemberis, 2004). Skadereduksjon er ikkje ei langvarig eller permanent løysing. Det finst heller ikkje noko strategi for korleis ein arbeidar skadereduserande. I stor grad er det tilpassa den enkelte deltakar og det krev handlekraft og kreativitet av den tilsette. Målet med skadereduksjon er å bidra til å stabilisera livssituasjonen til deltakaren, slik at han/ho kan verte motivert for vidare rehabilitering (Ulfrstad, 2011).

På bakgrunn av dette vil eg hevde at verdigrunnlaget som er rådande hjå dei tilsette innanfor Housing First, samsvarar med store delar av verdigrunnlaget innanfor Housing First metoden. I størst grad gjelder dette prinsippa om bustad som menneskerett, varme, medkjensle og respekt for alle, deltakarstyrte val og forpliktinga til å følgje opp deltakarane så lenge dei har behov, samt fokuset på betringsprosessen og skadereduksjon. Eg meina at desse prinsippa også har verdiar som respekt, toleranse, likeverd og verdigheit i botn. I tillegg til desse prinsippa har ein også prinsippa om spreidd busetjing og skilje mellom bustad og tenester. Desse prinsippa går meir på strukturelle forhold, og kom ikkje til syne i datamaterialet mitt. Det er ikkje dermed sagt at desse ikkje samsvara med verdigrunnlaget til dei tilsette. Men sidan det ikkje kom til syne i datamaterialet, har eg valt å ikkje diskutere desse.

5.3 Utfordringar i Housing First

Dei ulike verdiane og handlingane verdiane kom til uttrykk i, kan også føre til nokre utfordringar og etiske dilemma for dei tilsette i Housing First programma. I dette avsnittet vil eg drøfte nokre av dei utfordringane dei tilsette meina kan oppstå innanfor arbeidet med Housing First.

I følgje dei tilsette, kan arbeide med vanskelegstilte føre til at, ikkje berre deltakarane sine verdiar verta krenkja, men også at dei tilsette sine verdiar kan verte utfordra og krenkja. Eg meina at verdiane respekt, toleranse, likeverd og verdigheit er verdiar som ligg til grunn i oss alle og som me alle ynskjer at skal verte tatt omsyn til. Dersom dei ein skal hjelpe utfordrar ein på eins verdiar vert det ei utfordring på kva ein skal ta omsyn til, og det kan oppstå etiske dilemma eller utfordringar. Dei tilsette snakka om ulike utfordringar innanfor Housing First arbeidet, men det er særleg nokre utfordringar som utmerka seg i datamaterialet. Det å yte

tenester til vanskelegstilte krev meir enn faglege kunnskapar og fagleg motivasjon (Helsedirektoratet, 2012). Det er også, i følgje Martinsen (2003), naudsynt med riktige haldningar, interesse og engasjement i den andre sin situasjon. Sjølv om dette er på plass, kan det kan vere krevjande å skulle yte tenester til vanskelegstilte og ein kan komme opp i situasjonar kor ein må ta val i høve dei ulike verdiane og i høve sine egne verdiar. Slike situasjonar har ofte ikkje noko fasit svar på kva som er rett og galt, og situasjonane vert kalla etiske dilemma (Eide & Eide, 2008). Fleire av informantane snakka om ulike utfordringa ein kan møte på i arbeidet med Housing First og personar med Rop-lidingar. Ein kan til dømes kome bort i situasjonar kor eins egne verdiar vert krenkja, og ein må velje kva for verdiar ein skal prioritere. Dette kan blant anna vere at deltakarane har urimelege krav, og at dersom dei ikkje får gjennomslag for det dei meina dei har krav på, kan det i følgje informantane føre til unødige konflikter. Då kan det vere at dei tilsette må prioritere mellom sine egne verdiar, og kjenne på kva som vert rett for dei, samtidig som dei må møte deltakaren på ein ikkje krenkjande måte. På den eine sida må ein ta omsyn til relasjonen til deltakaren og verdigheita hans, medan ein på den andre sida også har sine egne verdiar og verdigheit å ta omsyn til. I følgje Børslett, Heilmann, Lillemoen & Pedersen (2011) kan ein måtte stå dagleg overfor etiske utfordringar når ein arbeidar med personar med Rop-lidingar. Eit lite eksempel frå min empiri kor verdigrunnlaget til dei tilsette kan verte utfordra, er når deltakarane ber om hjelp til å få tilgang til rusmidlar. Dei tilsette ynskjer på den eine sida å yte hjelp og bistand etter deltakaren sitt ynskjer, men samtidig har ein ikkje lyst å gje hjelp som kan vere til skade for deltakaren. Her vert det, i følgje informantane, eit dilemma om ein skal hjelpe for å bevare relasjonen eller om ein skal setje grenser for dei ved å avslå. Om ein avslår kan deltakaren kjenne seg krenkja, men på den andre sida har deltakaren ofte ei forståing av dette. Det er i følgje informantane mine, ofte dei tilsette som kjenner seg krenkja ved å verte spurt. Dei er av den meininga at deltakarane då ikkje respektera dei som hjelparar.

Eit anna eksempel frå empirien kor alle verdiane i verdigrunnlaget, både til dei tilsette og til deltakaren, vert utfordra er ved vurdering av tvang. Dei tilsette opplev stadig å måtte vurdere den fysiske og psykiske helsa til deltakarane. Mange har eit høgt rusnivå som påverkar helsa deira. Eit typisk etisk dilemma her det å vise respekt for deltakaren sin livsførsel og hans integritet og rett til å ta egne val og til å leve slik han ynskjer. Samtidig har ein ei plikt, jamfør lov om helsepersonell §7, til å gje den helsehjelpa ein evnar når det kan tenkast at hjelpen er påtrengande naudsynt. Eit vedtak om tvang er eit stort inngrep i livet til deltakaren og det er ikkje noko dei tilsette ynskjer å gjere. Men dei er plikta til å gjere det for å ivareta liv

og helse. I følgje informantane strid ikkje dette berre mot deira egne verdiar, det strid også med Housing First sitt verdigrunnlag, jamfør deltakarstyring. Det er helse- og omsorgstenestelova kap. 10 som regulerer bruken av tvangstiltak overfor rusmiddelavhengige. Dersom deltakaren utsett si fysiske eller psykiske helse for fare ved omfattande og vedvarande misbruk, og dersom hjelpetiltak ikkje er tilstrekkeleg, kan dei tilsette be NAV eller lege om å vurdere om deltakaren, utan eige samtykke, bør leggast inn i institusjon som er utpeika av regionalt helseføretak for undersøking og tilrettelegging av behandling. Tvangsvedtak kan, i følgje informantane, få negative konsekvensar for relasjonen mellom deltakar og tilsette. I situasjonar kor det vert gjort inngrep i ein person si sjølvbestemming, og kor inngrepet kan verte opplevd som krenkjande, er dialog og medverknad særleg viktig (Helsedirektoratet, 2017). Dette vert også påpeika av dei tilsette. Dei er opptatt av at ein må, på tross av, det inngrepet som eit tvangsvedtak er, ha ein god og tydleg dialog med deltakaren, slik at opplevinga av inngrepet vert så godt som over hovudet mogleg.

Ein anna utfordringane dei fleste av informantane snakka om var dette med vald og trugslar om vald i høve seg sjølv eller andre, som til dømes familie. I følgje Statistisk sentralbyrå (SSB) sin levekårsundersøkinga frå 2006 har om lag fem prosent vorte utsett for vald eller trugslar om vald på arbeidsplassen sin. Undersøkingar viser at helse- og sosialarbeidarar er ei særleg utsett gruppe (Arbeidstilsynet, 2009). Fleire av dei tilsette i Housing First programma har opplevd dette og dei oppgjer at dei opplev slike situasjonar som utfordrande og vanskelege. Å oppleve vald eller trugslar om vald utfordrar verdiane våre og det kan oppstå etiske dilemma. I slike tilfelle kan den tilsette sine verdiar som respekt, likeverd og verdigheit verte krenkje. Dersom det er fare for vald, er det fleire ting ein må tenkje på. Eit må blant anna tenkje på sikkerheita til dei tilsette, og det kan dukke opp spørsmål som til dømes; «Skal ein hjelpe uavhengig om ein utsett seg for fare eller skal ein avvente med å gå inn og gje hjelp?». Begge deler kan, i følgje informantane, få negative konsekvensar, og er ei utfordring å ta stilling til. I tillegg til at dette er situasjonar som er vanskelege for dei tilsette, er det også vanskeleg for deltakarane. I følgje dei tilsette startar situasjonar med vald eller trugslar om vald ofte på grunn av kjensler som frykt, frustrasjon og forvirring. Dette kan blant anna kome av at deltakaren kjenner avmakt, kjenner seg krenkja eller at han/ho opplev manglande dekning av grunnleggande behov. Dette finn eg også støtte for hjå Arbeidstilsynet (2009). Informantane er av den meininga at kjenslene ofte er knytt til situasjonen og ikkje personleg til den tilsette. Fleire av dei tilsette nemnar at det er lettare å stå i slike situasjonar når ein

klarer å sjå at dette er personar som har opplevd mange traume og overgrep, og at ein i slike situasjonar må prøve å møte deltakaren med respekt og aksept på tross av handlingane. Sjølv om ein meistrar dette, kan det, i følgje informantane, vere utfordrande å stå i slike situasjonar over tid og det er viktig at ein får hjelp til å arbeide seg igjennom situasjonen i etterkant. I empirien min kom det fram, frå fleire av informantane, at det er viktig med god kollegastøtte i slike situasjonar. Dei tilsette meina at kollegastøtte må til for å skape trygghet og tillit, og for å kunne arbeide med vanskelege og utfordrande situasjonar. Bjørklund (1997) meina at kollegastøtte inneheld oppmerksom og aktiv lytting og observasjon av verbal og non-verbal kommunikasjon frå den som har opplevd ein vanskeleg situasjon, at ein er empatisk til stades, og at ein tryggja den involverte at ein vert tatt vare på og ikkje vert overlat til seg sjølv. I følgje informantane mine inneheld kollegastøtte at ein må ha tillit til kvarandre og ha tak høgde for å ta opp vanskelege ting og situasjonar ein opplev. Noko som er vanskeleg for ein person, treng ikkje vere vanskeleg for ein annan. I følgje dei tilsette er det difor ekstra viktig at ein opplev tillit, tryggleik og støtte dersom ein hamnar opp i ein situasjon som ein syns er vanskeleg. Kollegane kan i slike situasjonar vere ei støtte og dei kan gje kvarandre hjelp ved å lytte, støtte, vise omsorg, og tilby råd og rettleiing (Arbeidstilsynet, 2009). Eit utsegn som stadfestar at informantane er opptatt av dette er: « *Det er veldig viktig at me tar vare på kvarandre me som jobbar saman i dette. Det er ikkje mogleg å klare arbeidet utan. Me må halda faglegheita og etikken høgt..*». I følgje dei tilsette har mange personar med Rop-lidingar utfordringar knytt til det å spele hjelpeapparatet opp mot kvarandre. Fleire av dei tilsette er av den meining at når det skjer er det viktig at ein får god kollegastøtte. Det treng ikkje vere at dei til ein kvar tid må ha støtte på at dei har handla rett, med det handlar om at ein får stadfesta at kollegane har tru på ein gjer så godt ein kan og at ein alltid handlar ut frå tanken om at ein vil det beste for deltakaren. Samtidig som ein tek vare på kollegaen og gjev han/ho støtte, er det også viktig for informantane å ta vare på deltakaren og hans oppleving av situasjonen. Ein av dei tilsette seier at ein ikkje må nøre opp under konflikhtar mellom deltakaren og ein annan kollega, men det er viktig at ein lyttar til deltakaren og gjev støtte på kjensla eller opplevinga vedkomande har. På denne måten får deltakaren mogleik til å oppleve å verte lytta til og sett i ein, også for han/ho, vanskeleg situasjon. Informantane snakkar også om at det, samtidig som det er naudsynt å ta opp situasjonar som har skjedd, må vere rom for å diskutere kva ein skal gjere før ein eventuelt hamnar i ein vanskelege situasjon. På denne måten kan ein vere meir rusta dersom ein kjem opp i slike situasjonar ved eit seinare høve, og ein kan vere seg meir medviten korleis ein kjem til å reagere i dei ulike situasjonane (Biong og Ytrehus, 2012).

Dei tilsette opplev ikkje berre utfordringar knytt til deltakarane og i relasjonen rundt dei. Det vart av fleire nemnt utfordringar knytt til samarbeidspartnarar. I følgje informantane går det ofte ut på at dei ulike tenestene ikkje alltid ser dei same tinga. Housing First metodikken set høgt at ein skal ha stor grad av deltakarstyring. Det vil seie at det er deltakaren som styrer tenestene og det dei vil ha hjelp til (Tsemberis, 2010). Dersom dei til dømes ynskjer behandling, og har bedt om det ved fleire høver, kan det vere ei utfordring å få noko til å søkje behandling på ny. I Housing First har ein fokus på at ein skal, på tross av gjentatte forsøk, prøve på nytt dersom deltakarane uttrykkjer eit ynskje om det. Dersom ein då møter på nokon som meina at det ikkje er naudsynt å søkje på nytt, i og med at deltakaren har brote behandlinga så mange gonga før, oppgjer fleire av dei tilsette at dei opplev ein stor frustrasjon. Dette er fordi dei kjenner at dei ikkje vert tatt på alvor som teneste, samtidig som dei kjenner at andre tenester ikkje tek deltakaren og måla/planen hans/hennar på alvor. Eit utsegn som referera til det å møte utfordringar knytt til samarbeid, og at dette kan vere vanskeleg, er: «*Noko som kan gjere meg veldig sliten og lei meg, er når hjelpeapparatet, som ein tenkjer skal stille opp, ikkje gjer det. Det kan vere veldig slitsamt...*». Desse utfordringane kan handle om haldningar og menneskesyn. I følgje Lingås (2013) er respekt og likeverd vesentleg dersom ein skal få til eit godt samarbeid. Når dei tilsette opplev at samarbeidet ikkje fungera, oppgjer dei at dei kjenner at dei ikkje vert respekter for sine meiningar, samt kjenner dei på ein frustrasjonen over å ikkje verte tatt på alvor som teneste. Dette meina eg truga verdiane deira om likeverd og respekt. Dei tilsette i Housing First programma kjenner at dei ofte må, i tillegg til å arbeide med menneske i vanskelege situasjonar, arbeide med haldningsendringar i samfunnet rundt deltakaren. Det kan gjelde både andre samarbeidspartnarar og samfunnet elles. I følgje fleire av dei tilsette er det viktig for dei å få fram at alle, også personar med Rop-utfordringar, har ein plass i samfunnet. Dette finn eg støtte i hjå blant anna Lingås (2013) og i St. meld 30 (2012). Her vert det påpeika at ein må arbeide for at menneske med rusvanskar skal verte møtt med likeverd og respekt, og dei skal kjenne seg som ein del av samfunnet.

Ei siste utfordring dei tilsette snakka om, er dette med valfridomen som står sentralt innanfor Housing First programmet. Valfridommen er sentral og den skal setjast høgt, samtidig har ein eit krav i høve det å ta vare på bustaden og huseigar. Dette for å sikre bustadar til programmet (Tsemberis, 2010). På den eine sida skal ein etterstreve at deltakaren i størst mogleg grad for styre kva oppfylging han/ho ynskjer å motta frå Housing First programmet. Medan ein på andre sida stiller krav til at deltakaren lyt ta i mot vekentlege heimebesøk og tilsyn med

bustaden. Det er naudsynt at dei tilsette er klar over dette og gjev god informasjon kring dette i oppstartfasen (Husbanken, 2016). Dersom deltakaren er ueinige i dette, kan det føre til unødige konflikhtar. Ein lyt difor presisere at deltakaren ikkje lyt ta i mot oppfylging på desse heimebesøk, men at det kun er eit tilsyn med bustaden for å sikre denne. Dette er for å sikre bustaden for både deltakaren og huseigaren. I følgje dei tilsette strider plikta til å ta i mot tilsyn med deltakaren sin rett til medverknad og deltakarstyring. Kravet er noko som vert pålagt deltakaren. Dei tilsette får liten fridom til å la deltakarane velje dette sjølv og dei kjenner at rammene avgrensar dei slik at dei ikkje alltid får synleggjort sine eigne verdiar i møte med deltakaren. Det er særleg respekten for deltakaren sine val og deira likeverd og verdigheit som vert utfordra i denne situasjonen. Eit anna aspekt ved valfridommen som dei tilsette finn utfordrande, er dette med val av bustad og nabolag. Dette er ei utfordring som vert stadfesta i rapporten til Pettersen & Rudningen (2014). Mangel på bustadar i kommune, både på det private og kommunale markedet, deltakaren si manglande evne til å bu og evne til å ta i mot kommunale teneste, samt ansvaret for deltakarane sin sikkerheit og konflikt med nærmiljøet, kan kompliserer og gjere det utfordrande å gje tilbod om bustad og oppfylging i bustad (Pettersen & Rudningen, 2014). Dei tilsette stadfestar dette og nemner at det er særleg utfordrande å ikkje ha tilgang til nok bustadar i små kommunar. I og med at det ikkje er tilstrekkeleg med bustadar, vert det ikkje alltid eit reelt val for deltakarane i høve til kva bustad vedkomande vil ha eller kva nabolag ein vil bu i. Dei tilsette meina då at det er desto meir viktig at ein tek deltakaren med på dei vala ein har mogleg til å gje, for å kunne ivareta likeverdet og verdigheita til deltakaren. Det kan vere val knytt til fargeval inne i bustaden eller til møblering av bustaden. Dei tilsette meina at sjølv om ein ikkje har same valfridom som ein kanskje har i større byar og kommunar, er det viktig at ein gjer så godt ein kan innanfor dei rammene ein har. Eit anna dilemma ved busetjing er dette med teieplikt. Teieplikta set klare avgrensingar for korleis ein skal handtere opplysningane ein vert kjent med gjennom kontakten med deltakarane (Helsedirektoratet, 2012). Hovudregelen er at ein har teieplikt og at ein skal hindre at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar kring deltakaren. Jamfør helsepersonellova § 31 har deltakaren rett til vern mot spreiding av opplysningar, og unntak frå teieplikta gjeld berre når det er naudsynt å avverje alvorleg skade på person eller eigedom. Utfordringa vert når ein skal busetje nokon med store utfordringar som ein veit kan får konsekvensar for nærmiljøet. Spørsmål som då dukkar opp er om ein skal verne deltakaren og hans krav på teieplikt eller om ein skal ta omsyn til nærmiljøet og gje ei åtvaring på kven som skal bu i området. Denne utfordringa er kjend for dei tilsette. Deira erfaring er at ein må etterstreve ein open dialog med deltakaren og be om tillating til å snakke

med nærmiljøet. Erfaringane dei tilsette har gjort seg i høve dette, er at det ofte går betre når ein får gjeve informasjon, fordi ein då kan trygge nærmiljøet at ein er til stades som teneste. Nærmiljøet får vite kva dei har å forhalde seg til og det gjev, i følge dei tilsette, ein viss tryggleik både til nærmiljøet og den ein skal busetje.

Som ein ser kan ulike utfordringar hindre gode forlaup og samhandling mellom deltakarane og dei tilsette i eit Housing First program. Desse hindringane er knytt både til kjenneteikn ved målgruppa og til organisatoriske rammer (Pettersen & Rudningen, 2014). På den eine sida kan det vere utfordrande å gje tenester til personar med Rop-lidingar, då dei ofte ikkje vil ta i mot hjelp eller ikkje er i stand til å ta i mot hjelp. På den andre sida kan organisatoriske rammer, som blant anna mangel på ressursar/bustadar, også vere til hinder. Dette vert stadfesta av informantane og i litteraturen finn eg støtte i dette hjå Pettersen & Rudningen (2014). Som offentleg tilsett har ein eit sjølvstendig ansvar for å gjennomføre arbeidet i tråd med lovverk og faglege og etiske retningslinjer (Helsedirektoratet, 2012). Personar med Rop-lidingar er sårbare og oppfylginga av dei gjev grunnlag for ei rekkje vurderingar av etisk karakter og det fordrar høg etisk kompetanse hjå dei tilsette (Helsedirektoratet, 2012, Aakre og Biong, 2012). Etisk medvit og evne til å handtere vanskelege situasjonar og dilemma er faglege dugleikar som bidrar til å styrke kvalitetane i helse- og omsorgstenestene. I følge Eide & Eide (2008) er det å vere etisk medviten ein føresetnad for å kunne yte god omsorg. Når ein arbeidar med vanskelegstilte kan ein dagleg stå overfor etiske utfordringar i arbeidskvardagen (Børslett et. al., 2011). I slike utfordringar må ein ofte velje mellom ulike verdiar som er viktig for ein. Kva som til ein kvar tid er rett har ein ikkje fasit på, men det er ein fordel at ein har tenkt gjennom dette, slik at ein kan handle på ein måte som samsvarar med etiske retningslinjer, eigen verdiar og eventuelt metoden ein arbeidar etter (Børslett et. al., 2011).

5.4 Verdigrunnlaget i handlingsrommet

Forskinga mi fann at dei tilsette sitt verdigrunnlag (ethos) består av verdiane respekt, toleranse, likeverd og verdigheit. Desse verdiane vart synlege for meg gjennom handlingar dei tilsette fortalte at dei utøvde innanfor Housing First programmet. Desse handlingane er knytt opp til utøvinga av faget og dei påverkar yrkesutøvinga. Eg ynskjer i dette avsnittet å drøfte korleis dei ulike handlingane, kor verdiane kjem til syne, kan vise seg i handlingsrommet mellom dei tilsette og deltakarane innanfor Housing First programma.

Verdiane legg føringar for korleis ein handlar innanfor handlingsrommet mellom deltakar og tilsett i Housing First programma. Overordna, der kor verdiane og dei ulike handlingane kom

til syne, er det å skape og å ha ein god relasjon. Ein av sitata som er henta frå datamaterialet er dette: «*Når du har ein god relasjon, så kan du oppnå så utruleg mykje...*». Dette sitatet stadfestar at gode relasjonar er med å påverke resultatet ein får og at dei tilsette er opptatt av å arbeide med dette innanfor Housing First programma. Respekt, empati og likeverd er viktige faktorar for å skape gode relasjonar til deltakarane, for å kunne komma vidare med samarbeidet mot dei felles måla ein set seg (Røkenes og Hansen, 2012). Det kan vere ulikt frå person til person kva ein som person legg i dette med ein god relasjon. Likevel har ein nokre komponentar ein tenkjer spelar inn. I følgje Røkenes & Hanssen (2012) har komponentane tryggleik, tillit og truverd stor innverknad på korleis ein relasjon vert. Desse komponentane er med på å byggje opp ein relasjon, og kan knytast til Løgstrup (2010) sine suverene livsytringar. Livsytringane er universelle, då dei finns i alle menneske. Desse spontane eller suverene livsytringane er blant anna tillit, talen sin openheit, barmhjertigheit, kjærleik, oppriktigheit, meining, tryggleik, sjølv respekt og tilhørigheit (Akre og Biong, 2012). Dette er fenomen som er til stades i alt samværet mellom menneska og ein ikkje kan tenkje det vekk utan at det får negative følgjer. Kva som vert verdsett av den enkelte er personleg og individuelt. I høve arbeidet innanfor Housing First kan det vere at deltakaren verdsett tillit, medan den tilsette kan meine at det er empati som skal til for å oppnå ein god relasjon (Røkenes & Hanssen, 2012). Dette er subjektivt og vert basert på den einskilde sine opplevingar. Ut frå egne erfaringar har eg sett at personar med rus og psykiske helsevanskar ofte set pris på at ein er ekte, at ein er seg sjølv, og at ein stå for det ein seier. Dersom ein får til dette, kan det gje ei god føresetnad for å kunne få til ein god relasjon. Dette samsvarar også med det Eide & Eide (2008) seier om gode relasjonar. Dei er av den meining at ein god relasjon kan skapa tillit, truverd, tryggleik og tilknytning, og dette er komponentar som er viktige for å få til gode samarbeidsprosessane. Får ein dette til, kan det resultera i ein berande relasjon mellom den tilsette og deltakaren av Housing First programmet. I følgje Røkenes & Hanssen (2012) er ein berande relasjon ein relasjon som kan bære den hjelpa som skal verte gitt, det vil seie at hjelpa skal vere eit medium for endring, læring og utvikling, samtidig som det å vere i ein relasjon i seg sjølv er til hjelp. Ein berande relasjon kan gje styrke til både partar sidan ein kan kjenne at handlingsrommet vert større. Ein veit kvar ein har den andre, og relasjonen kan opplevast trygg og stabil trass i konfrontasjonar som kan dukka opp. Det er viktig å vera profesjonell i relasjonen, sjølv om skaping av relasjonen er likt bygd opp som om det var ein personleg relasjon. Nokon som stadfestar dette er Røkenes & Hanssen (2012). Relasjonar vert også fremja i det yrkesetiske grunnlagsdokumentet til Felles organisasjonen for barnevernpedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar (heretter kalla

FO)(2015). Dei inneheld blant anna at måten me møter dei me skal hjelpa, kollegaer og samarbeidspartnarar på, kan vere avgjerande for korleis tenestene og hjelpa vert utført, forstått og motteke. Som den profesjonelle part i ein relasjon, må ein vere medviten til eigen veremåte, motiv og verdiar, og korleis desse kan påverke dei ein møter. I tillegg til å vere medviten verdiar, motiv og veremåte, må ein også vere merksam på at ein som den profesjonelle kan påverke styrketilhøvet i ein relasjon og at ein som profesjonell alltid har makt som kan misbrukast (FO, 2015). Fleire av informantane var innom dette tema, og eit av sitata som kan stadfeste at dei tilsette i Housing First programma er medviten dette er: *«Som hjelper får me naturleg nok makt.. men det er viktig at me tonar ned den biten, slik at me vert meir likeverdige.. På denne måten får me ein betre relasjon..»* .

Relasjonen mellom deltakaren og dei tilsette er ein profesjonell relasjon og ein kan seie at den er terapeutiske. Den terapeutiske relasjon vert definert som kjensler og haldningar terapeutene og deltakaren har overfor kvarandre, og måten desse kjem til uttrykk. Den terapeutiske relasjonen har ein kvalitet av samarbeid og gjensidig samarbeid mellom den tilsette og deltakaren. Relasjonen er bygd på ei positiv kjenslemessig binding mellom den tilsette og deltakaren (som blant anna tillit og respekt), deira evne til å verte einige om måla for hjelpa som skal verte gitt, og deira etablering av ein felles semd om oppgåver (Røgenes & Hanssen, 2012). Det er forska ein del på dette med terapeutisk relasjon, og ein har funnet at den terapeutiske relasjonen er eit av dei mest verksame og essensielle elementa i betringprosessen til deltakarane. Horvat (2006) er ein av desse. Han meina at det er positive samanhengar mellom kvaliteten på relasjonen og resultatet ein oppnår. Fleire av informantane i studiet var samde i at relasjon mellom den tilsette og deltakaren er av stor tyding. Dette handlar om at dersom ein får til gode relasjonar vert samarbeidet med deltakaren betre, og ein kan lettare får til endringar. Gode, trygge og stabile relasjonar kan også tole konfrontasjonar og at ein er ueinige innimellom (Røgenes & Hanssen, 2012).

Ein av føresetnadane for å få til ein god relasjon er at ein viser respekt for den ein skal hjelpe. Respekt er eit kjerneord i møte mellom menneske, særleg gjeld dette i møte kor den andre står i eit avmakt forhold (Biong & Ytrehus, 2012). Omgrepet respekt rommar mykje, og fleire av dei tilsette er av den oppfatninga at respekt er eit djupt og vidt omgrep. I følgje Biong & Ytrehus (2012:167) dreia respekt seg om å «demonstrer en høyt utviklet evne til å kunne ta et skritt til siden og se om igjen vår på vår egen måte å se på, se om igjen på egen synsevne, lytteevne, akseptasjonsevne, forståelsesevne og hjelpeevne». I empirien min fann eg at ei av dei handlinga som dei tilsette la vekt på, innanfor det å vise respekt, var dette med å lytte. Dei

meina at dersom ein lytta til deltakarane sine behov og ynskjer, gav ein uttrykk for respekt. Eit utsegn som stadfestar dette er: «*Det er viktig at me spør brukaren; Kva er det DU treng for å få til dette? Kva kan hjelpe akkurat DEG?*». Å lytte er meir enn berre å høyre etter. Lytting er på mange måtar det å høyre bak eller under det som vert sagt. Kva slags lyttar du er, påverka relasjonane dine (Eide & Eide, 2008). For å skape tillit er det viktig å vise oppriktig interesse for det som deltakaren fortel. Den tilbakemeldinga ein gjev gjennom kommentarar og kroppsspråk, er avgjerande for om deltakaren vil opne seg. Dersom ein er ute etter å få gode relasjonar er det viktig å vere ein god lyttar. Dette vert også vektlagt i helse og omsorgsvitskapen. Ein må vere lydhøyr overfor den ein skal hjelpe, og ein må verkeleg høyre kva den andre seier utan å tolka. Dette krev av den tilsette opnar seg og vender seg mot deltakaren. Dette finn eg støtte i hjå Gustin og Bergbom (2012). Dei snakkar vidare om kor naudsynt det er at omsorgsgjevaren lyttar utan og avbryte, og at ein prøver å sjå forbi det menneske som deltakaren er her og no, og i staden prøver å sjå deltakaren slik vedkomande ynskjer å vera eller kunne vore. Dette er med på å skape ein god botn for eit omsorgsfullt møte, og det er med på å skape verdigheit i møte mellom tilsett og deltakar. Lytting er dermed viktig både for å vise respekt for deltakaren og for at han skal kjenne seg verdig. På ei anna side kan lytting også vera nøkkelen til relasjonsskaping, samt det kan vera avgjerande med tanke på motiveringa av deltakaren for at han skal klare å gjera endringar i livet sitt (Eide & Eide, 2008).

Ei anna kjerne i omgrepet respekt er, i følge informantane, dette med tolmod. I følge ordbøkene kjem tolmod frå det latinske ordet «*patientia*», og er knytt til dette med at ein roleg finn seg i noko, eller at ein roleg ventar på noko. Det å ha tolmod er knytt til evna til å tole forseinkingar, vanskar, motgang eller liding utan å verte sint, frustrert eller engsteleg. Det er viktig å ha tolmod med seg sjølv og andre, samt med den naturlege prosessen av modning som ein finn i alle aspekt ved livet. Etter kvart som ein lærer å vere tolmodig i dei små tinga, vert ein forberedt på å møte større prøvelsar med tolmod. Tolmod kan hjelpe oss med å romme forståing og aksept. Alvsvåg, Førland & Jacobsen (2014) snakkar om det tolmodige nærværet, som er ei føresetnad for å kunne handle relevant i situasjonar. Ved å ha eit tolmodig nærvær kan den tilsette gjere ting korrekt til rett tid. Ei opnar på denne måten opp for at deltakaren får tid og rom til å stå fram på eigne premiss. Dette er ein type tolmod. Den andre typen tolmod er knytt til den tilsette og det å stå i deltakarane sine prosessar. Når ein arbeidar med personar med rop-lidingar vert det ofte, i følge informantane, eit skritt fram og to tilbake. Det er då viktig for dei tilsette å vise deltakarane tolmod og at dei står i relasjonen på

tross av at prosessane tek lang tid. Eit sitat som stadfestar dette er. «*Det er viktig at me viser at me står i det.. at me ikkje gjev opp..*».

Ei anna handling, som er knytt til verdien toleranse, er dette med å ikkje dømme. Fleire av dei tilsette er av den oppfatninga at deltakarane innanfor Housing First programma, som har levd lenge med rusavhengnad, ofte har opplevd å verte dømd og stigmatisert av hjelpeapparatet og samfunnet elles. Det er naudsynt å kunna sjå personen bak rusen, og ikkje førehandsdøma vedkomande (Jenssen og Tronvoll, 2012). Dersom ein ikkje meistrar det, kan det få eit uheldig utfall for relasjonsskapinga mellom den tilsette og deltakaren i Housing First programma. Personar med Rop-lidingar er ofte synlege i gatebilete og dei får ofte mykje merksemd i media. Folk flest har ein meining om dei og det er mange som trur dei har løysninga på problemet (Fekjær, 2009). Stigmatisering er ei av dei vanskelegaste sidene ved rusavhengnad. Det inneber at personen har ein eigenskap eller eit kjenneteikn som gjer at ein skil seg ut frå mengda. Stigmatiserte tiltrekk seg oppmerksamheit, og får dei som møter personen, til å sjå vekk frå dei eigenskapane personen har. Dette kan vere grunna psykiske helsevanskar, fengselsopphald, rusmiddelbruk, homoseksualitet, arbeidsløyse, sjølvmoordsforsøk eller politisk ståstad. Å kjennes seg stigmatisert heng ofte saman med at ein kjenner seg dømt ut frå dei handlingane ein gjer, i staden for den personen ein er (Fekjær, 2009).

Ei av dei tilsette meina at deltakarane ofte har brukt opp hjelpeapparatet ved stadige tilbakefall, og at det difor er ekstra nyttig at dei tilsette ikkje dømmer deltakarane ut frå deira handlingar, men at dei viser dei eit ope sinn og at dei backar opp om dei uansett kva som skjer. På den eine sida må ein møte deltakarane med eit ope sinn og ei ikkje dømmande haldning. Samtidig kan det vere vanskeleg når ein gong på gong ser at deltakarane tek val som kan få negative konsekvensar for dei, i høve bustaden sin eller situasjonen sin. Fleire av informantane har opplevd at deltakarane har utarbeida seg ein plan og eit mål for tenestene, men så tek dei val som fører dei i feil retning og som kan få store konsekvensar for dei. Det kan då vere utfordrande å ikkje peike på det som kunne vore gjort annleis på ein ikkje-dømmande måte. Sjølv om det kan vere utfordrande å sjå at handlinga får negative konsekvensar, meina dei tilsette at det er naudsynt å vise toleranse og å vere ikkje-dømmande overfor deltakarane. Dersom ein ikkje får til dette kan det gå ut over relasjonen og samarbeidet med deltakaren. Å opptre ikkje dømmande overfor personar med Rop-lidingar er også i samsvar med regjeringa i si satsing. I St. meld 30 (2012) vert det påpeika at det må arbeidast for at menneske med rus- og psykiske helsevanskar skal verte møtt med likeverd og

respekt, og dei skal kjenne seg som ein del av samfunnet. Ei av dei tilsette meina det er eit privilegium å verte kjent med personane bak rusen/problemet. Ho seier blant anna: *«Eg føler meg privilegert som får bli kjent med personane bak rusen.. Det å bli kjent med personane, ikkje rusen/sjukdomen, og å komma nær dei og få lov å hjelpa dei i kvardagen, det syns eg er kjempespennande...»*.

Innanfor arbeidet med Housing First har eg knytt verdien likeverd til handlingane å involvere, gje tilbod om val og å medverke. Desse handlingane går inn i kvarandre. Dersom ein deltakar får medverke, inkludera det også tilbod om val og involvering. I følgje informantane min kan ein gje deltakarane ei kjensle av likeverd og respekt dersom ein klarar å få til ein dialog kor medverknad står sentralt. Det yrkesetiske grunnlagsdokumentet til FO framheva at ein som yrkesutøvar skal, gjennom dialog og tilrettelegging for medverknad, bidra til at den enkelte får leve i samsvar med sine eigne verdiar og ressursar (FO, 2015). I tillegg til at ein ettersteva medverknad innanfor ulike yrkesgrupper og innan Housing First programma, er medverknad er ein lovfesta rett som brukarar av tenester har, jamfør pasient- og brukarrettleikslova § 3–1. Det er dermed ikkje noko tenesteapparatet kan velje å forhalda seg til. Retten til å medverke inneber at deltakaren har rett til å medverke i val, utforming og bruken av tilbod, både ved planlegging og gjennomføring. Respekt for menneske sin sjølvråderett er bakgrunnen for medverknadsretten. Deltakarane har rett til å medverke, og tenesteapparatet har ei plikt til å involvere deltakaren i undersøkingar, behandling og val av tenestetilbod. Samtidig meina Helsedirektoratet (2016) at medverknad har ein eigenverdi, ein terapeutisk verdi og det er eit verkemiddel for å forbetre og kvalitetssikre tenestene. Medverknad er naudsynt i alle prosessar innanfor helse og omsorgsarbeidet, og då også innanfor Housing First programma (Det kongelege helse og omsorgdepartement 2011-2012). Ein skal legge til rette for medverknad og involvering så mykje som råd. I St. meldinga nr. 30 «Se meg» vert det hevda at alle menneske med rus- og psykiske helsevanskar skal verte møtt med likeverd og respekt. Hjelpa skal verte gitt utan at det vert stilt krav til rusfridom. Det er viktig at hjelpa skal vere tilpassa den enkelte sitt behov og at den enkelte skal delta i og medverke i utforminga av tenestene og slutningar som angår dei sjølv. Perspektivet om medverknad er basert på at dei som deltar i ein felles kontekst, gjennom dialog og samvær, kan dele oppfatningar frå ulike og felles livsverd (Høybråten Sigstad, 2004). Brukarmedverknad vil seia at deltakaren sjølv skal delta i planlegginga, gjennomføring og evaluering. Deltakaren skal sjølv kunna ha innflytelse i det som angår seg sjølv. På den måten vert målet at deltakaren skal bestemma dei måla ein ynskjer å setja seg (Jenssen & Tronvoll, 2012).

I følge dei tilsette er det viktig med eit tett samarbeid med deltakarane. Dersom ein får til eit tett samarbeid vil ein lettare nå måla deltakarane set seg. Fleire av informantane nemner det at ein ikkje må gå framføre deltakarane, ein må heile vegen jobba saman for å kunne nå det målet deltakaren set seg. Det kan vere fleire årsaker til at deltakarane ikkje får kome til i slutningsprosessen kring planane sine. Eit eksempel henta frå empirien min er at det kan vere eit stort sprik mellom det deltakaren ynskjer og det dei tilsette eller andre deler av hjelpeapparatet vil eller meina er oppnåeleg. Deltakarane kan vere i ein svært sårbar situasjon kor livet har vorte snudd opp ned, og dei trenger tid og oppmuntring. I følge dei tilsette kan det vere svært frustrerande for begge partar å oppleve sprik. Dei tilsette har eit stort omsorgshjarte og har veldig lyst til å hjelpe. Ein av informantane seier at det kan vere utfordrande når ein av og til tenkjer at ein som «ekspert» ser kva som må til. Ein har kanskje vore gjennom liknande situasjonar med deltakaren eller andre, og ein kan då tenkje at dersom deltakaren berre hadde gjort slik som ein føreslo, så hadde vedkommande lettare kome fram til målet sitt. Dei tilsette er seg medviten dette og har heile vegen med seg at det er deltakaren som er eksperten på sitt liv. I følge informantane er det viktig at ein set seg sjølv til sides, når ein kjem opp i slike situasjonar kor ein har lyst til å overta, og samhandlar med deltakaren om kva ein skal ha fokus på. Dette vert støtta opp om av sitatet: «*Det er viktig at me ikkje går inn i relasjonen som ekspert. Det er dei sjølve som er ekspert på eiga liv. Men eg deler gjerne av kunnskapen min om dei vil ha den og har brukt for den.*». Dersom ein ikkje samarbeida med deltakaren, men går framføre og «drar», kan det, i følge dei tilsette, svekka tilliten hjå deltakaren og han kan kjenna seg pressa til noko han ikkje er klar for. Dette har dei erfart at kan føre til unødig irritasjon og konflikhtar mellom deltakaren og dei tilsette.

Likeverd er ikkje berre knytt til relasjonen mellom deltakar og tilsette. Det er også knytt opp til relasjonen mellom kollegaer og samarbeidspartnarane. Fagpersonar som skal samarbeide, skal vise kvarandre respekt og likeverd. Dette er ein føresetnad når ein skal arbeide saman (Lingås, 2013). Det må vere ein symmetri i vurderinga av kvar enkelt fagperson si rolle og tyding. Dersom ein får ei asymmetri, kan det føre til at samarbeidsforholda vert øydelagt av til dømes hersketeknikkar, misunning og nedsetjande haldningar (Lingås, 2013). Hensikta med å arbeide tverrfagleg er at dei tilsette skal gjensidig utfylle kvarandre. Ein skal kome med forskjellige bidrag til ein større heilskap. Gode samarbeidsrelasjonar er prega av at alle bidrar med det dei kan, og at dei kan det dei skal bidra med (Lingås, 2013). I følge Pettersen & Runingen (2014) sin rapport vert samhandlinga vellykka når ein legg til rette koordinerte teneste i samtidighet og med tydelege rolleavklaringar. Samarbeidet er då prega av tett

dialog, gjensidig respekt, at ein er lydhøy, samt at ein har rask intervensjon. God kollegastøtte og godt samarbeid mellom kollega og andre fagpersonar er noko alle mine informantar hadde ei meining om. I følgje informantane er god kollegastøtte viktig for kvardagen, og gode samarbeidsrelasjonar er naudsynt for å kunne arbeide til det beste for deltakaren. Ein ynskjer å kunne tilby deltakarane skreddarsydde tenester og då krevst det at ein har gode samarbeidsrelasjonar til alle deler av hjelpeapparatet. Dersom dette ikkje fungerer kan det, i følgje mine informantar, verte ei utfordring både for deltakarane og for dei tilsette.

Å ta vare på verdigheita vert vist gjennom det å vere interessert i andre menneske og å gje omsorg/sørgje for andre menneske. Dersom dei tilsette meistrar dette, vert verdigheita til deltakarane ivaretatt, i følgje mine informantar. Mi erfaring er at det å ha interesse for andre menneske ofte er integrert i menneske som vel eit omsorgsyrke. Dei fleste tilsette i Housing First programma meina at dei er meir enn gjennomsnittet interessert i andre menneske og deira historie. Dette meina eg er eit godt utgangspunkt for å gje god omsorg. Utsegn som støtte dette er: «*Me som jobbar innanfor slike yrker er hjelpe menneske.. Me har eit genuint ynskje om å vere der for andre..*». Motivet for å bry seg om andre finn ein i gjensidigheitsprinsippet, som inneber i enkel forstand den gylne regel: «Du skal gjere mot andre som du vil andre skal gjere mot deg». Me brukar ofte denne når me føreheld oss til menneske med behov. Vår empati skaper evne til å handle etter dette prinsippet, og det fungera som ein grunn norm som motivera oss til solidaritet med andre som ikkje har det så godt (Lingås, 2013). Det å vere interessert i og å gje omsorg/sørgje for andre er handlingar eg har knytt opp til verdien verdigheit. Omsorg til vanskelegstilte krev meir enn faglege kunnskapar og fagleg motivasjon (Helsedirektoratet, 2012). Det er naudsynt med riktige haldningar, interesse og engasjement i den andre sin situasjon (Martinsen, 2003). Her må hjarta og hjartelaget fungere saman med hovudet og hendene. Oppigjennom tidene har ein lært at omsorg vert gjeve av personar med stor grad av nestekjærleik. Slike personar har ei forståing for pasienten sin situasjon og dei er ofte personar som viser flid, nøysemd, nøyaktigheit, innlevingsevne og lydnad (Martinsen, 2003). Dette samsvarar med det dei tilsette har gitt uttrykk for. Dei har ein indre motivasjon til å hjelpe andre og har ofte ei stor interesse for andre menneske og deira historie. Dette finne eg støtte for i utsegnet: «*Eg brenner for å arbeide med menneske som har desse utfordringane..*» og «*Eg føler meg privilegert som får bli kjent med personane bak rusen.. Det å bli kjent med personane, ikkje rusen/sjukdomen, og å koma nær dei og få lov å hjelpa dei i kvardagen, det syns eg er kjempespennande..*». Omsorgsarbeidet vert kjenneteikna av ei vilje til å hjelpe den andre til å

utvikle sine mogleikar (Alvsvåg et. al., 2014). Omsorg viser seg gjennom praktisk handling og må byggje på ei medviten haldningsmessig grunngeving (Mekki og Tollefsen, 2000). I likskap med Martinsen (2003) seier Mekki og Tollefsen (2000) noko om dette. Dei hevdar at grunnlaget for omsorga bør liggje i trongen til å ville hjelpe andre menneske. Dei tilsette snakkar også om at dei har eit sterkt ynskje om å hjelpe deltakarane til eit betre liv. Eit utsegn som stadfestar at dei tilsette har eit slikt ynskje er dette: «*Det ligg integrert i oss hjelparar at me ynskjer å hjelpa andre..*». Dersom ein får til ei å gje ei varm, respektfull og empatisk omsorg kan det vere med på å skape gode, sunne, positive og framover retta relasjonar mellom deltakarane og dei tilsette (Tsemberis, 2010). Skulle ein mislykkast i dette, vil det, i følge mine informantar, få konsekvensar for relasjonen og det vidare samarbeidet med deltakaren.

Godt profesjonelt arbeid for personar med Rop-lidingar krev godt kunnskapsnivå og spesielle ferdigheiter. I følge Helsedirektoratet (2012) er det viktigaste kanskje interesse og haldningar. Det handlar om respekt og empati, samt evna til å sjå verdigheit gjennom mykje elende og brotne avtalar. Som ein kan sjå overfor gjev dei ulike handlingane både mogleikar og hindringar for handlingsrommet. Desse hindringar kan vere knytt til kjenneteikn hjå deltakaren eller den tilsette eller det kan knytast til organisatoriske rammer (Pettersen & Rudingen, 2014). Det kan vere at deltakaren er påverka av rus eller at han ikkje ynskjer hjelp, den tilsette kan ha ein dårleg dag eller organisatoriske rammer kan gjere at ein ikkje har god nok tid til deltakaren. Dei ulike handlingane kan skape gode og framoverretta samarbeidsrelasjonar, eller dei kan være til hinder. Alt etter om ein meistrar å utføre handlingane på ein god og hensiktsmessig måte. Avslutningsvis vil eg få fram at dei verdiane og handlingane ein møter deltakarane med får innverknad på korleis relasjonen og samarbeidet med deltakaren vert. Det å gjere seg medviten på kva verdiar ein har og som ein arbeidar etter krevjar både personleg mot og vilje. Dersom ein får til å vise sine verdiar gjennom yrkesutøvinga vert ein oppfatta som ein truverdig person (Børslett et.al, 2011). Dette er noko dei tilsette innan Housing First programma er oppteken av, og ynskjer å få til.

5.5 Metoderefleksjon

Kvalitativ metode kan bidra til at subjektet får komme til ordet. Fordi alle menneske bidrar til den sosiale røynda bidrar dei også til å skape «sanningar». Gjennom ein open tilnærming lar ein alle sleppe til med sine stemmer utan føringar eller restriksjonar. Dette er metoden sin styrke, men det er også metoden sin svakheit. Det er vanskeleg å generalisere ein kvalitativ

undersøking, då utvalet er lite og difor ikkje representativt for andre enn dei involverte. Det tyder likevel ikkje at dei funna eg fann ikkje kan seie noko om ei røynd som kan verte delt av fleire enn dei 6 involverte informantane mine. Sidan det er lite forskning på tilsette i Housing First sitt verdigrunnlag, må det meir forskning på plass før ein kan starte med å generalisere funna i denne oppgåva.

Det er både styrke og svakheita ved å bruke kvalitative intervju som metode i denne oppgåva. Ein av styrkane ved er at eg oppnådde ei stor grad av nærleik til informantane mine. Eg hadde mogleiken til å stille spørsmål undervegs og utdjupe meiningar som hadde tyding for problemstillinga. Dette kan samtidig vere ein utfordring då datamaterialet kan verte for omfattande. Tolkinga av datamateriale kan også vere ei utfordring; Korleis kan ein bidra til at tolkinga av det som vert sagt av informantane vert mest mogleg samsvarande med det dei faktisk meiner? Informantane representera fyrst og fremst seg sjølv og sin eiga sosiale røynd. Denne røynda treng ikkje å vere samanfallande med andre si røynd og tolkinga av denne røynda skal skje gjennom ein tredjeperson, som i dette tilfelle er meg som forskar, si tolking. Svakheitane med å ha brukte denne metoden er at det har vore svært ressurskrevjande og tidkrevjande å gjennomføre intervju og å transkribere og analysere desse. Eg fekk inn mykje kompleks informasjon, som var vanskeleg å analysere, då det var både mykje og ustrukturert data. I tillegg er eg usikker på graden av generaliserbarheita med tanke på at det ikkje var så mange som vart intervjuet. Dette har eg tatt med i vurderinga under omarbeidinga av funna.

Nærleiken min til teamet kan i tillegg til å vere ein styrke, også vere ein svakheit. Eg arbeida sjølv innanfor eit Housing First program og har arbeida der parallelt med at oppgåva vart skriven. I tillegg har eg vore involvert i prosjektet til kring Housing First som vart leia av Høgskulen på Vestlandet, Stord, som denne studien skulle vere ein del av. Dette kan ha gjort til at eg kanskje ikkje har stilt kritiske nok spørsmål i undersøkinga og til datamaterialet. Det kan også ha gjort til at eg kanskje ikkje har fått den avstanden til studien som eg burde ha hatt. Avstanden kan ha blitt for kort, og det kan ha farga meg å vere ein del av prosjektet. Dersom andre, som ikkje arbeida så tett på temaet, hadde utført studien, kunne ein fått eit meir kritisk blick på studia/datamaterialet. På den andre sida gav nærleiken meg kanskje eit fortrinn, då informantane kunne ha tillit til meg. Eg har ein forståing av det som vert sagt, og kan relatere meg til det i og med at eg arbeidar innanfor same program. Eit anna utfordring i høve min nærleik til tema er at det kan tenkast at informantane meina at noko er så sjølv sagt at det ikkje kom opp i intervjuet. Det kan vere verdiar som dei meina er svært sentral, men at dei er så sjølv sagte at dei ikkje kom på å nemne det. Desse verdiane vil då vere tause for meg i

intervjusituasjonen. Eg håpar og trur at det ikkje er tilfelle, men det er noko eg har måtte ta med i vurderinga.

6.0 Avslutning

Hensikta med denne oppgåva har vore å få meir kunnskap om kva verdigrunnlag som er rådande hjå dei som arbeidar i eit Housing First program. Eg ville samtidig sjå om desse verdiane var i samsvar med det verdigrunnlaget som metoden fremja. I tillegg såg eg på kva utfordringar og etiske dilemma ein kan møte i Housing First arbeidet, samt korleis verdiane og handlingane kom til syne i handlingsrommet mellom deltakarane og dei tilsette innanfor Housing First programma.

Informantane har delt av sine tankar og erfaringar via eit semi-strukturert intervju. Ut frå analysen av datamaterialet kom det fram at verdiane respekt, toleranse, likeverd og verdigheit er rådande hjå dei som arbeidar i eit Housing First program. Desse verdiane er sentrale både innanfor Housing First metoden og innanfor omsorgsvitenskapen.

Den enkelte sitt etiske grunnlag er personleg, og det er vår rettesnor til korleis me føreheld oss til verdiane våre og til relasjonane me er i. Verdigrunnlaget vårt kan verte kalla våre «bør», og er eit avgjerande spørsmål korleis me i våre kvardagskulturar formulerer og skaper forpliktingar mot våre «burde».

For å kunne respektere og forstå den andre, utan å dømme, må ein som hjelpar har stor sjølvinnsikt. Det får ein ved å vere medviten sine eigne verdiar og haldningar. Vårt verdigrunnlag, saman med menneskesyn, etikk og haldningar, ligg til grunn for og styrer våre handlingar og vår praksis i møte med andre. Det er viktig at alle som arbeidar innanfor Housing First reflektera over eige menneskesyn, sine eigen haldningar og verdiar, og korleis desse kjem til uttrykk i møte med deltakarane og andre. Housing First programma sine tilsette sitt verdigrunnlaget er styrande for korleis ein møter deltakarane og det kan ha stor tyding for korleis samhandlinga med deltakarane vert. Verdigrunnlaget til Housing First metoden påverkar også dei krava som vert stilla til dei tilsette som skal arbeide innanfor dette.

Referanseliste

- Alvsvåg, H., Førland, O. & Jacobsen F. F. (red.) (2014). *Rom for omsorg*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Aadland, E. (1998). *Etikk for helse- og sosialarbeidarar*. Oslo: Samlaget
- Aakre, M. (2011). *Ja til verdighet*. [Internett], Oslo: Sykepleien.
Tilgjengeleg frå: <https://sykepleien.no/etikk/2011/02/ja-til-verdighet>
[Lest 09.01.17].
- Aakre, M. & Biong S. (2012). *Etiske utfordringer og etisk kompetanse – om makt, verdighet og dømmekraft i rusomsorgen*. I: Biong, S. & Ytrehus, S. (red.) *Helsehjelp til personer med rusproblemer*. Oslo: Akribe, s. 78-95
- Arbeidstilsynet (2009). *Vold og trusler i forbindelse med arbeidet. Forebygging, håndtering og oppfølging*. [Internett] Tilgjengeleg frå:
<http://www.arbeidstilsynet.no/binfil/download2.php?tid=103760> [Lest 20.03.17]
- Arman M. & Rehnsfeldt, A. (2006): *Vårdande som lindrar lidande*. Stockholm: Liber.
- Berg, B.L. (2009). *Qualitative research methods for the social sciences*. [Internett]
Tilgjengeleg frå:
<http://www.sfu.ca/~palys/Berg-2009-DramaturgicalViewOfInterviewing.pdf>
[Lest 03.05.17]
- Biong, S. & Ytrehus, S. (red.) (2012). *Helsehjelp til personer med rusproblemer*. Oslo: Akribe.
- Bjørklund, R. A. (1997). *Politipsykologi*. Oslo: Vett og viten forlag ka
- Brønstad, A., Paulsen, T. M. & Hårberg, G. B. (2010). *Omsorg og service* [Internett], Edla.
Tilgjengeleg frå: <http://ndla.no/nb/node/3743?fag=8> [Lest 09.01.17]
- Busch, T. (2013). *Akademisk skriving – for bachelor- og masterstudenter*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Børslett, E. J. A., Heilmann, G., Lillemoen, L & Pedersen, R. (2011). *La etikken blomstre i praksis*. Oslo: BK trykk.

Bø, A. K. (1996). *Omsorgens ansikt. Om metode og kunst i psykiatrisk sykepleie*. Oslo: Universitetsforlaget.

Dahl, Ø. & Sandnes, S. (2011). *Respekt og toleranse*. [Internett], Edla.

Tilgjengeleg frå : <http://ndla.no/nb/node/82871?fag=2603> [Lest 07.12.16]

Dahlberg, K. & Segesten, K. (2010): *Helsa og vårdande. I teroi og praksis*. Stockholm: Natur & kultur.

Dalland, O. (2012). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal akademisk forlag.

Eide, H. & Eide, T. (2008). *Kommunikasjon i relasjoner, samhandling, konfliktløsning, etikk*. Oslo: Gyldendal Akademiske.

Eide, S. B. & Skorstad, B. (2013). *Etikk- til refleksjon og handling i sosialt arbeid*. Oslo: Gyldendal Akademisk.

Eriksson, K. (2012). *Att identifiera och bestamma begrepp inom vårdvetenskap som disciplin*. I: Gustin, L. W. & Bergbom, I. (2012): *Vårdvetenskapliga begrepp i teori och praktikk*. Pozkal: Studentlitteratur. Kapittel, 31-46.

Eriksson, K. & Lindström, U. Å. (red) (2003). *Gryning ll. Klinisk Vårdvetenskap*. Vasa: Åbo Akademi

Fekjær, H. O. (2009). *Rus: bruk, motiver, skader, behandling, forebygging, historie*. Oslo: Gyldendal Akademisk

Fellesorganisasjonen (FO). (2015). *Yrkesetisk grunnlagsdokument for barnevernspedagogar, sosionomar, vernepleiarar og velferdsvitarar*. Oslo: Fellesorganisasjonen (FO).

Fjelland, R. & Gjengedal, E. (1995). *Vitenskap på egne prinsipper*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.

Fuglseth, K., & Skogen, K. (2006). *Masteroppgaven i pedagogikk og spesialpedagogikk*. Oslo: Cappelen akademisk.

Gadamer, H.G (2003). *Forståelsens Filosofi-Utvalgte Hermeneutiske Skrifter*. Oslo: Cappelens

Grue, J. (2017). *Etos*. I Store norske leksikon. Tilgjengeleg frå <https://snl.no/etos>. [Lest 20.04.17]

Gilje, N. & Grimen, H. (1995). *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger : innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi*. Oslo: Universitetsforlaget.

Global dignity (2011). *Verdighetsprinsippene*. [Internett] Tilgjengeleg frå:

<http://www.globaldignity.no/wp-content/uploads/2014/04/Verdighetsprinsippene-2015.pdf> [Lest 20.04.17]

Goffman, E. (2009). *Stigma*. Frederiksberg: Samfundslitteratur

Gustin, L. W. & Bergbom, I. (2012): *Vårdvetenskapliga begrepp i teori och praktik*. Pozkal: Studentlitteratur.

Halvorsen , K. (2016). *Forskningsetiske utfordringer ved kvalitative studier*. [Internett]

Tilgjengeleg frå: <https://sykepleien.no/forskning/2016/04/forskningsetiske-utfordringer-ved-kvalitative-studier> [Lest 20.04.17]

Helsedirektoratet (2012). *Nasjonal faglig retningslinje for utredning, behandling og oppfølging av personer med samtidig ruslidelse og psykisk lidelse – ROP lidelser*. IRIS 2012/316.

Helsedirektoratet (2016). *Brukermedvirkning*. [Internett] Tilgjengeleg frå:

<https://helsedirektoratet.no/folkehelse/psykisk-helse-og-rus/brukermedvirkning>
[Lest 12.12.16]

Helsdirektoratet (2017). *Veileder om tvangstiltak overfor personer med rusmiddelproblemer etter helse- og omsorgstjenesteloven kapittel 10*. Veileder IS-2355. Tilgjengeleg frå:

<https://helsedirektoratet.no/Lists/Publikasjoner/Attachments/1264/Veileder%20om%20Otvangstiltak%20overfor%20personer%20med%20rusmiddelproblemer.%20Februar%202017.pdf> (Lest 03.05.17).

Helse og omsorgstjenesteloven. Lov av 26. juni 2011. Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m [Internett] Tilgjengeleg frå:

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2011-06-24-30/KAPITTEL_7#§7-3 [Lest 03.05.17]

Helse- og omsorgsdepartementet (2016). *Opptrappingsplan for rusfeltet (2016-2020) Prop. 15 S (2015–2016)*. [Internett] Tilgjengeleg frå:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-15-s0152016/id2460953/sec1>
[Lest: 20.02.16]

Helsepersonell lova (Hpl). Lov av 02. juli 1999. [Internett] Tilgjengeleg frå:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-64?q=helsepersonell> [Lest 03.05.17]

Henwood, B., Shinn, M., Tsemberis, S& Padgett, D. (2013). *Examining provider perspectives within Housing First and traditional programs*. [Internett] Tilgjengeleg frå:

<https://www.ncbi.nlm.nih.gov/pmc/articles/PMC3956654/> [Lest 20.04.17]

Horvat, A.O (2006). *The alliance in context:Accomplishments, challenges and future directions*. [Internett] Tilgjengeleg frå:

<http://psycnet.apa.org.proxy.helsebiblioteket.no/journals/pst/43/3/258.pdf>

[Lest 20.03.17]

Husbanken (2012). *Housing First – muligheter og hindringer for implementering i Norge*. (Rapport) Oslo: Rambøll

Husbanken (2013). *Housing First- introduksjon*. [Internett] Tilgjengeleg frå:

http://biblioteket.husbanken.no/arkiv/dok/HB/Housing%20first_intro_2013rev.pdf

[Lest 20.03.17]

Husbanken (2016). *Housing First- Metodehandbok*. [Internett] Tilgjengeleg frå:

[file:///C:/Users/hjemepc/Downloads/Helse_Vest_Metodebok_digital%20\(3\).pdf](file:///C:/Users/hjemepc/Downloads/Helse_Vest_Metodebok_digital%20(3).pdf)

[Lest 20.03.17]

Høybråten Sigstad, H. M. (2004). *Brukermedvirkning. Alibi eller realitet?*

I: Tidsskrift Norsk Legeforening 2004; 124:63 – 4.

Jensen, A. G. & Tronvoll, I. M. (red.): *Brukermedvirkning. Likeverd og anerkjennelse*.

Oslo: Universitetsforlaget.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2014). *Bolig for velferd. Nasjonal strategi for boligsosialt arbeid (2014–2020)* Oslo: Grøset Trykk

Lancione, M. (2017). *Housing First Lancione*. [Internett] Tilgjengeleg frå:

http://www.michelelancione.eu/wp-content/uploads/downloads/2017/03/Housing-First_Lancione.pdf [Lest: 27.03.17]

Lindseth A. & Norberg A. (2004). *A phenomenological hermeneutical method for researching lived experience*. *Scandinavian Journal of Caring Sciences*, 18(2), 145-153.

Lingås, L.G (2013). *Ansvar for likeverd*. Oslo: Gyldendal akademisk.

Ly, A.& Latimer, E. (2015). *Housing First Impact on Costs and Associated Cost Offsets: A Review of the Literature*. [Internett] Tilgjengeleg frå:

<https://www.ncbi.nlm.nih.gov/pmc/articles/PMC4679128/> [Lest 22.05.16]

Løgstrup, K.E. (2010) *Den etiske fordring*. Århus: Forlaget KLIM.

Malterud, K. (2011). *Kvalitative metoder i medisinsk forskning- en innføring*. Oslo: Universitetsforlaget.

Martinsen, K. (2012). *Løgstrup og sykepleien*. Oslo: Akribe.

Martinsen, K. (2003). *Omsorg, sykepleie og medisin: historisk-filosofiske essays*. Oslo: Universitetsforlag.

Mekki, T. E. & Tollefsen, S. (2000). *På terskelen*. Oslo: Akribe

Melding til Stortinget 17 (2012 – 2013) *Bygge – bu leve*. Ein bustadspolitikk for den einskilde, samfunnet og framtidige generasjonar.

Mental Health Commission of Canada (2014). *National at home/Chez soi final report*.

Tilgjengeleg frå:

http://www.mentalhealthcommission.ca/sites/default/files/mhcc_at_home_report_national_cross-site_eng_2_0.pdf [Lest 20.04.17]

Nilsson, B. (2007). *Gadamers hermeneutikk*. [Internett] Tilgjengeleg frå

<https://sykepleien.no/forskning/2009/03/gadamers-hermeneutikk> [Lest 10.09.16]

NOU 2011:15 (2011). *Rom for alle*. Oslo: Departementenes servicesenter.

Pasient- og brukerrettighetsloven (pbrl). Lov av 02. juli 1999. [Internett] Tilgjengeleg frå:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1999-07-02-63?q=pasient%20brukerrettighetsloven>

Pettersen, K.S. & Rudningen, G. (2014). *Samspill eller svarteperspill? En studie av ansvarsfordeling og gråsoner mellom commune og spesilaisthelsetjenesten for mennesker med Rop-lidelser med voldsproblematikk* .(AFI-rapport 10/2014). Oslo: Arbeidsforskningsinstituttet (AFI)

Røkenes, O-H.& Hanssen, P-H.(2012). *Bære eller briste, Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker*. Bergen: Fagbokforlaget.

Schiefloe, P. (2006). *Mennesker og samfunn*. Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke.

- Slade, M. (2015). *100 råd som fremme recovery- en veileder for psykisk helsepersonell*. Oversatt av Wormedal, I & Ødegaard, L. B. Torndheim: Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid (NAPHA)
- Snertingdal, M. (2014). *Housing First I Noreg- en kartlegging*. Oslo: Fafo.
- Stefancic, A, Henwood, B., Melton, H., Shin, SM, Lawrence-Gomez, R., & Tsemberis, S. (2013). *Implementing Housing First in Rural Areas: Pathways Vermont*. [Internett] Tilgjengeleg frå: <https://www.ncbi.nlm.nih.gov/pmc/articles/PMC3969120/> [Lest 20.04.17]
- St. meld nr. 30 (2011-2012). *Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk -alcohol- narkotika-doping*. Oslo: Det kongelige helse og omsorgsdepartement.
- St.meld nr. 47 (2008-2009) *Samhandlingsreformen. Rett behandling – på rett sted -til rett tid*. Oslo: Det kongelige helse og omsorgsdepartement.
- Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse : en innføring i kvalitativ metode*. Oslo: Fagbokforlaget.
- Thomassen, M. (2006). *Vitenskap, kunnskap og praksis – innføring i vitenskapsfilosofi for helse- og sosialfag*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Tsemberis, S. (2010). *Housing First. The Pathway Model to end Homelessness for people with Mental Illness and Addiction*. Minnesota: Hazelden.
- Tsemberis, S., Gulcur, L. & Nakae, M. (2004) *Housing First, Consumer Choice, and Harm Reduction for Homeless Individuals With a Dual Diagnosis*. [Internett] Tilgjengeleg frå: <https://www.ncbi.nlm.nih.gov/pmc/articles/PMC1448313/> [Lest 20.04.17]
- Tsemberis, S.J., Moran, L., Shinn, M., Asmussen, S.M. & Shern, D.L. (2003). *Consumer preference programs for individuals who are homeless and have psychiatric I disabilities: A drop-in center and a supported housing program*. *American Journal of Community Psychology*. 32 (3-4) 305–317.
- Ulfrstad, L. M. (2011). *Velferd og bolig*. Oslo: Kommuneforlaget

Vetlesen, A. J. (2011). *Arendts analyse av 'det sosiale' - et egnet utgangspunkt for samfunnskritikk i dag?*, I: Auestad, L. & Mahrtdt, H. (red.). Handling, frihet, humanitet. Møter med Hannah Arendt. Trondheim: Tapir Akademisk Forlag. Kapittel, 95-108

Wiklund, L. (2011). *Vårdvetenskap i klinisk praksis*. Finland: Natur og kultur.

Yanos, P., Barrow, S. & Tsemberis, S. (2004). Community Integration in the Early Phase of Housing Among Homeless Persons Diagnosed with Severe Mental Illness: Successes and Challenges. [Internett] Tilgjengeleg frå:

[file:///C:/Users/hjemepc/Downloads/Pathways_IntegrationYanos%20\(1\).pdf](file:///C:/Users/hjemepc/Downloads/Pathways_IntegrationYanos%20(1).pdf) [Lest 20.04.17]

Vedlegg

Informasjonsskriv

Førespurnad om deltaking i ei intervjuundersøking.

Dette er ein førespurnad om deltaking til mi masteroppgåve i Klinisk helse og omsorgsvitenskap ved Høgskulen Stord/Haugesund.

Tema for mi masteroppgåve er Housing First. Eg er interessert i å finne ut kva verdigrunnlag (ethos) som er rådande hjå dei som arbeider med Housing First (HF) og korleis dei tilsette opplev Housing First arbeidet.

I samband med dette ynskjer eg kontakt med tilsette i Housing First program. Eg vil foreta eit intervju som vil vara ca ein time. Intervjua vert gjort på nøytrale stadar som me vert einige om.

Forskar er underlagt teieplikt og datamaterialet vert behandla konfidensielt.

Det er frivillig å delta, og deltakaren kan trekkje seg undervegs om det skulle være ynskjeleg. Vidare står deltakaren fritt til å unnlata å svare på spørsmål om det er ynskeleg. Eg vil ta opp intervjuet på digital lydfil, og alt av informasjon vil bli anonymisert i all rapportering frå studien, slik at alle opplysningar som blir brukt i oppgåva ikkje skal kunne identifiserast med deltakarane.

Opplysningane som blir tatt opp på lydfil, blir transkribert og sletta etter at det er skrevet ut. Seinast ved prosjektslutt i 2017 vil datamaterialet være anonymisert.

Før eg kan gå i gang med intervjua, må eg innhente samtykke frå deltakarane. Eg ber difor om at de fyller ut samtykkeerklæringa, og returnerar den til underteikna. Eg vil ta kontakt og avtale tid/stad for intervju så snart eg har mottatt samtykkeerklæringa frå alle deltakarane.

Dersom du har spørsmål til undersøkinga kan du kontakta meg på telefon: 45 04 31 57 eller e-post: bodil.nesboe@stord.kommune.no

Du kan også kontakte min rettleiar Christine Øye ved HSH på telefon: 53 49 14 86

Mvh

Bodil Nesbø

Samtykkeerklæring

Samtykkeerklæring (sett kryss)

- Eg har mottatt informasjon om undersøkinga
- Eg har gjort meg kjend med innhaldet i informasjonsskrivet, og er informert om at deltakinga er frivillig.
- Eg har gjort meg kjend med at det er mogleg å trekkje seg frå undersøkinga og at det er rom for å unnlate å svare på spørsmål om eg ynskjer det.
- Eg er kjend med at intervjuet blir tatt opp på digital lydfil, og seinare sletta frå dette.
- Eg samtykkjer til å vere med i undersøkinga, og til at mine opplysningar vert brukt i prosjektet.
- Eg ynskjer ikkje å vere med i undersøkinga.

Dato.....

Underskrift.....

Intervjuguide

Fyll ut:

1. Kjønn

Kvinne Mann

2. Aldersgruppe:

24år og yngre 25-49 år 50-66 år 67år og eldre

3. Bakgrunn (utdanning, bakgrunn for val av utdanning, erfaring):

4. Kor lenge har du vert tilsett i HF team?

5. Har du arbeida med liknande tiltak/med same brukargruppe før du blei tilsette i HF (tidlegare arbeidserfaring- lengde på arbeid innanfor ROP-brukargruppa)?

6. Kvifor har du valt å arbeide i HF? Kvifor arbeider du i HF ? Kva gjer at du ynskjer å jobbe med det du gjer?

7. Beskriv «ein vanleg dag på jobben»?

8. Kva er viktig for deg i HF arbeidet?

9. Kva meiner du er HF viktigaste oppgåve?

10. Kva er bra med HF?

11. Kva er vanskeleg med HF?
12. Dersom det har vore ein vanskeleg arbeidsdag, kva har då skjedd?
13. Dersom det har vore ein god arbeidsdag, kva har då skjedd?
14. Kva er det som driv deg i arbeidet?
15. Kva utfordringar opplev du i arbeidet?

Godkjenning frå NSD

Christine Øye

The logo for NSD (Norsk Senter for Data) consists of the letters 'NSD' in a bold, red, sans-serif font. The letters are slightly stylized, with the 'N' and 'S' having a modern, geometric feel.

Avdeling for helsefag Høgskolen Stord/Haugesund

Postboks 1064

5407 STORD

Vår dato: 16.06.2016

Vår ref: 48927 / 3 / AGH

Deres dato:

Deres ref:

TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 14.06.2016. Meldingen gjelder prosjektet:

48927 Kva verdigrunnlag er rådande hjå dei som arbeider med Housing First (HF)

og korleis erfarer dei tilsette HF arbeidet?

Behandlingsansvarlig Høgskolen Stord/Haugesund, ved institusjonens øverste leder

Daglig ansvarlig Christine Øye

Student Bodil Nesbø

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstillende kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering.

Endringsmeldinger gis via et eget skjema,

<http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database,
<http://pvo.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 01.06.2017, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Kjersti Haugstvedt

Agnete Hessevik

Kontaktperson: Agnete Hessevik tlf: 55 58 27 97

Vedlegg: Prosjektvurdering

Kopi: Bodil Nesbø bodilnesbo@hotmail.com

Analysetrådar

Verdiar	Handling(sub-tema)	Meiningseining
Respekt	- Å lytte	<p>- Det er viktig at ein ikkje gjere ting for dei, men gjere ting med dei...</p> <p>- Me må møte brukarane der dei er...</p> <p>- Me må gå ved sida av og gje støtte, ikkje gå framfor å dra..</p> <p>- Kvar menneske er unikt. Det er viktig at me ser den me skal hjelp og at hjelpa er tilpassa den enkelte...</p> <p>- Ein må gjere det beste av situasjonen og gje hjelpa ut i frå kvar vedkomande er i livet..</p> <p>- Det er heile tida viktig at me jobbar ut frå brukaren sine ynskjer og behov.</p> <p>- Det er viktig at me spør brukaren; Kva er det DU treng for å få til dette? Kva kan hjelpe akkurat DEG?</p>
	- Å vise tolmod	<p>- Det er viktig at me viser at me står i det.. at me ikkje gjev opp..</p> <p>- Me må ofte ta det steg for steg.. Ting kan ta tid..</p> <p>- Det er viktig å vise at me er der, sjølv om ting kanskje ikkje går så bra..</p> <p>- Me er ei teneste som ikkje gjev opp.. Me står i ting og er der for dei..</p> <p>- Det å vise at me er tilgjengelege og at me står i ting over tid meina eg er viktig...</p>
Toleranse	- Å ha ei ikkje- dømmande haldning	<p>- Dei ser at me ikkje hevar oss over dei..</p> <p>-Me godtar dei for dei dei er. Dei veit at me ikkje dømmer dei...</p>

		<ul style="list-style-type: none"> - Me møter dei der dei er... i den situasjonen dei er.. - Gje dei eit verdig liv der dei er i dag.. - Me respektera at dei lever andre liv enn oss og gjev dei hjelp på deira premiss.. - Det er viktig at dei ser at me er likeverdige.. - Vår hovudjobb er å sjå dei der dei er og å prøve å vere ein støttespelar for dei.. - Me må vise at me står i ting og gje dei den same rausheita og respekten i høve dei vala dei tar. Sjølv om me kanskje er ueinige i vala.
Likeverd	- Å involvere	<ul style="list-style-type: none"> - Det er kjempe viktig at brukaren er med på lag. Viss ikkje kjem ein ingen vei.. - Det handlar jo ikkje om kva me vil, men om kva dei ynskjer... - Me er opptatt av brukarane og at dei skal delta.. Det er tross alt deira liv.. Dei har ansvar for sitt eige liv og si eiga helse.. - Alle har noko dei kan ta tak i og jobba utifrå det.. - Det er veldig mykje opp til kva brukaren ynskjer.. - Det er viktig å ta dei med.. Dei har ansvar for sitt eige liv og si eiga helse..
	- Å gje tilbod om val	<ul style="list-style-type: none"> - Me spør dei kva dei ynskjer hjelp til, heller enn å komma med tilbod.. - Mange av våre meistra ikkje livet, difor må me hjelp dei med å tilretteleggje.. - Viktig å vise at me er der, men at det er opp til dei.. - Det er viktig å halde høgt at det er brukaren som skal ta vala og

		<p>ikkje me, men me må vise dei at me støttar dei uansett kva val dei tar.</p> <p>- Det er heile vegen viktig at brukaren har regien.. Det er tross alt deira liv. Om me tar val for dei, kjem me ofte opp i konflikhtar..</p> <p>- Me skal vere samarbeidspartnarane deira, og ikkje ein som lovar at slik og slik skal det bli..</p>
	- Å medverke	<p>- Me må vere bevisste at me skal vere deira samarbeidspartner og at me skal jobbe saman med dei.</p> <p>- Det er viktig å ivareta den andre og deira ynskjer og behov.</p> <p>- Det er viktig at me ikkje går inn i relasjonen som ekspert. Det er dei sjølve som er ekspert på eiga liv. Men eg kan dele av kunnskapen min om dei vil ha den og har brukt for den.</p> <p>- Me må heile tida spørje oss kva det er dei ynskjer og har behov for. Då får me ein heilt anna dialog..</p> <p>- Me er med på å hjelpe til med gode prosessar.. Men det er viktig at det er på brukaren sine premiss.</p>
Verdigheit	- Å ha interesse for andre menneske.	<p>- Eg har alltid hatt ein interesse for å arbeide med menneske..</p> <p>- Eg har alltid visst at eg skulle jobbe med menneske...</p> <p>- Eg skulle vere der for andre...</p> <p>- Eg brenner for å arbeide med menneske som har desse utfordringane..</p> <p>- Eg kjem stadig tilbake til at det er i dette feltet eg høyrer heime..</p> <p>- Eg hadde eit ynskje om å jobba med menneska sine mogleikar.</p> <p>-Eg føler meg privilegert som får bli kjent med personane bak rusen.. Det å bli kjent med personane, ikkje rusen/sjukdomen,</p>

		<p>og å komma nær dei og få lov å hjelpa dei i kvardagen, det syns eg er kjempespennande.</p> <p>- Å arbeide med brukarstyring og val, det å sjå ressursar, passa godt til mine haldninga.. Sjølv om ein kan ha store utfordringar så kan en ta ansvar for eige liv.</p>
	<p>- Å gje omsorg/sørgje for andre</p>	<p>- Me som jobbar innanfor slike yrker er hjelpe menneske.. Me har eit genuint ynskje om å vere der for andre..</p> <p>- Det ligg integrert i oss hjelparar at me ynskjer å hjelpa andre..</p> <p>- Når det vert snakka om rus/psykiatri vert eg ekstra engasjert.</p> <p>-Eg kjenner at eg brenn for akkurat denne brukargruppa..</p> <p>- Eg ynskjer å vere tilgjengelege og skape en betre kvardag for dei me er der for.</p>